


Masteroppgåve i Public Administration (dybde)

våren 2015

## Næringsutvikling i regionen Nordhordland

- Kva er det kommunale næringsutviklingsarbeidet og kva slags rollar har kommunane?



Cecilie Haugvik

Kandidatnummer 300

# Forord

Denne studien er gjennomført som ei avsluttande oppgåve i masterstudiet (dybde) Public Administration ved Høgskulen i Lillehammer. Det har vore ein lang og krevjande prosess omkring arbeidet, samtidig som eg syntest at det har vore svært lærerikt og interessant. Eg har hatt god kjennskap til kommunane frå før, men har no lært mykje meir, både i forhold til oppgåvas tema og i forhold til arbeidet som legg til grunn for å skrive ei slik oppgåve. Det har gått mykje opp og ned i oppgåveprosessen, men er fornøyd med korleis det har føregått.

For å kunne gjennomføre denne oppgåva var eg avhengig av å få intervju og snakke med personar som har ansvaret for næringsutviklinga/kontakt med næringslivet i kommunane. Eg vil rette ei stor takk til alle informantane som tok seg tid til å stille opp på intervjuet. Denne oppgåva ville ikkje blitt noko av utan deira informasjon.

Eg vil også rette ein stor takk til min veileiar gjennom denne prosessen, Håvard Teigen. Han har stilt opp med mange gode råd og innspel gjennom heile perioden, noko som har vore til stor hjelp for meg.

Eg vil også rette ein stor takk til Jens Kristian Fosse, som har gjeve mykje av si tid og stilt opp med råd omkring aktuelle tema for Nordhordlandsregionen.

Til slutt vil eg takke min familie og mine venner for den støtte og oppmuntring eg har fått gjennom alle mine opp og nedturar, særleg nedturane. Det har ikkje alltid vore like lett men deke har støtta meg heile vegen. Eg vil rette min siste takk til mi nydelege dotter Luna som fylde 4 år i sluttprosessen av oppgåva mi. Du har vore ein stor del av min motivasjon i oppgåveprosessen.

Nappane, 10.01.2015.

Cecilie Haugvik

# Samandrag

Formålet med denne oppgåva har vore å sjå på næringsutviklinga i regionen Nordhordland. Kva som er det kommunale næringsutviklingsarbeidet og kva slags roller kommunane har. Med utgangspunkt i utvalde kommunar i Nordhordlandsregionen har studien fokusert på korleis dei arbeider med næringsutvikling og kva for roller dei har.

Regionens kjenneteikn omfattar styrker og svakheiter ved næringsutviklinga i kommunane i Nordhordland. Det vises ved tal frå Statistisk Sentralbyrå.

Teorigrunnlaget for oppgåva er litteratur omkring næringsutvikling. Det er delt opp i tre delar. Første del handlar om næringsutviklingsarbeid og omfattar kommunanes arbeid med ressursutnytting, fremming av entreprenørskap og organisering rundt utviklingsarbeidet. Andre del handlar om kommunanes roller og omfattar kommunale roller i eit institusjonelt perspektiv, utviklarrollar innanfor kyst og havbruk og om kommunar har ei minimalistisk eller ei offensiv utviklarrolle.

Den tredje og siste del i teorien handlar om kommunalt og interkommunalt samarbeid samt klynger og nettverk innanfor næringsutvikling.

Problemstillinga har blitt svart på gjennom ein kvalitativ studie der det blei gjennomført intervju med konkrete representantar for kommunens arbeid omkring næringsutvikling.

Datamaterialet frå studien blei analysert og funna er presentert ut i frå næringsutviklingsarbeidet i kvar kommune og ulike rollar som kommunane har omkring det.

Resultata frå studien viste at det er stort fokus omkring næringsutviklingsarbeid i alle kommunane og at dei arbeider ut ifrå kva slags ressursar dei har. Hovudfokuset i næringsutviklingsarbeidet er tilrettelegging av næringsareal og fremming av entreprenørskap. Den viktigaste rolla til kommunane er rolla som tenesteleverandør, elles var rolla som tilretteleggar den viktigaste omkring næringsutviklingsarbeidet. Man kunne og sjå at kommunane har meir eller mindre offensive utviklarroller.

Elles kunne man sjå i studien at kommunalt og interkommunalt samarbeid kan styrke næringsutviklingsarbeidet i regionen og at framtida har tre alternativ for kommunane i Nordhordlandsregionen. Dette er å halde fram med interkommunale samarbeid eller samanslåing av alle eller nokre kommunar i regionen.

# Abstract

The purpose of this study has been to look at business development in the region Nordhordland. What is the municipal business development work and what kind of roles does municipalities have. With chosen municipalities in the Nordhordland region, the study focused on how they work with business development and what kind of roles they have.

The regions characteristics is about the strength and weakness in business development in municipalities in Nordhordland. It appears by numbers from Statistisk Sentralbyrå.

The theory basis for this study is literature about business development. It is divided into three parts. The first part is all about business development work and include the municipalities work with use of resources, promotion of entrepreneurship and organization around the work with development. The second part is all about the roles of municipalities and include municipal roles in an institutional perspective, roles within the coast and fishfarm and whether municipalities have a minimalistic or an offensive developer role. The third and final part of the theory is all about municipal and inter-municipal cooperation and clusters and networks within the business development.

This research was answered through a qualitative study with interviews of specific representatives of the municipal work around business development.

The data from the study was analyzed and the findings were presented out from the business development work in each municipality and various roles that the municipalities have.

The results from the study showed that there is a strong focus around business development work in all municipalities and that they are working with what kind of resources they have. The main focus of the business development work is the facilitator of commercial space and the promotion of entrepreneurship. The most important role of the municipalities is the role as the hosting provider, except for that, the role as facilitator was the most important one when it comes to business development. You could also see that municipalities has more or less offensive developer roles.

Other than that, one could see in the study that municipal and inter-municipal cooperation can strengthen business development in the region and that the future has three options for municipalities in the Nordhordland region. That is to carry on with inter-municipal cooperation or a merger of all or some municipalities in the region.

# Innholdsforteinging

<b>1.0 Innleing</b>	<b>s.1</b>
1.1 Tema.....	s.1
1.2 Val av problemstilling.....	s.2
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	s.3
<b>2.0 Presentasjon av regionen Nordhordland</b>	<b>s.4</b>
2.1 Om regionen og kommunane generelt.....	s.4
2.2 Næringsutvikling i kommunane i Nordhordland.....	s.7
<b>3.0 Eksisterande forskning om Nordhordlandsregionen</b>	<b>s.10</b>
3.1 Moglegheitsanalyse.....	s.10
3.2 Moglege alternativ til kommunestruktur i Nordhordland, utført av Telemarksforsking.....	s.11
<b>4.0 Teori</b>	<b>s.14</b>
4.1 Korleis arbeider kommunane?.....	s.14
4.1.1 <i>Næringar og regional utvikling</i> .....	s.14
4.1.2 <i>Innovative regionar</i> .....	s.17
4.1.3 <i>Lokal næringsutvikling og entreprenørskap</i> .....	s.19
4.2 Kva kan kommunanes rollar vera?.....	s.21
4.2.1 <i>Det institusjonelle perspektiv</i> .....	s.21
4.2.2 <i>Kommunen som utviklar</i> .....	s.29
4.2.3 <i>Kommunen som utviklingsaktør i kystsona</i> .....	s.33
4.3 Korleis kan samarbeidet utviklast?.....	s.35
4.3.1 <i>Interkommunalt næringsamarbeid</i> .....	s.35
4.3.2 <i>Klynger og nettverk</i> .....	s.35
<b>5.0 Metode</b>	<b>s.39</b>
5.1 Val av metode.....	s.39
5.2 Datainnsamling og utval av informantar.....	s.39
5.3 Intervju.....	s.40
5.4 Metodisk refleksjon.....	s.41
<b>6.0 Presentasjon av data</b>	<b>s.42</b>
6.1 Lindås og Austrheim.....	s.42
6.2 Radøy.....	s.55
6.3 Meland.....	s.59

6.4 Gulen og Masfjorden.....	s.63
<b>7.0 Analyse</b> _____	<b>s.69</b>
7.1 Korleis arbeider kommunane?.....	s.69
7.2 Kva kan kommunanes rollar vera?.....	s.75
7.3 Korleis kan samarbeidet utviklast?.....	s.77
<b>8.0 Konklusjon</b> _____	<b>s.82</b>
<b>9.0 Litteraturliste</b> _____	<b>s.84</b>

Vedlegg:

- 1. Intervjuguiden**
- 2. Tabellar og diagram til kapittelet om Regionen Nordhordland: Presentasjon av regionen.**

# 1.0 Innleiing

## 1.1. Tema

### *Korleis arbeider kommunane?*

Kommunanes engasjement i arbeidet med nyskaping og utvikling har variert gjennom tida. I forhold til 1995 vurderer kommunane i dag seg sjølv som viktigaste utviklingsaktør i innovasjonsarbeidet, og kommunane skiljar i dag mindre mellom primær, sekundær og tertiærnæringar i deira næringsengasjement (Teigen & Lien 2012). Frå 1995 til 2010 vart det auka interesse for å utvikle primærnæringane. Medan lokal ressursutvikling var viktigast i 1995, legg ein i 2010 meir lik vekt på strategiane lokal ressursutvikling og det å tiltrekke seg bedrifter og ikkje minst innbyggjarar ved å gjera det attraktivt å bu i kommunen (Teigen & Lien 2012).

Entreprenøren kan vera ein sentral rolle i regionsutviklinga og innovasjonsprosessen, som på eigenhand eller i samarbeid med andre set i gong noko nytt (Fagerberg, 2009). Slik sett kan kommunens arbeid og engasjement innan fremming av entreprenørskap i kommunen vere viktig for næringsutviklinga, og korleis dei går fram. For at kommunen skal styrke den lokale næringsutviklinga bør entreprenørskap bli eit satsingsområde i skulane (Karlsen, 2003). I kor stor grad og korleis dei gjer dette er ulikt for kvar kommune.

### *Kva sags rollar har kommunane?*

Utvikling av næringar og arbeidsplassar er ei av rollane kommunane har som samfunnsutviklar. Kommunen har ansvaret for å disponere sine eigne areal og gjennom planlegging bestemmer kommunen meir eller mindre detaljert kva for delar av kommunen som skal opnast for ulike næringar (Teigen & Lien 2012).

Bukve (2012) beskriver 4 ulike rollar som kommunen har: Kommunen som tenesteprodusent, kommunen som forvaltingsorgan og utøvar av offentleg mynde, kommunen som demokratisk organ og til slutt kommunen som samfunnsutviklar. Næringsutvikling kjem inn under den siste rolla, samfunnsutviklar. Kommunen har mange viktige oppgåver, som leverandør av offentlege tenester og service, velferdstenester osv. Kommunens rolle som utviklingskatalysator har lett for å komme i skuggen av rolla som verksetjar av pålagde tenester (Finstad & Aarsæther, 2003).

## *Korleis kan samarbeidet utviklast?*

Utvikling av lokalsamfunnet og regionen er ein viktig del av oppgåvene til kommunen og fylkeskommunen, men er også eit felt der dei må samarbeide med andre aktørar for å lykkast (Bukve, 2012).

### **1.2. Val av problemstilling**

På bakgrunn av den diskusjonen ovanfor synest eg at det er interessant å sjå på korleis næringsutviklinga er i regionen Nordhordland, korleis kommunane i regionen arbeider omkring det og kva slags rollar kommunane har innanfor næringsutvikling. Eg har valt å fokusere på Lindås, Austrheim, Radøy, Meland, Gulen og Masfjorden, og desse 6 kommunane er noko ulike kvarandre, samtidig like på nokre områder. Eg har pga. av avgrensing valt vekk dei siste tre kommunane i regionen.

På grunnlag av dette har eg kome fram til følgjande problemstilling:

*Næringsutvikling i regionen Nordhordland. Kva kjenneteikne det kommunale næringsutviklingsarbeidet og kva slags rollar har kommunane?*

Ut i frå denne problemstillinga har eg 4 forskingsspørsmål.

- Kva kjenneteikne regionen?
- Korleis arbeider kommunane?
- Kva kan kommunanes rollar vera?
- Korleis kan samarbeidet utviklast?

Desse 4 forskingsspørsmåla skal vere med på å belyse problemstillinga og vise kva eg legg vekt på. Eg har valt å ha med det siste forskingsspørsmål, korleis kan samarbeidet utviklast, fordi at samarbeid kan vera eit vesentlig tiltak i næringsutviklingsprosessen og viktig for kommunane og regionen.

For å finne svara på problemstillinga mi, har eg valt å sjå nærare på kommunane ved å intervjuje konkrete personar som arbeider med næringsutviklinga og er tett på næringslivet i kvar kommune.



### **1.3. Oppbygging av oppgåva**

I kapittel 2 vil eg gje ein presentasjon av regionen Nordhordland, samt kommunane som er teke utgangspunkt i. Det er ein detaljert beskriving av kommunane generelt og næringsutviklinga i tal i kommunane. I kapittel 3 presenterer eg eksisterande forskning av Nordhordlandsregionen som inneheldt ei moglegheitsanalyse og forslag til kommunestruktur gjort av Telemarksforsking. I kapittel 4 vil eg presentere teorien som denne oppgåva byggjer på. Her deler eg opp teorien i forskingsspørsmåla; Korleis arbeider kommunane, kva slags rollar har kommunane, og korleis kan samarbeidet utviklast. I kapittel 5 vil eg gå gjennom metoden som er brukt for å finne svara på problemstillinga, samt vise korleis datainnsamlinga har føregått. Presentasjon av data kjem innunder kapittel 6. Her presenterer eg kvar kommune for seg og inneheldt både strategi og vedtak frå deira strategiske næringsplan og intervjua som er gjort. Vidare kjem analysen som då er kapittel 7, der eg diskuterer funna som er blitt gjort opp mot problemstilling og teori. Til slutt kjem konklusjon/avslutning som er kapittel 8 der eg tar for meg hovudpunktane i funna i forhold til problemstillinga, samt moglegheiter til vidare studiar.

## 2.0 Presentasjon av regionen Nordhordland

Eg vil starte dette kapittelet med å gje ein kort beskriving av regionen samt dei kommunane eg tar utgangspunkt i kvar for seg, det meste henta frå heimesidene deira. Deretter, med utgangspunkt i statistikk frå Statistisk Sentralbyrå og Hordaland sine heimesider vil eg forklare korleis kommunane og regionen ligg an i forhold til Folketal og nettoinnflytting, sysselsetting og arbeidslaushet, pendlingstraumar, utdanningsnivå, næringsstruktur og til slutt korleis kommunane greier seg i forhold til overleving av nye bedrifter.

### 2.1 Om regionen og kommunane generelt

#### *Nordhordland i si heilhet*

Nordhordland er området mellom Sognefjorden og Bergen. Meland, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Radøy, Osterøy og Modalen er dei 9 kommunane i regionen, og her bur det nær 41 000 menneske ([www.nordhordland.net/](http://www.nordhordland.net/)). Det er stor variasjon i landskapet og på talet innbyggjarar i kommunane. Likevel er det sterke fellestrekk mellom kommunane, historisk og kulturelt ([www.nordhordland.net/](http://www.nordhordland.net/)). Alle kommunane er sterkt tilknytt Bergen på grunn av nærleik til byen, og dei aller fleste kommunane kan seiast å ha ein felles arbeidsmarknad kring verksemda på Mongstad. Sidan oljeeventyret tok til der på syttitalet har Mongstad vore eit senter for vekst, tilflytting og industrialisering i ein region som tidlegare var prega av fiske og landbruk ([www.nordhorland.net/](http://www.nordhorland.net/)). Nordhordland er eit vekstområde med god tilflytting, spesielt i den sørlige delen. Det er venta økt tilflytting i fleire av kommunane etter kvart som vegnettet blir utbygd og dermed binda regionen endå sterkare til Bergen by ([www.nordhordland.net/](http://www.nordhordland.net/)). Alle kommunane er under Regionrådet, eller NUI som er det kommunale apparatet. Kommunane er også indirekte medlem av Business Region Bergen, der NUI betaler kontingenten. Det finnes også eit nettverk omkring team Nordhordland som fangar opp kommunane som jobbar ilag med næringsutvikling. Det finnes eit Regionalt næringsfond i Nordhordland som blir fylt på kvart år frå Regionalt Utviklingsprogram. Midlane skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål for næringsutvikling fastsatt i utviklingsprogrammet i tillegg til lokale prioriteringar og målsettingar.

### *Lindås og Austrheim*

Lindås har eit slagord: "Kommunen der draumar vert røyndom". På heimesida til kommunen reklamerast det for at man kan realisera draumen om eit hus på landet, samstundes nyte godt av eit moderne sentrum, eit aktivt kulturliv og eit svært spennande næringsliv. Lindås er den største kommunen i Nordhordland og kunne feira innbyggjarar nr 15 000 i desember 2013 ([www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)). Knarvik er kommunesenteret, og samstundes regionsenter for Nordhordland. Her tek det ca. 25 min med bil til Bergen sentrum.

Austrheim er ein hav- og kystkommune og består av 489 øyar, holmar og skjær. Det er eit gammalt kulturområde med ein fin kyst og landspaet er bundne saman av 13 bruer. Austrheim er ein vekstkommune i underkant av 3000 innbyggjarar ([www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)). Kommunesenteret ligg vel ein time frå Bergen sentrum.

I dei siste åra har Lindås og Austrheim gått saman i eit tett samarbeid og har no ein felles næringsjef og ein felles strategisk næringsplan for begge kommunane. Vidare samarbeider dei med Business Region Bergen og her er det mange ulike aktørar som står saman om ein felles næringsutvikling. Ut i frå tett samarbeid gjennom næringsklyngene har det resultert i positiv vekst og breiare profilering av Mongstad og regionen ([www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)). Næringsavdelinga som høyre til Lindås og Austrheim kommune prioritere industrinæringa og alt omkring Mongstadbasen, fordi det har høg suksessrate og sørger for mest av inntekta til kommunane, samt regionen ([www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)). Næringsavdelinga er eit bindeledd mellom næringsaktørane og kommunane, og dei ynskjer å ivareta sine behov på ein best mogleg måte. På nettsida til Lindås kommune står det at dei gjer råd og veileie – og arbeider for ein ny industrivekst i kommunane og regionen ([www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)). Sidan Mongstad ligg i begge desse kommunane og er det økonomiske lokomotivet i Lindås og Austrheim, synes eg det er viktig å trekke fram industristaden. Dei fleste bedriftene her har vakse fram på terminalen og raffineriet til Statoil Mongstad. Olje- og gassnæringa er den leiande bransjen, og på andre plass kjem bygg- og anleggsbransjen ([www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)). Industristaden har hatt en sterk posisjon i olje- og gasslandet sidan 70-talet og er det største prosessområdet i Noreg.

### *Meland*

Meland er nabokommune til Bergen med ei reisetid på ca. 30 min. Kommunen er landfast via Nordhordlandsbrua og er såleis det geografiske bindeleddet mellom Bergen og Nordhordland. Kommunen skriver på si heimeside at dei har eit godt utbygd kultur- og næringsliv der

kommunen har arbeidsplassar både innan industri, servicenæring, jordbruk og offentleg tenesteyting i tillegg til at det er eit stort innslag av pendlarar både til Bergen og til nabokommunen Lindås. Meland er ein av kommunane i Noreg med størst prosentvis vekst, både i folketal og i talet på nye private arbeidsplassar ([www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)). Dei er sterk i vekst med eit innbyggjartal på ca. 7500. Dei skriver også på sine heimesider at dei arbeider aktivt for å leggja til rette for fleire næringsetableringar i kommunen og har som mål å vere ein av dei mest attraktive kommunane i Hordaland på det området. Kommunen er oppteke av å ha eit lønsamt og nyskapande næringsliv og vil være ein pådrivar for at fleire verksemder etablerer seg der og at eksisterande bedrifter kan utvikla seg. Dei største bedriftene i kommunen er Frank Mohn Flatøy AS og Frank Mohn Piping AS. Her fin man også Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug som er den største folkehøgskulen i Noreg ([www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)).

### *Radøy*

Radøy kommune ligg sentralt plassert i Nordhordland og grensar sør til Lindås kommune og nordaust til Austrheim. Kommunesenteret ligg ca. 50 km nord for Bergen, og ca. 35 km frå Mongstad. Radøy er kjend som den grønne øya på grunn av det frodige, grønne natur- og kulturlandskapet som går heilt ned til sjøen. Radøy består av 269 øyer, holmar og skjer ([www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)). Radøys største bedrifter er Radøygruppen, Mundal båt og Plastinvent og dei profilerer seg under fellesnemninga Subsea Island. Det er ein kommune i vekst og runda i 2012 5000 innbyggjarar. Dei har eit godt desentralisert skule- og barnehagetilbod, og tilbyr gode tenester innan alle fagområda. På Radøy kommune sine heimesider blir det teke fram at kommunen ynskjer å stimulera og leggja til rette for ei positiv og allsidig næringsutvikling basert på lokale ressursar og naturgjevne tilhøve ([www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)), og nyetablering av verksemder.

### *Gulen og Masfjorden*

Masfjorden kommune ligg nord i Hordaland og grensar til kommunane Gulen og Høyanger i Sogn og Fjordane fylke og kommunane Modalen og Lindås i Hordaland fylke. Dei hadde pr. 01.01.2013 eit innbyggjartal på 1696. Kommunen passer fint for friluftinteresserte med sine øyar, holmar, skog, fjell, eit unikt turterreng og gode fiske- og jaktvilkår. På heimesida fortel dei om eit godt tenestetilbod og at Masfjorden er ein god bustadkommune for alle aldersgrupper ([www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)).

Gulen er ein kystkommune og ligg heilt sørvest i Sogn og Fjordane på grensa til Hordaland og mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Det er eit stort spenn i landskapet frå dei yste nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust. Dei 2500 fastbuande bur spreidd i landskapet, og fordelar seg jamt i dei fire skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes ([www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)). Frå kommunegrensa i sør er det omlag 1 time med bil til Bergen elles tek snøggbåtar ein trygt og raskt til Bergen, Fjordane og Indre Sogn. Næringslivet i Gulen er prega av mange små verksemder og både havbruk og landbruk er ein viktig del av næringsgrunnlaget ([www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)). Gulen er den største havbrukskommunen i Sogn og Fjordane. Landbruket er ei viktig næring med omlag 170 gardsbruk i aktiv drift. Sløvåg-område, som har Mongstad rett på andre sida av fjorden, er utpeika som eit av satsingsområda for ny industri i Sogn og Fjordane.

#### *Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU)*

Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) arbeider for næringsutvikling i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet er kommunane si førstelineteneste innan dette arbeidet, og skal mellom anna hjelpa nyetablerarar med søknadar og ledig næringsareal. I tillegg vert det arbeidd med ulike prosjekt som kan føra til nye arbeidsplassar til dømes i industrien, og med å få folk til å flytta til regionen

## **2.2 Næringsutvikling i kommunane i Nordhordland**

#### *Folkemengd og nettoinnflytting*

I Nordhordlandsregionen er Lindås den kommunen med flest innbyggjarar, og har sidan 1970 økt folkemengd med 7000 innbyggjarar til 15000. Meland som nr 2, har ei økt folkemengd på 4800 sidan 1970, mens Radøy og Austrheim har begge ei aukeing på litt over 1000. Gulen og Masfjorden har gått motsett veg og har lågare folkemengd i 2014 enn dei hadde i 1970. Mens Gulen er gått ned med ca. 600 har Masfjorden gått ned med dobbelt så mykje; ca.1200.

Nettoinnflyttinga heldt seg jamt i alle kommunane med nokre få små unntak. Lindås har størst spenn som ligg mellom 0 og 1000 sidan 1970, mens dei andre kommunane ligg mellom 0 og pluss- minus eit par hundre. (alle tal er henta frå Statistisk Sentralbyrå).

#### *Sysselsetting og arbeidslaushet*

Sidan 1986 har dei fleste kommunane steget gradvis med tal på sysselsette. I Lindås kommune har det gått gradvis oppover og litt ned av og til, men har i løpet av åra frå 1986 til

2012 steget frå ca. 3500 sysselsette til underkant av 7000. Både Austrheim, Gulen og Radøy har steget med om lag 200 sysselsette dei siste 27 åra (til 2012), mens Meland har auka sysselsette med 1000. Masfjorden har heilt anna tal på sin tabell enn dei andre kommunane. I 1986 hadde dei 590 sysselsette, og steg til over 600 frå 1987 til 1994 og haldt seg der oppe nokre år. Men i løpet av 2000-talet har tal på sysselsette i Masfjorden blitt lågare og la i 2012 på 590 sysselsette.

Arbeidslaushteten er ganske lik i alle kommunane, med tanke på høg og låg arbeidslaushtet. Talet på arbeidslause varierer jo frå kvar kommune, men jo fleire innbyggjarar det er, jo meir sannsynleg er arbeidslausheita. Man kan sjå ut ifrå statistikken at talet på arbeidslausheite er det same i 2012 som det var i 1986, men, ifrå 1989 og ca. 4-6 år fram var det høg arbeidslaushtet i alle kommunane, i heile regionen. Dette mønsteret speglar seg likt i alle kommunane (alle tal herifrå er henta frå [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)).

### *Pendlingstraumar*

I 2012 var det ca. 12 500 sysselsette i Nordhordland, og Lindås som den største kommunen, arbeida ca. 6800 av dei der. Pendlingstraumane inn til Lindås er relativt høg i forhold hos dei andre kommunane med ca. 2700. Da kjem flest frå Bergen med 781. Dei andre straumane inn til Lindås er frå nabokommunane Meland, Radøy, Austrheim, Gulen og Masfjorden. Meland kommune er nr 2 med flest som pendlar inn med ca. 1000 sysselsette. Her kjem da flest frå Bergen og Lindås. Eller har Austrheim, Radøy og Gulen ganske like tal på sysselsette frå andre kommunar, frå 300 til 600 pendlarar. Masfjorden er kommunen med minst pendlarar inn til kommunen.

Når det gjeldt pendlingstraumane ut frå kommunane, kan man sjå frå tabellane at det er flest pendlarar frå Nordhordland til Bergen, og som nemnt ovanfor, Lindås. Man kan også sjå at det er tilsette frå alle kommunane i regionen som arbeider i Nordsjøen (Sokkelen sør for 62 grader nord). Det finnes også pendlarar frå Nordhordland som er sysselsett i Oslo kommune, Stavanger og Sola (alle tala her er henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

### *Utdanningsnivået i Nordhordland*

Som man ser ut i frå tabellane og tala frå Statistisk Sentralbyrå er det flest busette i Nordhordland med vidaregåande utdanning. Deretter er det flest folk med grunnskuleutdanning, for så ein kortare Høgskule og Universitets utdanning. Det er få i

regionen med ein lengre Høgskule og Universitetsutdanning og har på dei siste 10 åra auka med ca. 450 i Lindås, Austrheim, Meland, Radøy, Gulen og Masfjorden.

Kurvane bevege seg ganske likt i Lindås, Meland og Radøy, med ein stigning på kvart utdanningsnivå. Det er svært få personar med uoppgjeve utdanning eller som ikkje har fullført utdanninga. Dei siste 10 åra har både Gulen og Masfjorden ein nedgang på busette med Vidaregåande og grunnskule nivå, men ei auking i ei kortare Høgskule- og universitets utdanning (alle tala her er henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

### *Næringsstruktur i Nordhordland*

I Lindås er det flest verksemder innan industri og helse- og sosialtenester. Andre som skil seg ut høgt på lista er verksemder innan Varehandel, motorvognreperasjonar, undervisning og transport og lagring. I Austrheim er det også flest innan helse- og sosialtenester og industri, og bygge- og anleggsverksemd er ein viktig del av næringsstrukturen i Austrheim. Det er minst bedrifter innan informasjon og kommunikasjon, og finansiering og forsikring.

I dei andre kommunane pregast næringa mykje av Jordbruk, skogbruk og fiske, bygge- og anleggsverksemder, teknisk tenesteyting og eigedomsdrift og helse- og sosialtenester. I same grad som Lindås og Austrheim er det minst verksemder innan finansiering og forsikring, og innan bergverksdrift og utvinning er det berre Lindås, Gulen og Masfjorden som har verksemder (alle tala her er henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

### *Ny-etableringsnivå*

Det har vore størst satsing på nye etablerte bedrifter frå 2004 til 2008 i Lindås, og dei har hatt fleire bedrifter som har overlevd enn bedrifter som ikkje har overlevd frå 2001 til 2010, også dei åra det var høgast satsing. Men jo høgare satsing, desto også fleire bedrifter som ikkje overleve. I Austrheim har det vore ganske jamt frå 2001 til 2010, få ny-etablerte bedrifter kvart år, med nokre overlevde og nokre som ikkje overlevde. Men sidan 2008 har også Austrheim hatt flest ny etablerte bedrifter som har overlevd. Dei andre kommunane ligg nokså likt plassert som Austrheim. Mykje variasjon kvart år. I Meland har åra frå 2001 til 2010 hatt eit tal mellom 10 til 27 bedrifter som har overlevd eller ikkje overlevd kvart år. På Radøy ligg det mellom 4 til 24 bedrifter. I Masfjorden er det mellom 1 bedrift til 8 bedrifter kvart år, mens i Gulen er overleving og ikkje-overlevings raten frå 2 til 15 bedrifter. I 2006 hadde Gulen svært god overlevings rate på nye etableringar, mens i 2007 var det heilt motsett med høg ikkje-overlevings rate (alle tal er henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

## 3.0 Eksisterande forskning om Nordhordlandsregionen

I dette kapittel vil eg ta for meg eksisterande forskning omkring næringsutvikling i Nordhordlandsregionen. Det har ikkje vore mykje forskingsarbeid omkring næringsutvikling i Nordhordlandsregionen, men har vore nokre prosjekt. Det blei gjort ein moglegheitsanalyse for Nordhordland i 2008, elles er det blitt utarbeida rapportar frå Telemarksforsking, særleg omkring samhandling og strukturendringar i Nordhordland.

### 3.1. Moglegheitsanalyse (SNF-rapport nr. 17/08).

Regionen som heilheit er nokså retta mot offshore/raffineri/mekanisk og bygg og anlegg, og trenger derfor ei breiare næringsmessig plattform innan ein rekkje sektorar for å få utnytta ein større breidde av interesser og kompetanse i regionen. Nordhordland treng fleire kompetansebedrifter, for eksempel verksemder orientert mot nisjeprodukt som kan vere vel så mykje basert på design, kvalitet, funksjonalitet og individuell kundetilpassing, som priskonkurranse. Det å tilby innbyggerane eit breiare yrkesspekter vil gjere Nordhordlandsregionen meir robust i forhold til konjunktursvingingar og bidra til at lokalsamfunna blir mindre sårbar ovanfor framtidig nedtrapping i offshoresektoren. Samtidig vil regionen med eit breiare tilbod av karrieremoglegheiter stå fram som ein meir interessant arbeidsmarknad for fleire.

Entreprenørskap med tanke på å utvikle ein større breidde av arbeidsplassar bør vere eit betydeleg satsingsområde i regionen med tanke på framtida. Ein stor innsats må settast inn no om ein vil stå godt rusta når oljeaktivitetane reduserast. Men det er ikkje lett å få det til i ein region der aktiviteten i eksisterande bedrifter er svært høg. Mykje av kapasiteten i arbeidsmarknaden går til høg aktivitet og godt betalte jobbar i det eksisterande næringsliv. Eit aktivt engasjement i samarbeid med utdanningsinstitusjonar lokalt og regionalt næringsliv, finansieringsmiljø og offentlege myndigheiter som Innovasjon Noreg og SIVA må til om fleire skal våge å satse.

Med tanke på å tiltrekke føretaksetableringar er det ikkje nok å tilby areal, vatn, kloakk og anna infrastruktur som direkte kan knytast til det området som blir tilbydt. Stadens relative plassering i forhold til råstoff, marknad, arbeidskraft, kommunikasjonar og andre verksemder er vel så viktige tiltrekkingsfaktorar. Nordhordland bør derfor ha eit godt tilbod av bedriftsorienterte tenester, men også skuler, barnehagar, helse- og omsorgstenester, samt



kulturaktivitetar, visst regionen skal stå fram som attraktivt for næringsverksemder og personar utanfrå.

I enden av rapporten blei det konkludert med 7 punkt som bør takast tak i.

- Ein bør regionalt dreie kursen frå ein sektorspesifikk til ein sektor-overgripande næringspolitikk.
- Ein bør få til ein betre synergi både mellom Nordhordland og Stor-Bergen og mellom Mongstad og andre næringsklynger.
- Ein bør arbeide integrert med føretak, klynge og regional næringsutvikling.
- Ein bør som ledd i næringsstrategisk arbeid utvikle felles møteplassar, ikkje berre sektorielt men også på tvers av bransjar.
- Ein bør utnytte geografisk nærleik til utdannings- og forskingsinstitusjonar i forbinding med rekruttering og bedriftsetablering.
- Ein bør profilere regionens gode skår på ei rekkje levekårs indikatorar, men samtidig forbetre dei svake punkt. Det gjeldt spesielt bustad, veg og skuletilbod.
- Ein bør framheva geografisk nærleik til internasjonale kommunikasjonar, eit variert kulturliv, rekreasjons- og naturkvalitetar.

### **3.2 Moglege alternativ til kommunestruktur i Nordhordland, utført av Telemarksforsking ([www.nordhordland.net](http://www.nordhordland.net)).**

Valet står mellom anten å fortsetje meir eller mindre som i dag, med sjølvstendige kommunar som samarbeider interkommunalt om ei rekkje tenesteområde, eller å gjennomføra kommunesamanslåingar. Dei har vurdert to alternativ for kommunesamanslåingar; slå alle 9 kommunane i Nordhordland saman, eller å gjennomføra kommunesamanslåingar blant to eller fleire kommunar – der altså nokre kommunar blir ståande utanfor kommunesamanslåinga, men skal arbeide interkommunalt med den samanslåtte kommunen.

#### *Halde fram som 9 sjølvstendige kommunar*

På tenesteområda vil ein gjennom interkommunalt samarbeid oppnå dei fleste av fordelande til ein større kommune på dei områda ein vel å samarbeide om. Samarbeidstiltaka i Nordhordland ber preg av at ein har samarbeida for å auke kvaliteten på tenestene til innbyggjarane, og klart å skape attraktive fagmiljø på ein del tenesteområde. Likevel manglar det ei felles og einsarta styring på samarbeidstiltaka, som i særleg grad spelar inn på den

politiske og demokratiske dimensjonen. Gjennom noko uklare styringslinjer blir den politiske kontrollen og ein del av politikarane og innbyggjarane si oppleving av deltaking redusert. På den andre sida bidreg 9 sjølvstendige kommunestyre til å gjere vegen kortast mogleg for innbyggjarane til lokalpolitisk deltaking og medverknad.

Når det gjeldt samfunnsutviklarrolla, ser vi at utfordringane for regionen ikkje er einsarta, med folkeauke i sør og stagnasjon og reduksjon i folketalet i nord. Men nokre nordlege delar av regionen har vokse. Den sørlege delen av regionen har hovudsakleg vakse som følgje av ein kombinasjon av etablering av Mongstad, brusamband og nærleik til Bergen, mens den nordlege delen av regionen i liten grad har hatt desse fordelane. Utfordringar av denne typen er vanskeleg å løyse på kommunenivå. Ei mogleg løysing er enda tettare samarbeid i regionen, men heller ikkje dette gjer garanti for suksess.

På bakgrunn av dette fann Telemarksforsking ut at ved å oppretthalde 9 sjølvstendige kommunar på kort og mellomlang sikt, kan dei viktige tenestefunksjonane kommunane må løyse bli ivareteke. Men dei minste kommunane vil venteleg vere avhengig av eit enda meir utstrakt interkommunalt samarbeid. Kva gjeld demokrati har interkommunale samarbeid ein tendens til å lide av demokratisk underskot. Det synest i nokon grad også å vere tilfelle i Nordhordland. Når det gjeld samfunnsutviklinga, vil det vere behov for enda tettare samhandling i regionen i åra framover.

#### *Samanslåing av 9 kommunar til Nordhordland kommune*

Samanslåing av alle dei 9 kommunane i Nordhordland vil naturleg nok vere det mest vidtgåande endringsforslaget for endra kommunestruktur i regionen. På tenesteområdet vil dette alternativet gi mest integrasjon i regionen, og vere det alternativet som bidreg til størst mogleg oppbygging av robuste fagmiljø på fleire tenesteområde. Ei utfordring vil likevel vere å finne ut korleis ein skal dimensjonere tenestetilbodet innanfor dei tunge kommunale sektorane. I den vidare prosessen bør dette vere eit prioritert område som må arbeidast vidare med. Vi tilrår regionen å gå for ei desentralisert løysing kva gjeld samlokalisering av ei rekkje fellesfunksjonar i ein eventuelt ny og samanslått kommune. Dette vil også gjelde kommunale servicetorg – som bør oppretthaldast i kvar av dei noverande kommunane, i alle fall inntil ein har digitale løysingar som vil vere fullgode erstattarar for fysisk nærvær. Eit slikt grep vil også vere viktig for å styrkje legitimiteten og identiteten til ein ny og samanslått kommune.

Innanfor samfunnsutvikling vil ein ny og samanslått Nordhordlandskommune stå fram som ei slagkraftig eining overfor eksterne samarbeidspartnarar. I tillegg vil ein få samla enda sterkare

fagmiljø innanfor dei utviklingsretta fagmiljøa i kommunen; særleg innanfor næringsutvikling og arealplanlegging. Det vil også bidra til auka vekstkraft. Ein samanslått kommune vil også ha potensial for å realisere og behalde ein større del av konsesjonskraftinntektene i regionen, mot tilsvarende mindre del for fylkeskommunen sin del. Likevel bør ein vurdere å utarbeide eit system med til dømes fondsløysingar som sørgjer for at dei områda som i dag produserer kraftinntektene får behalde delar av dei auka inntektene, som eit bidrag til samfunnsutviklinga der.

*Samanslåing av to eller fleire kommunar og interkommunalt samarbeid blant og med resten av kommunane.*

Alternativet som inneber samanslåing av to eller fleire kommunar i Nordhordland, vil vere det nest mest vidtgåande endringsforslaget for ny kommunestruktur i regionen. På tenesteområdet vil dette alternativet gi relativ integrasjon i regionen, og vere det alternativet som bidreg til størst mogeleg oppbygging av robuste fagmiljø på fleire tenesteområde. Ei utfordring med ei slik løysing vil likevel vere at fagmiljøa i større grad blir sentraliserte rundt ein større samanslått kommune. Dei resterande kommunane vil høgst sannsynleg vere avhengige av eit relativt vidtgåande interkommunalt samarbeid med den samanslåtte kommunen. Særleg i dette alternativet blir det viktig at ein gjennomfører ei opprydning og klargjering av styringsprinsipp og økonomiske fordelingar innanfor dei interkommunale samarbeidstiltaka, slik at dei blir opplevde som rimelege og rettferdige – både for den større samanslåtte kommunen og for dei andre samarbeidande kommunane. I ein slik samanheng vil det truleg vere naudsynt med ein raus, ny og større samanslått kommune, slik at dei samarbeidande kommunane heilt klart vil sjå fordelene av å vere ein del av samarbeidet.

Innanfor samfunnsutvikling vil ein ny og samanslått kommune av to eller fleire kommunar i regionen, stå fram som ei slagkraftig eining overfor eksterne samarbeidspartnarar, og vil venteleg kunne få eit løft i samfunnsutviklinga si. I tillegg vil ein få samla enda sterkare fagmiljø innanfor dei utviklingsretta fagmiljøa i kommunen; særleg innanfor næringsutvikling og arealplanlegging, som også vil hjelpe til auka vekstkraft. Dette vil venteleg også i nokon grad ha positiv effekt for dei nabokommunane som vel ikkje å vere med på ei samanslåing.

## 4.0. Teori

I tidlegare kapittel blei kjenneteikna ved Nordhordlandsregionen samt eksisterande forskning omkring staden presentert. I dette kapitlet vil eg presentere teori basert på problemstillinga. Det byrjar med næringsutviklingsarbeid og teori omkring det. Det omfattar kommunanes arbeid med ressursutnytting, fremming av entreprenørskap og organisering rundt utviklingsarbeidet. Vidare er det teori omkring kommunanes roller. Det omfattar kommunale roller i eit institusjonelt perspektiv, utviklarrollar innanfor kyst og havbruk og om kommunar har ei minimalistisk eller ei offensiv utviklarrolle.

Det siste i teorien omfattar kommunalt og interkommunalt samarbeid samt klynger og nettverk innanfor næringsutviklingsarbeid.

### 4.1. Korleis arbeider kommunane?

#### 4.1.1. Næringar og regional utvikling

1800-talet var prega av jordbruk. Det var ein sterk folketalsvekst i landet og folk busette seg i gode jordbruksområde mot fjell og daler. I Noreg, ved sida av jordbruket, har også fisket og trelastindustri vore svært viktig. Elvar og vassdrag blei etter kvart naturlege lokaliseringstader for den nye industrien som voks fram på grunn av vatnet som kjelde til energi, vasshjulet og vasskraftverka (Teigen, 1999). I den siste halvdel av 1800-talet vart bygdene tynna ut gjennom to flytteprosessar, ein innanlands frå bygdene til industristader, og ein til Amerika. Flytteprosessen innanlands følgjer industrien sitt daverande lokaliseringmønster, og som ved jordbruk og fiske ser man korleis næringsutviklinga er førande også for busettinga og dermed for den regionale utviklinga (Teigen, 1999).

Teigen har ut ifrå desse historiske døma gått inn på to ulike teoriar:

- a. teori for utvikling *mellom* kommunane
- b. teori for utvikling *innan* dei einskilte næringane

Den første teorien fokuserer på drivkrefter som endrar utviklinga mellom primær-, sekundær- og tertiærnæringane, medan den andre teorien fokuserer på sider ved denne utviklinga som er spesielt interessant for regional utvikling (Teigen, 1999). Teigen presenterer ein tabell som viser sysselsette etter næring i 1990 henta frå SSB (Teigen, 1999;168). Tabellen viser kor viktig dei ulike næringane er i sju ulike regiontypar. Vanlegvis tenkje man at industri dominerer i sentrale strøk, medan primærnæringane dominerer i utkantregionane, men tabellen viser at offentleg og privat tenesteyting er den sektoren som har flest sysselsette i alle

regionane medan industrinæringa er den nest største. I 1990-åra har det vore sterk reduksjon i industrisysselettinga i heile landet og sannsynlegvis er industrien nå forbigått av handel, hotell osv. i fleire av regionane (Teigen, 1999). Det kan vere relevant å analysere strukturen i næringslivet for å forstå skilnader i utvikling mellom regionar og ei slik strukturell tilnærming kan vera samansettinga mellom primær-, sekundær- og tertiærnæringane (Teigen, 1999). Clark-Fischer-hypotesen legg vekt på to faktorar som forklarar dynamikken mellom næringane: Inntektselastisitet (etterspurnadsside) og produktivitsutvikling (tilbodsside). Inntektselastisiteten forklarast med at når inntekta aukar, vil konsumentane bruke meir på andre varer enn matvarer frå primærnæringssektoren, og jo meir inntekta aukar vil dei bruke mindre av inntektsauka til industrivarar frå sekundærsektoren og rette meir av etterspurnaden mot tenestene i tertiærsektoren (Teigen, 1999). Produktivitsveksten som dreier seg om innovasjon, teknologi og stordriftsfordelar, føre med seg at varar og tenester kan produserast meir effektivt og dermed ei arbeidskraft med betre løn (Teigen, 1999). Historisk sett har sysselettinga auka meir i servicenæringane enn i primær- og sekundærnæringane, og etter 1970 var det sysselettingsnedgang dei to sistnemnte næringane. På same tid har det vore ein sterk vekst i den totale produksjonen i både primær- og sekundærnæringane, altså at produksjon pr. sysseletta auka raskare enn den totale produksjonen, slik at sysseletting har gått ned trass i produksjonsveksten (Teigen, 1999). På ei anna side kan man sjå at dei delane av tertiærsektorane som har hatt sterkast sysselettingsvekst, har hatt liten produktivitsvekst. Det er fordi at servicenæringane har små potensial med omsyn til rasjonalisering fordi sjølv tidsforbruket pr. kunde eller klient er ein viktig del av kvaliteten ved den tenesta som blir produsert. Slik sett er det altså ein kombinasjon mellom høg inntektselastisitet og små stordriftsfordelar som forklarar den vedvarande og sterke veksten i servicenæringane (Teigen 1999). Clark-Fischer sin tre-sektor analyse viser at næringane er for lite disaggregerte når nyare teori kjem inn i bilete, og inntektselastisitet og produktivitsutviklinga varierer sterkt innanfor dei tre sektorane. Denne sektortilnærminga kan generaliserast til ein næringsstrukturhypotese som seier: Historisk samansetting av næringar forklarar kvifor einiske regionar veks, medan andre stagnerer eller har tilbakegang (Teigen, 1999:174). Produktivitsyklusteorien er eit viktig supplement til næringsstrukturhypotesen. Den viser gjennom sine 4 fasar (tidleg-, vekst-, mogning- og aldringsfasen) at det berre er på korti sikt at næringsstrukturen forklarar vekst og stagnasjon i regionar (Teigen, 1999), og at dei på lengre sikt må vera i stand til å omstille seg ved å gå øve til nye produkt når dei gamle dør ut. Ressursutnytting og økonomisk vekst var ein sentral del av regionalpolitikken fram til 1970-talet, og etter kvart kom formuleringar om "mest mogleg likeverdige levekår" og "jamm

folketals- og sysselsettingsutvikling i heile landet sterkare inn i stortingsmeldingar og andre politikkdokument (Teigen, 1995). Det er nær samanheng mellom næringsutvikling og regional utvikling. (Clark-Fischer-hypotesen). Så lenge regionalpolitikken i Noreg konsentrerte seg om distrikta kan dette enklast forklarast med at distrikta hadde størst innslag av primærnæringar i tilbakegang. Frå midten av 1970-talet byrja industrissysselsettinga å gå sterkt ned i dei gamle industriområda i landet. Veksten i privat og offentleg tenesteyting kompenserte lenge denne nedgangen og når av-industrialiseringa skaut fart frå slutten av 1980-talet, vart dei gamle industribyane og industriområda 'problemregionar' og inkludert i det regionalpolitiske satsingsområdet (Teigen, 1995). Fram til 70-talet, i den vekstorienterte perioden, var regional- og distriktspolitikken sterkt kjenneteikna av satsing på industri som vekstnæring og dermed var dei regionalpolitiske verkemidla sterkt næringsretta. I perioden etterpå, kjenneteikna av fordelingspolitikk, blei dei regionalpolitiske verkemidla meir næringsnøytrale, og industrien hadde ikkje lenger noko særlig vekst (Teigen, 1995).

### *Utviklingsbaner*

Ein sentral utviklingsbane i næringslivet i mange regionar beskrivast som *path extension*, som betyr at næringslivet i ein region blir stadig sterkare der det er sterkt i frå før, eller der regionen har nokre spesielle fortrinn (Isaksen mfl., 2013). Det er på ei anna side ein potensiell fare når næringslivet i eit område blir sterkt spesialisert gjennom at det kan bli 'låst fast' i ein bestemt teknologisk utviklingsbane, særlig om det skjer større eksterne endringar i teknologi og marknadsforhold, eller auka konkurranse frå meir dynamiske konkurrentar andre stader (Isaksen mfl., 2013). Utviklingsbana kan etter kvart endrast til *path exhaustion* når bedrifter, klynger og næringar som er sterkt spesialisert enten taper omstillingsevne, mister konkurransestykke og marknader, om arbeidsplassar forsvinn osv. Det er her at det regionale næringslivet må fornye seg, og det er to ulike måtar å gjere dette på. *Path renewal* er den minst omfattande fornyinga og skjer når bedrifter og næringar endrar aktivitet til å framstille andre, relaterte produkt og tenester eller framstille produkt på nye måtar. Den mest omfattande fornyinga er *path creation* som etablerer nye bedrifter i nye næringar i ein region, eller bedrifter som framstiller nye versjonar av produkt, eller kjem med heilt nye måtar å gjere ting på i regionen (Isaksen mfl. 2013). Med bakgrunn i desse utviklingsbanene, er utfordringane at regioner låsast fast til spesialiserte stader og næringar der dei allereie er sterke (*path extension*). Samtidig som ein må vidareutvikle det eksisterande, må regionalt næringsliv også fornyast (Isaksen mfl. 2013). Bedrifter i større regionar baserer innovasjonsaktiviteten på regionale innsatsfaktorar utan å risikere å bli låst fast i bestemte

utviklingsbaner sidan regionen har så variert kompetanse, mens i tynne regionar er det ein meir risikabel strategi å stole på pga. avgrensa regionale ressursar, som understreker viktigheita for bedrifter i slike områder å kople seg opp mot eksternt lokaliserte aktørar (Isaksen mfl. 2013).

#### 4.1.2. Innovative regionar

På syttitalet skjedde det eit skifte som kan karakteriserast som ein overgang frå konjunkturregulering til innovasjonspolitik, frå John Meynard Keynes (1883-1946) til Joseph Schumpeter (1883-1950). Keynes stod for ein aktiv stat som greip inn i marknadene med regulering av etterspurnad, mens Schumpeter ville fremme entreprenørskap og innovasjonsevne (Selstad, 2009). På åttitalet tok Schumpeter plassen som det nye paradigmatets profet, der næringspolitikken blei næringsnøytral, som betydde at ingen bransje eller næring fekk fordel av staten. Det blei til gjengjeld lagt meir vekt på forskning og utvikling som var med å bidra til nyskapingsevna (Selstad, 2009).

Schumpeter formulerte definisjonen på innovasjon i fem punkt (Teigen, 2007):

- Introduksjon av eit nytt produkt (eller ei ny teneste)
- Introduksjon av ein ny produksjonsmetode
- Inntrenging i ein ny marknad (produktet kan vera gamalt)
- Utnytting av ei ny type råvare eller halvfabrikat
- Ny organisering i eller av ei næring

Det finnes radikale og inkrementelle innovasjonar. Dei radikale er dei store, omfattande innovasjonane, mens dei inkrementelle, er dei små endringane. Så kjem spørsmålet: for kven? Mens ei innovasjon kan vera radikal innafor ei bedrift, kan den allereie vore spreidd i samfunnet, slik at det berre er nytt for bedrifta (Teigen, 2007). Ein dominerande teori er at innovasjonar oftast skjer i sentrum, for så etter kvart å spreie seg til ein periferi. Det sentraliserte diffusjonssystem høyrer samstundes til teoriar som er hierarkiske eller "top down". Fremst her er at innovasjonar kjem frå FoU-senteret i nasjonen og derifrå spreier seg til det lokale og perifere (Teigen, 2007). Etter kvart har ein sett at innovasjonar også skjer "bottom up" og på andre måtar gjennom desentraliserte diffusjonssystem som byggjer på minst to tilnærmingar. Den eine er behovet for at endringar og nyvinningar skjer på "golvet", mens den andre desentraliserte diffusjonen er knytt til kunnskap og kompetanse som kjelde for innovasjon (Teigen, 2007). Diffusjon kan forståast som ei rein kopiering, altså ein imitasjon. Imitasjon i ein organisasjon, leing, tenesteyting osv. er sjeldan rein kopiering, og

det mest vanlege er at innovasjonen gjennom implementering og adaptasjon skal tilpassast ny kontekst (Teigen, 2007). Innovasjonar spreier seg i ulik hastigheit og det kjem an på kor dominerande dei blir, kva kjenneteiknar innovasjonen og moglegheita til å tilpasse innovasjonen til kulturen og organisasjonen (Teigen, 2007).

Innovasjon kan sjåast på som ein verdi i seg sjølv, på linje med kreativitet, skaparevne etc., og er difor noko so bør etterstrevast (Fagerberg, 2009). Det er eit sentralt poeng i nyare innovasjonsteori at innovasjonspolitikken i betydeleg grad må tilpassast regionale nærings- og samfunnsmiljø sine særtrekk og fortrinn, moglegheiter og utfordringar for å skape ein mest mogleg optimal regional utviklingsdynamikk (Normann mfl., 2013). Dette kan bety at det ikkje finnes nokon oppskrift på samhandling som er optimal i alle regioner, og dermed avhenger innovasjonsprosesser av korleis og i kor høg grad regionale utviklingsaktørar utøver regional leiing og bidrar til samhandling mellom ulike aktørar (Normann mfl., 2013).

Når man diskuterer regionens ressursar, er ressursomgrepet noko som kan splittast opp i ulike dimensjonar for nettopp å gripa indre dynamikkar på eit regionalt nivå som kan ha betyding for innovasjon. I denne diskusjonen skil man mellom materielle ressursar, som er fysiske objekt, immaterielle ressursar, som er ikkje-fysiske objekt (kunnskap osv.) og dei relasjonelle ressursane som eksisterer i nettverk mellom aktørar (tillit, makt, samhandling osv.) Eksogene og endogene ressursar brukast om skiljet mellom det som er innanfor og det som er utanfor regionen (Normann mfl., 2013). I figuren nedanfor vises ein typologi over regionale utviklingsressursar.

Figur 1: Typologi over regionale utviklingsressursar (Normann mfl. 2013:275).

		<b>Ressursens lokalitet</b>	
		<b>Eksogen (nasjonal eller global)</b>	<b>Endogen (regional eller lokal)</b>
<b>Type ressurs</b>	<i>Materielle</i>	Nasjonale eiendommer, naturressurser osv.	Befolkningsstruktur, topografi, næringsstruktur, infrastruktur osv.
	<i>Immaterielle</i>	For eksempel den norske trepartsmodellen	Politiske, kulturelle og institusjonelle trekk ved regionen osv.
	<i>Relasjonelle</i>	For eksempel relasjonen stat-region	Nettverk, regional samhandling og regional ledelse



Ressursane endrar seg over tid, og innhaldet i dei kan påverkast gjennom politisk og regionalt utviklingsarbeid. Det er i møtet mellom regionale utviklingsaktørar at politikk, verdigrunnlag, mål, strategiar, handlingar, aksjonar og institusjonaliserte praksisar skapast (Normann mfl., 2013). Regionens relasjonelle ressursar kan ofte vere svært ulike på den måte å organisere seg på, måtar å ha samhandling på og ulikhet i regional leiing (Norman mfl., 2013). Slik kan ressursar påverke korleis regionar arbeider mot ei utvikling.


#### 4.1.3. Lokal næringsutvikling og entreprenørskap

Entreprenøren kan vere ein sentral rolle i regionsutviklinga og innovasjonsprosessen, som på eigenhand eller i samarbeid med andre set i gong noko nytt (Fagerberg, 2009). Ut ifrå eit innovasjonspolitisk sikte er det viktig at entreprenørane er innovative og ikkje berre kopiar av liknande verksemder. SIVA og Innovasjon Norge er viktige støtte aktørar for å fremme entreprenørskap og innovasjon ved å tilby verkemidlar som stipend og anna finansiell støtte til etablerarar (Fagerberg, 2009). Hos Schumpeter er det ei direkte kopling mellom innovasjon og entreprenørskap. Entreprenøren er den som ser moglegheitene for innovativ utvikling, og som set ideane ut i livet (Teigen, 2007).

Entreprenørskap blei introdusert som læringsmål i den norske og nordiske skulen på 1990-talet, og målet var å auke kunnskap og ferdigheter for å fremme nyskaping og nyetablering i næringslivet. Kva er det som skal til for at personar skal få i gang nyskapande, økonomisk lønsam aktivitet? Kva slags kompetanse eller kunnskap, ferdigheter og haldningar må entreprenøren ha for å auke moglegheitene for at han eller ho skal skape ny økonomisk verksemd, nye bedrifter og nye arbeidsplasser? Karlsen har trekt fram ein figur for å kunne svare på desse spørsmåla: Figur 2: Frå potensiell entreprenør til utøvd entreprenørskap. (sjå neste side).

Som man ser i figuren her er dei spesifikke entreprenørielle kvalitetane retta direkte mot næringsliv og økonomisk nyskaping, og dei generelle eigenskapane er viktig for å både kunne utøve entreprenørskap og for noko anna aktivt engasjement i samfunnet (Karlsen, 2003). Det er viktig å velje gode tiltak eller opplæringsstrategiar som vil vere entreprenørskapsfremmande, og vil da inkludere meir generelt lokalbasert undervisning og det som man kallar for friare arbeidsformar som prosjektarbeid, undersøkande undervisning osv. (Karlsen, 2003). Dette handlar om å styrke elevanes sjølvstendigheit, kreativitet, sjølvtrillit, samarbeidsevne gjennom meir elevaktive arbeidsformar.

Figur 2: Frå potensiell entreprenør til utøvd entreprenørskap (henta frå Karlsen, 2003:60):



For at kommunen skal styrke den lokale næringsutviklinga, må kommunen gjennom sitt utviklingsarbeid ovanfor skulane, bidra til å auke potensialet for at fleire elevar blir jobbskaparar. Da må entreprenørskap bli eit satsingsområde i skulen (Karlsen, 2003). Dette blir gjort gjennom tre element:

- Stimulere til og veileie ved etablering av elevbedrifter/ungdomsbedrifter
- Stimulere til undervisningsopplegg om og kontakt og samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv
- Stimulere til internt utviklingsarbeid med vekt på å utvikle alternative og friare arbeidsformar i skulen, spesielt prosjekt og temaarbeid.

Målet om næringsutvikling i kommunen kan ikkje reknast å vera i strid med skulens kjerneoppgåve, men det avhenger om kor stor og omfattande denne satsinga blir og korleis den blir utført. Karlsen (2003), meiner det er akseptabelt å drive ein viss form for opplæring i entreprenørskap i skulen, men at man samtidig skal vera forsiktig både med kva som skal fungere som og kva som skal kallast entreprenørskap. På grunn av ueinigheit og behov for avklaring, bør prosessen starte med ein omfattande diskusjon om kva som kan og bør vera innhaldet i ei slik opplæring, gjerne utarbeide ein kommunal utviklingsplan av eigne skular som siktemål (Karlsen, 2003).

## 4.2 Kva kan kommunanes roller vere?

Kommunar har mange oppgåver, og innanfor desse ulike oppgåveområda finnes det roller som kommunen må ta på seg. Bukve forklarar desse rollane ut ifrå eit institusjonelt perspektiv (Bukve, 2012).

### 4.2.1. Det institusjonelle perspektivet

Institusjonar kan sjåast som eit sett av sosiale praksisar som er regulerte av underliggjande tankemønster, normer, verdiar, konvensjonar og reglar som definerer kva som er høveleg åtferd (Bukve 2012). Institusjonane gir dermed retningslinjer for menneskelig handling og samhandling. Eit institusjonelt perspektiv er relevant i studiet av samfunn og politikk fordi mange av dei fenomena faget studerer, er institusjonelle fenomen. Styring, politikk, regjeringar, forvaltning, statar, kommunar, byråkrati, nettverk og marknader er institusjonar som eksisterer berre i dei tilfella vi tillegg dei ein funksjon og reproduserar eller endrar dei gjennom sosial praksis (Bukve, 2012).

Bukve (2012) har gjort en studie som undersøker kor nøyaktig tre forteljingar karakteriserer norsk kommunesektor. Det tre forteljingane gjer eit svært ulikt bilde av utviklinga. Den første handlar om korleis *New Public Management*, basert på styringsideal frå privat sektor, har slått gjennom og endra styringsformene også i offentleg sektor. Mål- og resultatstyring, fristilling av forvaltningseiningar og bruk av marknadsmekanismar har redusert omfanget av politisk detaljstyring. Den andre forteljinga hevdar derimot at den store endringa ligg i ei vending frå *government* til *governance*, eller frå styring gjennom byråkratiske reglar og hierarkiske kommandokjeder til samarbeid i nettverk. Opp mot desse forteljingane finnes den tredje forteljinga, som skildrar ein tett kontrollert og detaljstyrt *effektueringskommune*. 'denne kommunen er i hovudsak ein reiskap for statleg politikk, med liten handlefridom (Bukve, 2012). Studien prøver å fange samansette mønster ved å sjå på kommunar og fylkeskommunar som samfunnsinstitusjonar som skal fylle fleire roller. Bukve (2012) har tatt utgangspunkt i 4 ulike roller:

- Kommunen og fylkeskommunen som tenesteprodusent.
- Kommunen og fylkeskommunen som forvaltningsorgan og utøvar av offentleg mynde.
- Kommunen og fylkeskommunen som demokratiske organ – arenaer for politisk deltaking og styring
- Kommunen og fylkeskommunen som samfunnsutviklar.

Med utgangspunkt i problemstillinga vil eg gå inn på alle desse ulike rollane, men i hovudsak fokusere på den siste rolla (-som samfunnsutviklar), der næringsutviklinga kjem innunder. Men som styringsorgan har kommune og fylkeskommune mange oppgåvefelt innanfor dei ulike rollane, som er viktig å ha med.

### 1. Kommunen som tenesteytande organisasjon

Kommunane produserer ei rekke tenester for innbyggjarane. Skular, barnehagar, pleie- og omsorgstenester, helsetenester, sosial omsorg, barnevern, bibliotek, vassforsyning og avfallshandtering er døme på dette. I rolla som tenesteproduentar får kommunar og fylkeskommunar til ein viss grad av karakter av å vere bedrifter som er avhengige av å levere tenester med god kvalitet og med ein effektiv ressursbruk. Men dei er ikkje heilt vanlege bedrifter, bak tenesteproduksjonen ligg politiske og administrative vedtak om fordeling og prioritering av knappe gode.

#### *Kommunen som hierarkisk organisasjon*

Organisasjonar er einingar som er oppretta for å nå bestemte mål, der medlemmene er forplikta på desse måla mens leiinga har autoritet til å tildele oppgåver og sjå til at organisasjonen handlar i tråd med overordna mål og verdiar (Bukve, 2012). Organisasjonar har såleis eit hierarkisk element der nokon er overordna og andre er underordna, der hovudmåla blir definert gjennom politiske vedtak. Forvaltningsorganisasjonane og måten dei fungere på startar med Max Webers analyse av byråkratiet (Bukve, 2012). For Weber var byråkratiet ei organisasjonsform der autoriteten til leiarane låg på at den var heimla i lover og regelverk. Byråkratiet er prega av ei formell arbeidsdeling med klare og avgrensa arbeidsoppgåver. Mange forskarar som i seinare tid har tatt utgangspunkt i Weber har gjerne komme til andre konklusjonar omkring effektiviteten i byråkratiet. Blant anna at formelle reglar og prosedyrar i ein organisasjon leier til lite fleksibel åtferd hos byråkratane, og at byråkratiske organisasjonar kan være dysfunksjonelle ved at rigide formelle strukturar kan produsera irrasjonell åtferd i organisasjonen (Bukve, 2012). Andre forskarar har peika på at organisasjonsmedlemmer kan opptre på tvers av det som tener organisasjonen som heilskap, for å styrke sin eigen posisjon og eigne interesser. Ei kjend løysing på problemet ved byråkratiske organisasjonar er målstyring, gjort kjend av Peter Drucker (Bukve, 2012). Han meinte det var meir effektivt å styre organisasjonar ved å setje mål for dei underordna enn ved å lage reglar. Slik kunne målstyring vera ein metode for å mobilisere ressursane og

engasjementet til dei tilsette i oppgåveløysinga.

Eit problem i offentlege organisasjonar kan bli for samansette og komplekse til at det er lett å handle etter dei. Forteneste kan lett målast som pengar som mål, men i ein kommune er det f. eks. vanskeligare å måle bidraget frå eit sosialkontor til å løyse sosiale problem (Bukve, 2012).

Organisasjonar der oppgåveløysinga er avhengig av fagkunnskapane til dei tilsette og bruken av denne, kallar man for kunnskapsorganisasjonar (Bukve, 2012). Dei er prega av mindre standardisering og større fridom i oppgåveløysing enn byråkratiske organisasjonar, dei har flatare strukturar og fagfolk som arbeider åleine eller i team, tema kan vera tverrfagleg slik at ekspertgrupper med ulik kunnskap arbeider i fellesskap. Ofte er det prosjekt, ei oppgåve som skal løysast (Bukve, 2012). Ei profesjonsorganisasjon kan man finne mellom byråkratisk organisasjon og kunnskapsorganisasjon som ligg på to ytterpunkter. Den er prega av kunnskapsorganisasjonen, men også av ei bestemt form for standardisering gjennom utdanning av fagfolka. Her tileignar profesjonsutøvarane seg kunnskapar og ferdigheiter som trengs for å arbeide innanfor eit fag (ingeniørar, lærarar, legar, sjukepleiarar, advokatar eller sosialarbeidarar) difor kalla profesjonar (Bukve, 2012). Profesjonsorganisasjonar har to parallelle styringssystem, eit administrativt hierarki som forsyner organisasjonen med ressursar, reglar og overordna mål, og eit profesjonelt styringssystem som er basert på kollegialitet og gjensidig tilpassing mellom fagfolka (Bukve, 2012).

#### *Kommunen som marknadsorientert bedrift*

Ut ifrå marknadslogikken er rolla til politikarar og toppleiing først og fremst å vere tilretteleggarar for at tenestemarknaden skal fungere, og dei skal sørge for at den institusjonelle konteksten tillater tenesteprodusentane å tilpasse seg optimalt og innbyggjarane å velje dei rette tenestene (Bukve, 2012). New Public Management (NPM), ei reformrørsle frå 1980-talet, har arbeidd for å fremje denne modellen som ideal for organiseringa av offentleg forvaltning. Eit hovudargument her er at offentleg forvaltning bør lære av organisering i privat sektor og i større grad basere seg på marknaden som styringssystem for produksjonen av offentlege tenester (Bukve, 2012). Man kan sei at NPM stod for 3 ulike former for kritikk mot den offentlege forvaltninga. Det første punktet handlar om styringskritikk der NPM retta seg mot det som vart oppfatta som ei byråkratisk, tungrodd og kostbar organisering av offentleg forvaltning. Det andre punktet retta seg mot formyndarstaten, der kritikken gjekk ut på at velferdsstaten medverka til å hindre at folk greidde å ta ansvar for sitt eige liv. Det tredje

punktet hevda at byråkratane i offentleg sektor hadde meir omsut for eigne etatar og karrierar enn for dei brukarane dei skulle yte tenestene til (Bukve, 2012). Dei nye organisasjonsformene som voks fram av NPM, er mangfaldige. NPM sitt verkemiddelrepertoar er prega av managementorientering og marknadsorientering. Managementorientering legg vekt på bruk av insentivordningar og kontrollordningar innanfor forvaltninga, mens marknadsorienteringa legg opp til å sjå brukarane som kundar som kn velje mellom ulike konkurrerande tenestetilbydarar (Bukve, 2012). Den reine marknadsposisjonen vil bygge ned ansvarsområdet i offentleg sektor, og bidra til privatisering og fri konkurranse der kundane kan velje fritt mellom konkurrerande tilbydarar. Problemet med fri konkurranse er at produsentar med suksess kan utvikle seg til monopol, da det ikkje lenger er konkurranse. Da må det offentlege regulere tenesteproduksjonen for å sikre konkurransen. Eit anna problem er at folk har ulike økonomiske evner, og nokre folk har ikkje råd til dei tenestene dei treng. Da må det offentlege jamne ut gjennom skattesystem og tildeling av økonomisk støtte eller voucher som folket kan nytte av til å kjøpe dei tenestene dei treng. Vouchermodellen skil seg frå frikonkurranse ved at staten legg til rettes og står for deler av finansieringa. Dette gjeld også ved utdanning, der dette kan sjåast på som eit fellesgode i tillegg til eit gode for den enkelte (Bukve, 2012). Bestillar-utførar-modellen baserer seg på at politikarane spesifiserer omfanget av og kvaliteten på dei tenestene som dei ønskjer å kjøpe, og at dei utlyser utføringa på tilbud. Produksjonen er privat, medan avgjerder og om produksjon og finansiering er offentleg. Denne tankegangen handlar meir om å reformere det offentlege styringssystemet enn løysingar for marknaden (Bukve, 2012). Den fjerde forma for marknadsorganisering er resultatsansvarsmodellen (managementmodell). Her skal overordna einingar formulere mål for dei enkelte tenesteeiningane, medan leiarane for desse skal ha fridom til å velje verkemiddel for å oppnå måla. Politikarane skal berre gripe inn i overordna og strategiske spørsmål. Man kan sei at fristilling av organisasjonseiningar, resultatorientering, operativ fridom og leiarfokus er dei sentrale trekka ved managementorienteringa i NPM (Bukve, 2012).

### *Kommunen som nettverk*

Et tredje alternativ er å modellere forvaltninga som eit likeverdig samarbeid mellom sjølvstendige aktørar som samarbeider om å realisere felles mål og verdiar. Samarbeid i nettverk må baserast på avtaler og tillit meir enn på hierarkisk styring (Bukve, 2012). Forvaltningsoppgåvene er komplekse og avhengige av samspel mellom ulike aktørgrupper for

å bli realiserte, og styringa må difor skje gjennom samordning i nettverk og partnerskap (Bukve, 2012).

Nettverksorganisering har fått meir å seie i offentleg sektor dei siste tiåra, og det har fått mange forskarar til å tale om ei generell vending frå government (i tydinga hierarkisk styring) til governance (nettverksbaserte styringsformer) som paradigme som moderne offentleg forvaltning (Bukve, 2012). I denne modellen kan brukarane, klientane og pasientane oppfattast som potensielle medskaparar av tenester og ikkje berre forbrukarar. Gjennom brukarundersøkingar, høyringar, brukarmedverknad og liknande, er deira erfaringar, ønsker og vurderingar med på å utvikle og forbetre tenestene (Bukve, 2012). Nettverksorganiseringa av forvaltninga kan vere prega av ulike nivå av samordning. Man trekk fram informasjonsnettverk der hovudaktiviteten er gjensidig utveksling av informasjon mellom aktørar i ulike forvaltningsgreiner. Her får dei tilgang til informasjon og betre føresetnader for oppgåveløysing. Utviklingsnettverka vil auke kapasiteten hos deltakarane, slik at dei handlar betre på sine ansvarsområder. Innslaga her kan vera informasjonsutveksling, opplæring og tenester til medlemmene. Spreiingsnettverka utvekslar informasjon, teknologiar og ressursar slik at gode løysingar og felles program blir sette i verk på tvers av formelle organisasjonsgrenser. Det siste nivået er handlingsnettverk som tar steget inn i formell samordning gjennom utarbeiding av felles tiltak, ved bruk av avtaler og gjensidige forpliktingar mellom deltakarane (Bukve, 2012).

## 2. Kommunen og fylkeskommunen som forvaltningsorgan og utøvar av offentleg mynde

Kommunar og fylkeskommunar må forståast som dei lokale og regionale greinene av eit komplekst og fragmentert apparat. Dei står under styring av sentrale statsorgan, men er også aktørar som søkjer å påverke styringa og dermed vilkåra for utøving av eigne oppgåver. Rolla som utøvar og aktør i det nasjonale forvaltningsapparatet er ulik rolla som lokalt fylkestyreorgan, og den utspelar seg i ein annan organisatorisk og institusjonell kontekst (Bukve, 2012).

### *Styring i hierarkiske organisasjonar*

Styringa skjer i prinsippet frå eit styrande sentrum, men staten må oppfattast som eit komplekst institusjonelt felt heller enn som ein enkel styringsmaskin med Storting og regjering i førarsetet (Bukve, 2012). Omgrepet fleirnivåstyring har dei seinare åra blitt mykje

brukt for å studere relasjonar mellom forvaltningsnivå, og til å studere styring i overnasjonale institusjonar.

For dei fleste kommunale oppgåvefelt finn man lover som seier noko om ansvaret til kommunane, som for eksempel, opplæringslov, barnehagelov, lov om helsetenesta i kommunane, sosialtenestelov og plan- og bygningslov (Bukve, 2012). Kommunane har dei siste åra fått nye plikter som er knytte til skaloppgåver på velferdsområda, som full barnehagedekning, skulefritidsordning, språkopplæring for minoriteter, gratis frukt og grønt, etablering av fastlegeordning osv. (Bukve, 2012).

Statleg målstyring overfor kommunane skjer gjennom utarbeiding av planar og strategiar for ei teneste eller eit oppgåvefelt. Målstyring i offentleg sektor handlar om at sentrale organ utarbeider generelle mål, medan dei iverksetjande einingane utarbeider meir detaljerte mål og strategiar for korleis dei skal bidra til å oppnå dei overordna måla (Bukve, 2012).

#### *Styring gjennom NPM, målstyringsrørsla*

Tradisjonelt sett har byråkratiske forvaltningssystem lagt meir vekt på styring via reglar og økonomiske rammer. Får å sjå om iverksetjarane hadde halde seg til reglane skulle man kontrollere og overvake, men resultata var ofte uklare og man kunne ikkje sjå om måla var nådde. Målstyringsrørsla og New Public Management greip fatt i problema med uklare mål for offentleg verksemd og mangelen på systematisk informasjon om iverksetjinga (Bukve, 2012). I den teoretiske modellen av det komplette styringssystem ser man at overvakingsfunksjonen er ein naudsynt del av målstyringssystemet. Styringssystemet må innehalde 3 element: Ein målsetjingsfunksjon som fastset kva systemet skal prestere, ein iverksetjingsfunksjon som gjer det som skal til for å nå måla, og til slutt ein overvakingsfunksjon som kan fortelje om måla blir nådde, eller om det finnes avvik (Bukve, 2012).

#### *Styring i nettverk*

Merksemda rundt dialog og partnerskap som styringsform mellom stat og kommunesektor blei til i siste del av 1990-åra. Internasjonale diskusjonar inspirerte til etablering av konsultasjonsordninga mellom stat og kommunar i 2001 (Bukve, 2012). Konsultasjonen inneber at staten rådfører seg med kommunane om innhaldet i eller gjennomføringa av politikken på eit område, og kan omhandle utveksling av oppfatningar og få råd, eller resultere i formelle avtalar om korleis ei oppgåve skal løysast eller itforming av tiltak (Bukve,



2012). Ein anna inspirasjonskjelde kom frå den internasjonale diskusjonen omkring partnerskap som samordningsform innanfor regional utvikling og næringsutvikling. Nærings- og samfunnsutvikling er eit område som krev samarbeid og samordning mellom offentlege og private aktørar, der private bedrifter og entreprenørar tek avgjerder om lokalisering av næringsverksemd (Bukve, 2012). Det offentlege kan ikkje påby private aktørar å satse på næringsutvikling, difor trengs det ei samordning mellom offentlege og private aktørar for å realisere prosjekter på området.

### 3. Kommunen og fylkeskommunens demokratiske organ – arenaer for politisk deltaking og styring.

På denne arenaen er det innbyggjarane som tek del i politiske prosessar, avgjerder blir tekne i politiske organ, og politikarane styrer og fører tilsyn med administrasjonen (Bukve, 2012). Eit demokratisk samfunn er kjenneteikna av at dei styrande har mandatet sitt frå folket. Demokratiet inneber at fleirtalet styrer, men det skjer innanfor rammer som også garanterer rettane til mindretalet (Bukve, 2012). Ein kan sjå på demokratiet som ein metode for å få til binande vedtak og felles handling trass i at det kan vere usemje om sakene. Det er to hovudformer for demokrati, det direkte, der innbyggjarane kan delta direkte i avgjerdsprosessen, og det representative, der deltek innbyggjarane ved å velje sine representantar til styringsorgana.

### 4. Kommunen og fylkeskommunen som samfunnsutviklar

Utvikling av lokalsamfunnet og regionen er ein viktig del av oppgåvene til kommunen og fylkeskommunen, og på det eine feltet må man samarbeide med andre aktørar for å lykkast (Bukve, 2012). Her må dei ulike aktørane anerkjenne kvarandre som sjølvstendige aktørar med eigne interesser og verdiar, og dei må greie å tilpasse kvarandre. Samfunnsutvikling handlar også om innovasjon og meistring av nye vilkår og kan derfor vere ein arena for politisk entreprenørskap og leiarskap like mykje som eit rom for tilpassing og samordning (Bukve, 2012).

På ei rekke politikkområde er kommunar og fylkeskommunar avhengige av å arbeide i nettverk for å samordne med viktige samfunnsaktørar, men man må også huske på staten som ein tredje part. Statleg styring av vilkåra for lokale og regionale nettverk vil påverke handlingsrommet for dei lokale og regionale aktørane, der staten har makt til å fastsetje spelereglane gjennom lover og regelverk (Bukve, 2012). Denne type nettverk opptre difor i

skuggen av hierarkiet. På eit område som næringsutvikling, har ikkje staten like stort handlingsrom.

Evne til å vere konkurransedyktig i ei stadig meir globalisert marknadsøkonomi, og evne til innovasjon og fornying i næringslivet, er eit viktig kriterium for å evaluere nytten av eit styringsnettverk (Bukve, 2012). Det finnes to dimensjonar for å forstå nettverk si evne til å produsere meistring. Den eine dimensjonen gjeld skiljet mellom nettverksaktørane som representantar for sosiale grupperingar og interesser i samfunnet og nettverksaktørane som prosjektrealiserande og nyskapande leiarar, mens den andre dimensjonen viser til skiljet mellom makt som evne til å realisere prosjekt og makt som kontroll. Makt som kontroll er bevarande og konserverande, medan makt som evne til prosjektrealiserande innovativ (Bukve, 2012). Utviklingsorienterte nettverk er gjerne prega av samfunnsentreprenørar som brenn for eit prosjekt eller ein utviklingsvisjon, og som arbeider i nettverket for å skape oppslutning og høve for å realisere prosjektet (Bukve, 2012).

#### *Kommunen som samfunnsutviklar*

Kommunar og fylkeskommunar skal drive ei heilskapleg samfunnsplanlegging for sine område, og då må dei samarbeide med dei samfunns- og næringsaktørane som er avgjerande for at planane skal bli realiserte (Bukve, 2012). I 1961 blei distriktsutbyggingsfondet oppretta for å løysa samfunnsproblemet (at folk flytta frå landsbygda), som eit statleg støtteorgan for næringsutviklinga i distrikta, og distriktpolitikk voks fram som eit nytt politikkområde (Bukve, 2012). Med dette følgde statlege tilskots- og låneordningar for bedrifter som ville etablere seg i kommunen, og slik blei dette eit insentiv for kommunar i utkant-Noreg til å bli attraktiv for bedrifter på flyttefot gjennom marknadsføring og kontakt med bedrifter, samstundes som dei kunne tilby rimelege næringslokale og næringsområde til lågare prisar enn i pressområda (Bukve, 2012). Etter kvart blei det meir fokus på busetjing i staden for næringsutvikling, og folk flytta frå kommunane. Men i 1990-åra blei grensene mellom næringspolitikk og distriktpolitikk bygd ned, fordi omstilling og innovasjon i næringslivet trengs i alle regionar, ikkje minst i gamle industriregionar med store problem (Bukve, 2012). Statens næringspolitikk har i aukande grad fokusert på utfordringane frå globaliseringa av næringslivet og behovet for å konkurrere på grunnlag av ein kunnskapsbasert innovasjonspolitik, og den grunnleggande diskursen handlar for tida om kunnskapsbasert nyskaping og fornying av næringslivet (Bukve, 2012).

#### 4.2.2. Kommunen som utviklar


Kommunen er den viktigaste leverandør av offentlege tenester og service. For innbyggjarane er kommunen ein viktig leverandør av velferdstenester. Skular og barnehagar, helsestell- og pleie- og omsorgstenester er alle kommunale tenester som dei fleste vil ha nytte av gjennom livet. Kvaliteten på desse tenestene har mykje å sei for kvar person, og det krev mykje arbeidskraft for å levere desse tenestene (Bukve, 2012). Kommunens rolle som utviklingskatalysator har lett for å komme i skuggen av rolla som verksetjar av lovpålagte tenester (Finstad & Aarsæther, 2003).

Regionalpolitikken skal styrast og iverksetjast, og dette kan enten gjerast av staten, gjennom sine vertikalt organiserte sektorar, eller av kommunane (eventuell anna territorial organisasjon) (Teigen, 1995). Når staten styrer kallast det toppstyring (top down), mens når utviklinga kjem nedanfrå er det kommunen eller ein territorial organisasjon formulerer mål, disponerer midlar og iverkset politikken (Bottom up) (Teigen, 1995). I statsvitskapleg analyse av kommunane er det vanleg å seie at dei kan ha to hovudrollar. Det kan vera sjølvstendige organ eller dei kan vera iverksetjande organ av statleg politikk. Den sjølvstendige og initierande rolla som er karakteristisk for utvikling nedanfrå er legitim i Noreg i og med at kommunane kan engasjere seg i alt som ikkje eksplisitt er forbode gjennom lov eller andre statlege direktiv. På den andre sida er kommunane si rolle som iverksetjar av statleg politikk også karakteristisk for måten den offentlege forvaltninga fungerer på i Noreg (Teigen, 1995). Kommunalt tiltaksarbeid er kjernedømet på ein aktivitet som i starten nok kom i gang meir mot enn med sentralstaten sin vilje, der kommunane ikkje skulle vera eit mellomledd mellom bedrift og fond. Det kommunale tiltaksarbeidet starta først i utkantkommunar og spreidde seg til sentrum. Det er ein eineståande diffusjonsprosess, også i høve til regional næringsutvikling og næringspolitikk (Teigen, 1995). Grunnen til dette er at utkantkommunane var i krise og noko måtte bli gjort. Etter kvart som moderne lokalhistorie utviklar seg gjennom at kommunar og institusjonar skriv sine institusjonshistorier, ser me at konturane av eit svært aktivt lokalt tiltaksarbeid frå starten av det lokale sjølvstyret og ut over mot slutten av 1800-talet (Teigen, 1995). Frå 1840-talet var kommunane svært aktive ved etablering av sparebankane. Det er også sterke indikasjonar på at sentrale moderniseringsinstitusjonar som forsikringsselskap, elektrisifiseringa og telefonnettet i vesentleg grad vart oppbygd nedanfrå og seinare knytt saman i nasjonale overbygningar dels av private konsern eller statsinstitusjonar som Televerket (Teigen, 1995). Dei to gode grunnane til den leiande rolla

kommunane hadde i denne perioden var for det første at kommunane hadde ein autonomi i høve til at staten som ville ha vore både umogleg og utenkeleg i dag (sterk vekst i talet på kommunar, kommuneinndeling). For det andre var folk flest, spesielt på landet, ikkje vand med ein fri marknadsøkonomi, og det var naturleg at dei ressurssterke personane i kommunestyra var dei første til å fange opp og prøve å ta den nyvunne frodomen i bruk (Teigen, 1995).

Kommunane sin politikk for næringsutvikling og sysselsetjingsvekst kan karakteriserast ved hjelp av omgrepet lokal næringsutvikling. Dilemmaet for næringsutvikling i mange lokalsamfunn ligg i manglande utnytting av dei verkemidla som finst på statleg og fylkeskommunalt nivå. Det trengs difor eit apparat som kan stimulere til auka bruk av desse verkemidla (Bukve, 1995). Slik kan man karakterisere tiltaksarbeidet som eit verkemiddel for å aktivisere andre verkemiddel. Det er dette som ligg i tiltaksarbeidet si koplingsrolle, at det skal kople mellom bedrifter/etablerarar og verkemiddelapparat. Mobiliseringsrolla har ei liknande aktivering: tiltaksarbeidet skal mobilisere etablerarar og produktidear for å gje verkemiddelapparatet nye tiltak (Bukve, 1995). Hovudelementa i tiltaksarbeidet er framstilt skjematisk i figuren under:

Figur 3: Tiltaksarbeid som koplring og mobilisering (Bukve 1995: 86).



Bukve (1995) brukar verkemiddel som økonomisk støtte og utbygging av infrastruktur som ein del av næringspolitikken. Den er ikkje ein del av hans definisjon av tiltaksarbeid, men blir rekna som verkemiddel som tiltaksarbeidet har til oppgåve å aktivere.

Utviklinga av lokal næringspolitikk som politikkområde kan man karakterisere som ein prosess med gradvis aukande institusjonalisering i 3 fasar (Bukve, 1995). I første fase er institusjonaliseringsgraden låg, der dei politiske entreprenørar, dei klassiske tiltaksordførarane, som skapar eit nytt politisk felt ved å utnytte statlege verkemiddel på ein måte som ikkje var tilsikta frå sentralt nivå. I fase to finn me ei aukande grad av formalisering gjennom opprettinga av kommunale tiltaksapparat. Men dei bedriftsretta verkemidla var ikkje kontrollert av kommunane, som i hovudsak måtte opptre som formidlingsinstans for statlege og fylkeskommunale verkemiddel og andre eksterne ressursar for bedriftene. I fase tre finn man eit institusjonalisert politikkområde: den lokale næringspolitikken. Her har dei fleste kommunar fått eigne næringsfond der dei må ha eit administrativt apparat og utarbeide strategiske planar, i tillegg til å ivareta utviklingsorienterte oppgåver. Oppgåver for ein lokal næringspolitikk inneheldt både planlegging, administrasjon og entreprenørskap. Dette er dei klassiske funksjonane innan leiing av ein organisasjon, og på dette stadiet kan me tale om lokal næringspolitikk som eit institusjonalisert politikkområde (Bukve, 1995).

Den lokale næringspolitikken kan delast inn i 3 fasar. I den første fasen (60- til slutten av 70-talet), kan me karakterisere den næringspolitiske kommune som ein tilretteleggingskommune. Kommunane si formelle rolle i næringspolitikken var i denne perioden avgrensa til fysisk tilrettelegging for industriutbygging. Kommunane med ein meir aktiv næringspolitikk la vekt på aktiv marknadsføring og kontakt med bedrifter som ville flytte til kommunen.

Tiltaksarbeidet var ein aktivitet som voks fram innanfor ramma av tilretteleggingskommunen (Bukve, 1995). I fase to slo det kommunale tiltaksarbeidet for alvor gjennom. I denne perioden (slutten av 70-talet til slutten av 80-talet) blir verksemda i aukande grad retta mot å utvikle lokale ressursar framfor å trekke til seg ny verksemd utanfrå. Kommunane tilsette eigne tiltaksmedarbeidarar som arbeidde for å utvikle nye nærings tiltak, og viktige nye verkemidlar i kommunen var bedriftsrådgeving, kompetanseutvikling og mobiliseringsprosjekt (Bukve, 1995). I tredje og siste fase får distriktskommunane med innføringa av kommunale næringsfond råderett over endå eit nytt verkemiddel, men samstundes går utviklinga mot ei sterkare målstyring av den lokale næringspolitikken med statlege plankrav og målstyring som verkemiddel. Det er auka vekt på målstyring, og

strategisk næringsplanlegging og kommunale næringsfond er nye verkemiddel som kommunane skal handtere i eit målstyringsperspektiv (Bukve, 1995).

Resultata av ein lokal næringsutvikling kan vere av mange slag, men eit viktig skilje går mellom direkte resultat i form av nye arbeidsplassar, og indirekte resultat som kan styrke dei langsiktige vilkåra for næringsutvikling, som auka sjølvtrua og tru på egne krefter, auka kunnskap om næringsverksemd og nye kontaktnett. Til sjuande og sist er det likevel avgjerande at man kan vise til at næringspolitikken gjev konkrete resultat i form av nye arbeidsplassar (Bukve, 1995).

Ut ifrå undersøkingar der Bukve (1995) samanlikna sysselsetjingsutviklinga i kommunar med og utan ein aktiv næringspolitikk, blei resultata at dei næringspolitiske variablane har så å seie ingen effekt, korkje på den låge sysselsetjingsutviklinga i privat sektor eller på utviklinga av arbeidsløysa, noko som må vera eit trist resultat for dei som har trua på tiltaksarbeidet. Ulike forklaringar til dette meiner Bukve (1995) å finne i styringsforholda mellom stat og kommune i landet, at man har leita etter feile variablar eller at innsatsen har vore for spinkel til at det er rimeleg å forvente store utslag på sysselsetjingsstatistikken (Bukve, 1995). Lokal næringspolitikk i Noreg har rett og slett vore mykje prat og lite handling. Frå tidleg på 80-talet fekk det kommunale tiltaksarbeidet styrka stillinga si, men det som kunne ha vore vidareføringa, kom aldri. I staden satsa staten på å styrke grepet på arbeidet på kommunenivå gjennom nye krav til planlegging og målstyring (Bukve, 1995).

Utvikling av næringar og arbeidsplassar er ei av rollane kommunane har som samfunnsutviklar og har her ansvaret for å disponere sine egne areal (Teigen & Lien, 2012). For kommunar med lite areal og stor pågang av investeringar, er planleggings- og tilretteleggingsfunksjonen den viktigaste rolla kommunen har som utviklingsaktør. Den kommunale tilretteleggingsfunksjonen er når kommunen gjennom planlegging bestemmer detaljert kva for delar av kommunen som skal opnast for ulike næringar (Teigen & Lien, 2012). På den andre sida, kommunar som har mykje areal, men manglar etablerarar og investorar, må sjølv aktivisere seg for å få næringsutvikling. I tillegg til tilretteleggingsfunksjonen må også kommunane ta steget inn i dei prosessane som endar opp med nyetableringar eller vekst i eksisterande bedrifter, noko som kallast intervensjonisme (Teigen & Lien, 2012). Det blir kalla intervensjonisme fordi at det skilpar idealarbeidsdeling mellom privat og offentleg sektor, altså at kommunen intervensjoniserer på arenaen til private bedrifter og bidrar til økonomisk støtte og rettleiing. Som utviklingsaktør

kan kommunen velje ulike strategiar for utvikling av kommunen. Bortsett frå tilrettelegging og intervensjonisme kan kommunen velje mellom satsing av nyetableringar eller eksisterande næringsliv, eller satsing på enkeltnæringer eller næringsnøytral satsing (Teigen & Lien, 2012).

Debatten om kommunestorleik og kva for oppgåver kommunen som administrativ eining skal ha, inneheldt ein klar sentrum-periferi-dimensjon. Dei minste kommunane er ofte perifert lokaliserte og prega av stor avstand internt i kommunen og til næraste senter (Magnussen & Pettersen, 2003). Desse kommunane er ofte lokalisert i geografiske område der busetjinga allereie er tynn og har ei negativ folketalsutvikling, og der tenestetilboda er få og spreidde, noko som set etablerte tenestetilbod under press (Magnussen & Pettersen, 2003). Folkesetnad i endring (t.d. aldring), gjer at behovsstrukturen i kommunale tenester og ytingar blir endra, samstundes som evna til sjølvhjelp og uformelle løysingar gradvis blir svekka.

Så i kva slags grad blir kommunen som utviklar, påverka av storleik? Ut ifrå forskning omkring forholdet mellom kommunar og evna til å ivareta pålagte oppgåver, er det klart at små kommunar er i god stand til å produsere grunnleggjande velferdstenester for innbyggjarane, sett at det statlege overføringssystemet sikrar nok middel til dette, i tillegg til at kompetanse og erfaring er viktige ressursar og føresetnader for lokalt utviklingsarbeid (Magnussen & Pettersen, 2003).

Ved sida av rolla som iverksetjar av lovpålagde tenestar, kan kommunen som utviklar velje mellom ei *minimalistisk* eller ei *offensiv* rolle i lokal utvikling. Den *minimalistiske* rolla inneber knapt noko utviklingsperspektiv og rettar seg mot å sikre gjennomføring av lovpålagde oppgåver. Den *offensive* utviklarrolla inneber at kommunen prøver å utvikle heilskapelege strategiar, ut ifrå dei utfordringar og moglegheiter som kommunen sjølv opplever og definerer (Magnussen & Pettersen, 2003).

#### 4.2.3. Kommunen som utviklingsaktør i kystsona

Etter at havbrukseventyret starta for 30 år sidan, har næringen vore av stor interesse for kystkommunane, spesielt for dei næringssvake som hadde forhåpningar til at næringa kunne bidra til auka sysselsetjing, skatteinntekt og ringverknader elles (Sandersen, 2003). Det har vore ein stor vekst i havbruket og er i ferd med å bli den største og viktigaste kystnæringa, og det er kommunens oppgåve å fastsette kva slags areal i kystsona som skal brukast til

havbruk. På grunn av avgrensing på nyttige og ledige havbrukslokalitetar er dette i ferd med å bli eit knapt gode (Sandersen, 2003). Slik har kystkommunar og havbruksnæringa fått ein gjensidig avhengigheit.

Dette er i ferd med å endre seg, strukturendringane både for eigarskap og driftsmønster innanfor oppdrett av laksefisk, samt endringar i bedriftsskatinga, har gjort at lokal sysselsetjing og ringverknader frå verksemda har vore minkande, sjølv om produksjonen er dobla (Sandersen, 2003). På grunn av denne utviklinga har kommunane fått ein meir nyansert, kritisk og pragmatisk haldning til næringa, i tillegg til kommunens omsyn til naturvern, friluftsliv og turisme i kystsona. Ulike offentlege vernetiltak i kystsona (kystverneplaner og sikringssonar for laksefisk), har forrang for kommunale arealdisposisjonar. Arealplanlegging i kystsona har sjølvstort stor tyding for fiskeri- og havbruksinteresserte, men kommunane utarbeider også strategiske næringsplanar med tyding for fiskeri- og havbruksnæringa og har ein viktig rolle som høringsorgan i havbruksforvaltninga (Sandersen, 2003).

Lakseoppdrettsnæringa har vore den store vekstmotoren gjennom produktivitetsvekst og ein enorm volumvekst, mens fangstsektoren primært har auka sitt bidrag til verdiskapinga gjennom auka prisar og produktivitetsvekst (Reve & Sasson, 2012).

Motiv for å planleggje i kystsona variere sterkt mellom kommunane, men for dei fleste er kystsonoplanlegginga knytt opp mot eit ønske om å styre arealbruk på ein samordna måte og å løyse konkrete eller forventede arealkonfliktar (Sandersen, 2003). Mykje tyder på at konfliktnivået og konfliktpotensialet auke med tal på aktørar og tal på havbrukslokalitetar i kystsona. Kommunen som utviklingsaktør i kystsona vil oftare måtte ta stilling til svært ulike typar havbruk med ulike lokale konsekvensar, ringverknader og utviklingspotensial, og med heilt ulike eigarstrukturar (Sandersen, 2003).

Det er lite som tyde på at forholdet mellom kystkommunen og havbruksnæringa vil endre seg mykje, og man kan anta at kommunane kjem til å forvalte viktige rammer for havbruksnæringa (Sandersen, 2003). Tida framover vil vise om kommunens myndigheit i kystsona etter kvart blir eit stort problem for utviklinga i havbruksnæringa og om forholdet mellom dei vil pregast av konflikt, eller om eit kommunalt sjølvstyre med eit godt lokalsamfunnkjem i eit positivt samspel med ei havbruksnæring i rivande utvikling (Sandersen, 2003).



## 4.3. Korleis kan samarbeidet utviklast?

### 4.3.1. Interkommunalt næringsssamarbeid

Utvikling av lokalsamfunnet og regionen er ein viktig del av oppgåvene til kommunane og fylkeskommunane, men er også eit felt der dei må samarbeide med andre aktørar for å lykkast (Bukve, 2012). Mange av dei interkommunale samarbeida gjeld tenesteproduksjon og fell i kategorien handlingsnettverk (Bukve, 2012) og berre nokre av dei interkommunale nettverka gjeld næringsutvikling og andre utviklingsoppgåver. Frå ei undersøking av norske kommunar fant Karlsen og Lindeløv (2003) ut at omkring 20 regionar hadde organisert interkommunalt samarbeid på næringsområde frå 1980 og fram til 1998, det blei ei trend å ha formell organisering av interkommunalt næringsutviklingsarbeid (Karlsen & Lindeløv, 2003). Selskapsorganisering kan betraktast som eit næringsliggjande konsept å ta i bruk for å få til eit forpliktande interkommunalt samarbeid, og det å etablere eit eiga selskap fordrar at kommunen har ein viss storleik og har ein viss mengde ressursar. Løysninga for små kommunar kan vera å samarbeide med nabokommunane (Karlsen & Lindeløv, 2003). Det kan hevdast at næringsutvikling har berre med privat næringsliv å gjera og derfor må handterast av visse profesjonar og personar med tilknytning til privat næringsliv (Karlsen & Lindeløv, 2003). Dette er eit uttrykk som kan kallast den "smale næringsutvikling", ei forståing av næringsutvikling som noko som føregår innafor eit segment som heite næringsliv (Karlsen & Lindeløv, 2003). Det man kallar den "breie næringsutviklinga" dreier seg om ei forståing av næringsutvikling som noko som finn stad i bedriftenes samhandling med samfunnet omkring (Karlsen & Lindeløv, 2003). Dersom næringsutviklinga har med infrastruktur, utdanning og kultur å gjera, kan det vera naudsynt å heva blikket frå eit kommunalt til eit regionalt nivå og samtidig frå "smal" til den "brei" næringsutvikling (Karlsen & Lindeløv, 2003). I casen til Karlsen og Lindeløv (2003), fant dei at interkommunalt samarbeid fordrar mykje interaksjon, ikkje berre frå dei andre kommunane, men også frå dei institusjonelle aktørar som andre offentlege etatar med ansvar for utdanning, kultur og infrastruktur, næringsutviklarar, samt næringslivet. Nokre kommunar kan også få eit tap av styringsmoglegheiter, og det kan oppstå samarbeidsproblem som lokaliseringskonflikt og konflikt om ressursfordeling (Karlsen & Lindeløv, 2003).

### 4.3.2. Klynger og nettverk

Gjennombrotet frå eit næringsutviklingsperspektiv kom med introduksjonen av næringsklynger (Reve & Sasson, 2012). Harvard-professor Michael Porter har hatt størst


tyding for utviklinga av næringsklyngeomgrepet og for bruk av næringsklynger som grunnlag for næringspolitikk (Reve & Sasson, 2012). Klyngeomgrepet kan dreie seg om en gruppe antikvitetsbutikker som er lokalisert i same gate eller heile næringar som er kopla saman på komplekse måtar, der kunnskaps-, teknologiutvikling og innovasjonar driv fram i samspelet mellom aktørane (Jakobsen, 2008). Fujita, Krugman og Venables (Jakobsen, 2008) definerer klynger slik: *‘Agglomeration – the clustering of economic activity, created and sustained by some sort of circular logic – occurs at many levels, from the local shopping districts that serve surrounding residential areas within cities to specialized economic regions like Silicon Valley (or the city of London) that serve the world market as a whole’*.

Det finnes ikkje ein presis definisjon på næringsklynger, men all litteratur har ein felles kjerne, og det er ein eller anna form for geografisk avgrensa eksternalitetar som føre til høgare produktivitet blant aktørane som er lokalisert i området i forhold til aktørar utanfor området (Jakobsen, 2008). Den mest refererte definisjonen av ei næringsklynge kjem frå Michael Porter: *‘A cluster is a geographically proximate group of interconnected companies and associated institutions in a particular field, linked by commonalities and complementarities.’* (Jakobsen, 2008). Denne definisjonen beskriver gjensidig avhengighet mellom sjølvstendige bedrifter innanfor eit avgrensa geografisk område, i form av likhet i behov (commonalities), og gjensidig forsterking (complementarities). I slutten av 1980-åra leia Michael Porter eit internasjonalt forskingsprosjekt som tok sikte på å forklare kvifor næringar i enkelt eland blir internasjonale suksessar, mens dei ikkje blir det i andre land (Jakobsen, 2008). Porter samlar innsikta frå studiane i boka si *‘The Competitive Advantage of Nations’*.

Vidare sumerar Porter innsikta i ein modell som seinare har blitt kalla Porters Diamant, og hovudpoenget her er at suksessrike næringar er kjenneteiknet ved sjølvforsterkande vekst, som drivast fram av konkurranse, samarbeid, innovasjonspress og kunnskapsutvikling blant bedrifter innanfor relativt små geografiske områder (Jakobsen, 2008).

Figur 4: Porters Diamant (Jakobsen, 2008:9):

## Productivity and the Business Environment



Porters Diamant bør forståast som eit organiserande rammeverk som ei lang rekke teoretiske mekanismar sorterast inn under. Rammeverket består av fire faktorar; *konkurransforhold*, *etterspørselsforhold*, *faktorforhold* og *‘relaterte støttenæringar’*. Innan konkurranseforhold er det fem variablar; konkurransetype, konkurransestruktur, kapasitetsforhold, inngangs- og utgangsbarrierar og spelsituasjonar (Reve, 2006). Etterspørselsforhold har også fem variablar; marknadsstørrelse og marknadsutvikling, internasjonale marknadsforhold, marknadsadgang og distribusjon, produkt differensiering og krevjande internasjonale kundar (Reve, 2006). Faktorforholda sine fem variablar er råvarer, spesialisert arbeidskraft, kompetente risikokapital, effektiv teknologi og industriell kunnskap (Reve, 2006). Og den siste, klyngeforholda sine fem variablar er avanserte leverandørar, gode FoU-miljø, industrielle tenester, kommersielle tenester og relaterte næringar (Reve, 2006).

### Oppsummering

Dette kapittel viser til samanhengen mellom næringsutvikling og regional utvikling og korleis regionale utviklingsressursar er med på å fremme innovasjon og utvikling i ein region. Entreprenøren er ein viktig del av regionsutviklinga og innovasjonsprosessen og for å styrke den lokale næringsutviklinga bør entreprenørskap bli eit satsingsområde i skulane. Kommunar kan ta på seg fleire rollar i eit næringsutviklingsarbeid. Det er 4 rollar i eit institusjonelt perspektiv som dreier seg om lovpålagde oppgåver kommunen må gjennomføre.

Elles er det ulike utviklarrollar innanfor kyst og havbruk, og i kor stor grad kommunars roller er minimalistisk eller offensiv.

Når man skal utvikle lokalsamfunn og region må man samarbeide med andre for å lykkast og då kjem ein inn på teori som omfattar kommunalt og interkommunalt samarbeid og kor viktig det er med næringsklynger.

## 5.0. Metode

I dette kapitlet vil eg vise korleis eg har gått fram for å finne svara på mi problemstilling. Metode er måten man går fram for å kunne løyse eit problem (Mehmetoglu 2004). Eg vil her gjere reie for den prosessen eg har vore gjennom. Eg har tatt utgangspunkt i ein kvalitativ metode og eg vil her starte med å forklare kvifor denne metoden blei valt i studien. Vidare vil eg beskrive korleis datainnsamlinga har føregått og kva slags metode eg har brukt for å samle inn data. Eg vil til slutt i dette kapitlet ta nokre kritiske vurderingar av datainnsamlinga, både i forhold til korleis denne har blitt utført og i kor stor grad det påverke resultata og kor stor troverdigheit dei har. Problemstillinga er utgangspunktet for kva slags teori eg har brukt, og intervjuguiden tar utgangspunkt i teorien. Kapitlet om analyse kjem etter kapitlet om presentasjon av data, som inneheldt både vedtak frå næringsplanar og intervju. Prosessen gjennom oppgåva har vore lineær, med unntak frå at eg har analysert frå eg starta på denne studien.

### 5.1. Val av metode

Eg er ute etter å finne ut meir om næringsutviklinga i Nordhordland. Kva det kommunale næringsutviklingsarbeidet er og kva slags roller kommunane har. For å finne ut meir om det, må eg gå djupare i temaet. Valet av metode er avhengig av kva ein prøver å finne ut av (Silverman 2011). Derfor er ein kvalitativ tilnærming mest aktuelt i dette tilfellet (Mehmetoglu, 2004). Ved å bruke kvalitativ metode får eg ein nærleik til dei som studerast, og dermed djupare og utfyllande data. Eg har valt å intervjuje få informantar som kan gje meg mykje informasjon om deira nåverande situasjon, i staden for generelle data frå store utval. Det hadde vore lite relevant for mi problemstilling. Derfor har eg valt å gjennomføre eit strukturert intervju, som betyr fult forberedt spørsmål utan improvisasjon (Silverman, 2011). Eg skal snakke med informantane der eg tar opp samtalen med lydband og transkriberer det etterpå. På denne måten ønsker eg å få innsikt i korleis informantane sjølv opplever kommunens rolle i forhold til næringsutvikling og samarbeid i regionen.

### 5.2. Datainnsamling og utval av informantar

For å samle inn data som kan belyse min problemstilling, har eg valt å ta utgangspunkt i 6 kommunar i Nordhordlandsregionen, og valt vekk dei tre som ligg mest utanfor område.

Når eg skulle velje informantar er utvalet tatt med bakgrunn i problemstillinga og eit mål om at studien skal gje meg den informasjonen eg leiter etter. I forhold til problemstillinga er det leiarar eller dei som har ansvaret for næringsutviklinga i kommunen som er aktuelle. For Lindås og Austrheim kommune som har felles næringsjef, blei det naturleg at valet falt på han. Han er då representant for både kommunane, sidan han har hovudansvaret for næringsutviklinga i kommunane. Radøy og Meland har ingen næringsjef eller eigne stillingar knytt til næringsutvikling. I begge kommunane er det Ordførarane som har gjort det som ein del av si eiga stilling, og dei har sjølv ansvaret for næringsutviklinga eller kontakt med næringslivet i kommunane. Derfor er dei aktuelle som informantar og er representant for kommunens næringsutvikling. I Masfjorden og Gulen har dei heller ikkje eigen næringsjef, men dei har eit felles selskap, GMU (Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap) der den daglege leiaren der har hovudansvaret for næringsutviklinga og kontakt med næringslivet i både kommunane. Slik er ho representant for Masfjorden og Gulen.

#### *Informantar*

Øystein Sørhaug: Næringsjef for Lindås og Austrheim kommune

Jon Askeland: Ordfører i Radøy kommune

Nils Marton Aadland: Ordfører i Meland kommune

Solveig Daae Kristiansen: Dagleg leiar i GMU (Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap)

### **5.3. Intervju**

Datainnsamlingsmetoden eg har brukt i denne studien, er intervjuundersøking. Gjennom intervju ynskjer eg å få ein meir detaljert beskriving av informantanes erfaring og meiningar, slik at eg lettare kan forstå studiets tema og problemstilling.

Eg utarbeida konkrete spørsmål i ein intervjuguide, utarbeida frå teorien. Eg forberedte denne på førehand. Eg brukte same intervjuguide på alle informantane. Eg delte intervjuguiden opp i tre delar, kategorisert etter forskingsspørsmåla i problemstillinga og det blei til saman 18 spørsmål i tillegg til oppfølgingsspørsmål.

Intervjua blei gjennomført i løpet av ei veker tid og informantane fekk bestemme kor dei ville møtast. Alle intervjua føregjekk på deira eigne kontorar der dei arbeider. Intervjua tok ca. 1 time. Dei ulike intervjua var noko ulike, det kom an på kor mykje informanten snakka. Nokon

gjekk djupare inn i visse tema enn andre og motsett. Og om det var noko som eg følte mangla, så spurte eg om dei kunne sei litt meir om det temaet, for å tydeleggjere informasjonen.

Som sagt ovanfor blei det brukt bandopptakar under intervjuet. Dette blei informantane informert om først, slik at dei kunne sjølv bestemme om dei ville det eller ikkje. Alle informantane godkjente bruk av bandopptakar, noko som eg følte var ein stor fordel for meg ettersom i staden for å notere kunne eg konsentrere meg om å lytte og ta betre del i samtalen. Slik viste eg meir interesse, samtidig som eg fekk all informasjon på band. Ein anna fordel med bandopptakar var at eg kunne transkribere intervjuet etterpå, slik at eg fekk heile intervjuet ordrett ned og all informasjon.

#### **5.4. Metodisk refleksjon**

Eg som intervjuar, går inn i denne prosessen med forventning, inntrykk, og ein formeining om temaet. Dette kan vere med på å påverke min tolking av informasjonen eg har innhenta ved intervju. Utgangspunktet mitt for å tolke mine data baserast på litteraturen eg har lest, samt personlege forhold. Litteraturen er det som står i teorikapitlet, og teorien kan påverke min tolking ved å bekrefte eller avkrefte det eg har lest. I tillegg kan det bli lett for å oversjå nye aspekt ved temaet om eg blir for opphengt i det som eg synest er kjent i frå før.

##### *Truverdigheit*

For å styrke datamaterialets reliabilitet, har eg sendt det transkriberte datamaterialet til informantane slik at dei kan sjå øve det som er vorte sagt. I ein slik samtale, som i tillegg er teken opp på lydband, er det lett for at man gjerne roter seg litt vekk og teksten kan bli feil.

Ved å la informantane lese intervjuet på papir er det mulig å korrigere eventuelle feil, så dette føler eg styrker truverdigeita i studien.

##### *Utfordringar*

Det kan vere mange utfordringar som dukkar opp i ein slik prosess. Intervjuguiden kan vere bygd opp feil, og eg kan ha stilt feile spørsmål. Det var mykje fram og tilbake på intervjuguiden før den blei ferdig. Eg synest sjølv at intervjuguiden dekkar det meste omkring temaet og nokre områder som kanskje ikkje var fullt så relevant for nokre av kommunane. Elles er det mykje relevant informasjon i kommunanes strategiske næringsplanar/kommuneplanar.

## 6.0. Presentasjon av data

I førre kapittel beskrivast intervju som val av metode, og eg vil her i dette kapittel presentere funna frå intervju. Eg vil også presentere utvalde vedtak frå næringsplanar/kommuneplanar frå kvar einskild kommune for å belyse kva dei fokuserer på i sitt næringsutviklingsarbeid. Eg delar presentasjonen opp i kvar kommune og startar med ein presentasjon av vedtak frå næringsplan, deretter datamaterialet frå intervju.

For dei kommunane som ikkje har eigen næringsplan vil eg presentere deler av kommuneplanen/samfunnsdelplanen deira som dreier seg om næringsutvikling. Det er litt forskjell på mengde data frå kvar kommune. Lindås og Austrheim har fleire strategiske tiltak innan næringsutvikling enn dei andre kommunane.

### 6.1. Lindås og Austrheim

#### *Næringsplanar og vedtak*

På bakgrunn av Bergensregionens hovudmål: Bergensregionen skal innan 2025 vere leiande i Noreg på kunnskapsbasert, berekraftig utvikling innan dei næringar kor regionen har spesielle fortrinn., har Lindås og Austrheim overordna mål for næringsarbeidet:

- Mongstad skal vidareutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri.
- Nordhordland og Bergensregionen skal verta eit internasjonalt kompetansesenter innan reinseteknologi for CO<sub>2</sub> og annan miljøteknologi.
- Nordhordland skal styrkast og synleggjerast som eit leiande logistikknutepunkt i Europa.
- Nordhordland skal verta ein attraktiv og føretrekt region for busetting og oppleving.
- Lindås og Austrheim skal vere blant landets fremste næringskommunar.

Bak desse måla har Lindås og Austrheim i deira strategiske næringsplan utarbeida 4 ulike strategiar med fleire innsatsområde som sikrar at mål og strategiar vert fylgd opp gjennom konkret handling.

#### **Strategi 1: Ny industrireiseing på Mongstad (satt opp fem innsatsområder)**

1. CO<sub>2</sub>-satsinga på Mongstad.



Mongstad kan på sikt utviklast til å bli eit internasjonalt CO<sub>2</sub>-knutepunkt, som har kompetanse og aktivitet som strekker seg over heile verdikjeda innan CO<sub>2</sub>-håndtering (Fangst, transport og lagring), samt industriell bruk av CO<sub>2</sub>.

*Tiltaka: Kommunane skal gjere TCM (Teknologisenter Mongstad) til eit internasjonalt senter og knutepunkt for CO<sub>2</sub>-reinsete teknologi og etablere eit CCS Kompetanse- og næringsutviklingssenter og FoU-miljø på Mongstad. Jobbe aktivt for at prosjektet med fullskalareinseanlegg på Mongstad blir realisert og støtte prosjekt og initiativ som bidrar til CO<sub>2</sub> kan nyttast som eit råstoff og ein ny ressurs i ny næringsutvikling.*

## 2. Nyskaping og entreprenørskap.

Ny industrireising på Mongstad krev etablering av nye verksemdar og satsing på nye forretningsmoglegheiter. Leggje til rette for nye næringar på Mongstad og bidra til å etablere ein breiare næringsstruktur utanom petroleumsindustrien, i tillegg satse på entreprenørskap i eksisterande verksemdar. Lage nettverk og utviklingsmiljø som kan bidra til å løfte fram nye forretningsmuligheiter.

*Tiltaka: Etablere ein industriinkubator (SIVA-konsept) på Mongstad, pådrive oppstartsfasen og vidareutvikle inkubatoren. Etablere eit bedriftsnettverk av sentrale aktørar på Mongstad og i Sløvåg med mål om auka samarbeid og vidareutvikling av verksemdene. Etablere eit politisk møtefora mellom verksemdar og lokale politikarar for å fange opp viktige nærings saker. Vidareutvikle den industrielle infrastrukturen i området for å utnytte råvarene som er knytt opp til aktiviteten på Mongstad (naturgass, spillvarme, CO<sub>2</sub>, osv.). Hjelp verksemdar med informasjon om utviklingsmoglegheiter innanfor det offentlege verkemiddelapparatet (Innovasjon Noreg, Fylkeskommunen). Arbeide for at Mongstad Næringshage framleis skal vera ein aktør innan næringsutvikling, nyetablering og gründerverksemd i regionen.*

## 3. Logistikk og hamn.

Fensfjorden med Mongstad og Sløvåg er eit strategisk viktig industriområde i nasjonal samanheng, som er attraktivt for utvikling og vekst og må derfor bli utnytta på best mogleg måte i eit samspel mellom industri, næring, oppleving, busetting, fritid osv. Kommunane har eit ansvar for å sjå på heilskapen i ei slik utvikling. Plassering av ny storhamn til Mongstad vil vere svært viktig for vidare vekst i området og vil opne opp for nye næringar og funksjonar. Ei slik avgjerd vil også styrke posisjonen til forsyningsbasen og leverandørindustrien på Mongstad Sør. Mongstad må sikre seg at området har tilstrekkeleg med kai-kapasitet til å ta

imot aktørar som ynskjer å satse innanfor ulike næringar.

*Tiltaka: Jobbe for at Mongstad vert ein ny framtidig storhamn for godstrafikk i Bergensregionen og ta del i arbeidet med ein interkommunal kommunedelplan for Fensfjordområdet. Planen skal bidra til å utnytte Mongstad og Sløvåg sitt potensiale som nasjonalt og regionalt industri-, og utviklingsområde, og skal utarbeidast i samarbeid med kommunane Gulen, Fedje og Masfjorden. Auke kai-kapasiteten på Mongstad, slik at nye næringsaktørar får tilgang til sjø og kai frå dei behova verksemdene har.*

#### 4. Infrastruktur.

Det er avgjerande å leggje til rette for god infrastruktur til eksisterande og nye næringsområde

*Tiltaka: Kommunane skal bidra til å sikre god infrastruktur til dei nye næringsområda. Etablere eit interkommunalt samarbeid som bidreg til framtidsretta kapasitet og forsyningstryggleik på drikke- og industrivassida gjennom vidare utbygging og samankopling av leidningsnettet mellom kommunane. Vere ei aktiv pådrivar for at FV57 frå Knarvik til Mongstad vert omklassifisert til riksveg fordi at vegen fram til eitt av landets viktigaste industriområde må ha ei nasjonal prioritering, gjeld også tilkomst frå Austrheim og Sogn og Fjordane. I tillegg må det etablerast betre trafikktryggleik på FV57 og det skal vere samanhengande gang- og sykkelveg mellom Knarvik og Mongstad. Kommunane skal også bidra sterkt til at Nordhordlandspakken vert realisert.*

#### 5. Skule, utdanning og kunnskapsdriven næringsutvikling.

Kompetansedreven næringsutvikling basert på samarbeid mellom næringsliv, utdanningsaktørar og det offentlege er viktig i framtidig næringsutvikling. Kommunane treng fleire verksemdar og aktørar som etterspør arbeidskraft med lang utdanning, dette gjeld både innan privat og offentleg verksemd. Fleire kunnskapsarbeidsplassar vil gjere området meir attraktivt for folk med høgare utdanning. I tillegg er det viktig å oppretthalde og vidareutvikle den sterke posisjonen kommunane har knytt til personell med fagutdanning.

*Tiltaka: Kommunane skal vere aktiv samarbeidspartnar og pådrivar i forhold til å oppretthalde og styrke det gode samarbeidet mellom skule og næringsliv i regionen. Dei skal bidra til å oppretthalde Hordalandsavtalen som gjer at elevgrunnlaget for Austrheim Vidaregåande skule vert styrka og dei skal i tett samarbeid med næringa i Mongstad-området vurdere eit samarbeid om eit Newtonrom på Mongstad. Eit Newtonrom kan bidra til å synleggjere kjernekompetanse i området.*

*Kommunane skal vere ein aktiv pådrivar for å etablere aktuelle høgskuletilbod i Mongstad-*

området knytt til dei kompetansebehov som industri og næring har. I tillegg skal kommunane jobbe målretta med å få på plass fleire kunnskapsarbeidsplassar som krev høgare utdanning. Dei skal også ta initiativ til å få fram idear og samarbeidsprosjekt som kan danne grunnlag for klyngeutvikling, klynge samarbeid eller anna bedriftsretta forskings- og utviklingsarbeid i Mongstad-området. Kommunane skal vurdere å sjå på ulike bedriftsretta klyngeprogram som ARENA og NCE.

## **Strategi 2: Ein synleg og tydeleg region (satt opp 3 innsatsområder).**

### **1. Allianse- og nettverksbygging i Bergensregionen**

Kommunane er i dag med i det regionale samarbeidet Business Region Bergen, kor 20 kommunar har vedtatt ein felles strategisk næringsplan for Bergensregionen. For å få til ei god og framtidsretta utvikling i Bergensregionen er det viktig med eit overordna regionalt samarbeid, og Lindås og Austrheim støttar aktivt opp om Business Region Bergen. Men i eit regionalt samarbeid er det også viktig å vere synleg på egne kvalitetar og bygge eigen identitet, det er noko Lindås og Austrheim ynskjer prioritere høgt i åra framover. Kommunane ynskjer å synleggjere at Mongstad-området og kommunane Lindås og Austrheim er eit strategisk viktig område for Bergensregionen og Hordaland Fylke. For å få til dette, er det viktig at kommunane jobbar målretta med regional allianse- og nettverksbygging.

*Tiltaka: Kommunane skal ha ein tettare og meir aktiv dialog med leiinga i Bergen kommune, Hordaland Fylkeskommune, Business Region Bergen og Fylkesmannen i Hordaland. I tillegg skal kommunane samarbeide tett med andre kommunar i Business Region Bergen, både strategisk og i enkeltsaker. Dei må vere aktivt med i det overordna politiske nettverket Bergensalliansen. I tillegg skal kommunane styrke sin posisjon og synleggjera seg meir aktivt i Business Region Bergen. Kommunane skal aktivt bruke nærings- og interesseorganisasjonar som til dømes Bergen Næringsråd, HOG Energi og Business Region Bergen til løfte fram viktige saker regionalt og nasjonalt. I tillegg skal kommunane vere synleg i aktuelle næringsnettverk i Bergensregionen og vere ein ambassadør for næringslivet på Mongstad og i Nordhordland. Dei skal synleggjera Mongstad-området og Nordhordland som eit attraktivt område for investeringar innan næring, industri, kunnskap, oppleving og frid.*

### **2. Aktivt og synleg i nasjonale og internasjonale nettverk**

Mongstad er viktig i nasjonal og internasjonal samanheng, og kommunane Lindås og Austrheim får mange positive synergieffektar med dei mange store utbyggingane. Men det å

vere vertskommunar for eit nasjonalt industriområde er også krevjande for mindre kommunar som Lindås og Austrheim. Kommunane har ei rekkje utfordringar med Mongstad-området som krev store investeringar, til dømes vassforsyning og tilrettelegging av fjernvarme. Dette er investeringar kommunane ikkje kan ta åleine. Mongstad er i dag vår fremste ”internasjonale merkevare” og dette bør kommunane og Nordhordland bruke meir målretta i marknadsføring. CO2-satsinga har stor internasjonal interesse og Teknologisenteret på (TCM) tar imot fleire utanlandske delegasjonar kvar veke. Denne interessa kan nyttast til å styrke omdøme til Mongstad og kommunane.

*Tiltaka: Kommunane skal jobbe meir målretta med synleggjere utfordringane med det å vere vertskommune for store ilandføringsanlegg for olje og gass. Det betyr mellom anna at kommunane, i samarbeid med andre aktørar i Bergensregionen, må visa seg oftare på Stortinget, samt bruka ”eigne” stortingsrepresentantar meir målretta. Kommunane skal vere ein aktiv pådrivar for å etablere eit nasjonalt nettverk av petroleumskommunar, det skal vere eit interessenettverk som skal jobbe for interessene til kommunar med ilandføringsanlegg for olje og gass. Dei skal gjennomføre ei kartlegging av sentrale nasjonale nettverk kor kommunane bør bli meir synleg.*

### 3. Profilering, kommunikasjon, merkevarebygging og omdøme.

Det er viktig for kommunane å bygga gode alliansepartnarar regionalt og nasjonalt både for å gjera området kjend, men også for å kunne påverka diskusjonen om Mongstad. Generelt bør ein skryta meir av området og bygga opp omdømmet. Ikkje berre av næringslivet, men heilskapen i kommunane: kulturliv, natur, skuletilbod etc. Kommunane og regionen manglar ein tydeleg profil, og eit arbeidsfellesskap som fokuserer på dette. Det er naturleg at kommunane Lindås og Austrheim tek ei aktiv og leiande rolle når det gjeld profilering og marknadsføring av Mongstad spesielt, men også ha eit tett samarbeid med kommunane i Nordhordland om ei overordna profilering av regionen.

*Tiltaka: Kommunane skal utarbeide ein merkevareplattform for Mongstad og regionen (Mongstad-profilen) i tett samarbeid med sentrale aktørar frå næringsliv og det offentlege. Dei skal bidra i arbeidet med å utvikle ei internasjonal og nasjonal nettside som kan brukast til profilering og informasjon om Mongstad, samt lage ein profileringsfilm om Mongstad. Dei skal samarbeide med Regionrådet i Nordhordland om ei overordna profilering av Nordhordland og gjennomføre ei omdømekartlegging av Mongstad. Kommunane skal etablere ein Mongstadkonferanse med fokus på kommunane og det offentlege si rolle som*

*samfunnsbygger. Viktige stikkord er regional omdømebygging, busetting, turisme og oppleving, entreprenørskap, profilering og næringsutvikling. Kommunane må vere meir synleg overfor ungdom og studentar og i samarbeid med næringslivet, sjå på moglegheit for å etablere ei "informasjonsgruppe" som er til stades på utdanningsmesser og karrieredagar ulike stader i landet. Dei må ta initiativ til ein "skrytefestival" eller ein "Manifestasjon Nordhordland" som skal bidra til å vise fram kvalitetane til kommunane og regionen. Viktig stikkord: " Det er lov å skryta av oss sjølv". Dei skal samarbeide tett med Business Region Bergen om ei felles overordna profilering av heile Bergensregionen. Kommunane må sjå på eit samarbeid med næringslivet når det gjeld besøk av internasjonale delegasjonar til regionen og i samarbeid med næringslivet etablere ei nettside for Nordhordland med fokus på næring og næringsutvikling. Dei skal også arbeide aktivt for å synleggjera strategiar og aktivitetar i lokale, regionale og nasjonale media.*

### **Strategi 3: Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (satt opp seks innsatsområder)**

#### **1. Heilskapleg areal- og næringsutvikling i Austrheim/Lindås.**

Det er viktig at Lindås og Austrheim legg opp til eit heilskapleg fokus rundt utvikling av næringsareal, senterstruktur og bygging av bustadar. Det bør spesielt sjåast på aksen frå Knarvik til Mastrevik. Det er viktig at vi får ei god og balansert senterutvikling med Knarvik som eit regionsenter. For å legge opp til ei heilskapleg næringsutvikling frå Bergen til Mastrevik, og for å tiltrekke fleire næringsaktørar til å etablere seg i Nordhordland, er det også viktig å sette av tilstrekkeleg med næringsareal i søre del av Lindås.

*Tiltaka: Kommunane skal etablere eit fellesprosjekt som ser på heilskapleg nærings-, senter- og bustadutvikling frå Knarvik til Mastrevik og jobbe for at det blir lokalisert større næringsområde langs aksane E39 og FV57 innafor 15 minutt kjøring frå Knarvik.*

#### **2. Reiseliv, turisme, oppleving og aktivitetar**

Større aktivitet i og rundt Mongstad-området er eit viktig mål for kommunane. Kommunane ynskjer å tiltrekke seg nye verksemder og attraktiv arbeidskraft, og målet er at fleire ynskjer busette seg i området. Skal vi får til det, må vi bygge opp gode og attraktive tilbod til born og vaksne. Reiselivet i Nordhordland har eit stort utviklingspotensial og det må satsast meir målretta på å marknadsføra dei unike kvalitetane, dette gjeld spesielt opplevingar og aktivitetar knytt til hav, kyst og natur. Regionen må også bli flinkare til å bruke

”fyrårnarrangement” som Knarvikmila og Havsportveka i overordna marknadsføring av regionen. Skal Nordhordland bli ein synleg reiselivsdestinasjon må regionen ha ein profesjonell og målretta reiselivsstrategi i tett samspel med Bergensregionen og sentrale regionale reiselivsaktørar. Det er viktig å få på plass ein infrastruktur og organisasjon/nettverk som kan handtere dette og gjera reiseliv til ei levedyktig næring. Det må også vere ein ambisjon at Nordhordland er med i NCE Fjord Tourism. I tillegg bør kommunane satse på opplevingsturisme som er spesielt for regionen, til dømes industriturisme på Mongstad. Store industrielle anlegg, med avansert ingeniørkunst er blitt eit interessant reisemål for ulike målgrupper.

*Tiltaka: Kommunane skal bidra aktivt i arbeidet med å etablere ein ny og framtidretta reiselivsstrategi for Nordhordland og bidra aktivt i vidareutvikling av ”fyrårnarrangement” som Knarvikmila og Havsportveka, og bruke dei meir aktivt i profilering av kommunane og regionen. Dei skal bidra aktivt i vidareutvikling av konseptet med Mongstad Energy Roundtrip (industriturisme).*

### 3. Landbruk

Landbruket er ein viktig næring for Lindås, Austrheim og for heile Nordhordland, og det er spesielt viktig at fokuset på næringsutvikling blir løfta fram. Ei aktiv landbruksnæring er også ein viktig føresetnad for aktiv landskapsrøkt og kan vere eit godt utgangspunkt for oppleving og reiseliv. Landbruket i kommunane har dei seinare åra vore under hardt press, og næringa slit med pressa lønsemd, sviktande rekruttering og avgang av næringsaktørar. Kommunane har tradisjonelt sett hatt eit stort ansvar for utvikling av landbruket og kvar kommune har hatt kompetanse knytt til eit landbrukskontor. I dag ser vi at fleire kommunar samarbeider om å ha landbruksfagleg kompetanse. Lindås og Austrheim har ikkje eit slikt samarbeid i dag. Austrheim har nyleg etablert eit landbrukssamarbeid saman med kommunane Fedje og Radøy. Lindås hadde per februar 2011 ingen samarbeidspartnarar knytt til landbruket. Lindås og Austrheim skal i framtida ha fokus på utvikling av landbruket og tiltak må setjast i verk for å styrka næringsgrunnlaget til heiltids- og deltidsbonden. I dette perspektivet er det viktig å vite kva rolle kommunane skal ha. Etersom landbruk er ei næring som kommunane har eit spesielt ansvar for, er det avgjerande at det blir gjennomført grundige strategiske prosessar om kommunane si vidare satsing innafør landbruket.

*Tiltaka: Kommunane skal i samarbeid med Fedje og Radøy bygge opp eit felles landbrukskontor. Ein viktig del av utviklingsprosessen blir å utarbeide ein felles strategisk*

*landbruksplan for desse kommunane. For å sikre ei framtidretta landbruksnæring i Lindås kommune, skal kommunen gjennomføre ein overordna strategiprosess knytt til kommunen si landbrukssatsing.*

#### 4. Vidareutvikling av kultur- og aktivitetsregionen

Lindås og Austrheim er ein del av ein sterk kultur- og aktivitetsregion. Mellom anna blei Lindås kommune kåra til årets kulturkommune i Hordaland i 2010 og er kvalifisert til landsfinalen som ein av tre kommunar. Det kulturelle mangfaldet i kommunane er ein unik og attraktiv fordel som må brukast meir i marknadsføring og profilering av kommunane.

Kommunane ”produserer” også mange talent innan musikk og idrett, men dei forsvinn ut av regionen når dei vil spesialisere seg etter grunnskule. Ein region med eit så sterkt kultur- og aktivitetsfokus bør kunne tilby vidaregåande utdanning innan desse fagområda.

*Tiltaka: Kommunane skal arbeide målretta saman med dei vidaregåande skulane om å etablere musikk- og idrettsline i Nordhordland. I tillegg skal kommunane samarbeide med dei vidaregåande skulane om å opprette utdanningstilbod som kan styrke dei unike kvalitetane til kommunane, til dømes havsportline. Dei skal samarbeide med sterke kulturaktørar om profilering av kommunane.*

#### 5. Mangfalding næringsliv og ”Jobb nummer 2”

Bustad og næringsutviklinga i Lindås og Austrheim må sjåast i samanheng med resten av Bergensregionen. Det er ein føremon for bedriftene at arbeidskrafta ikkje er pendlarar, men slår seg til ro i regionen. For å få folk til å slå seg ned er det viktig at kommunane kan tilby eit mangfaldig næringsliv med ein ”jobb nummer to”, altså jobb til begge partar i eit forhold.

Lindås og Austrheim må difor synleggjera mangfaldet av arbeidsplassar som er i kommunane, og det inkluderer også kommunen i seg sjølv som arbeidsgjevar. Ei slik synleggjering må skje i eit samspel mellom næringsliv og kommune.

*Tiltaka: Kommunane skal arbeide for større mangfald i næringsutviklinga og bidra til å styrke næringar innan oppleving, kultur og reiseliv. Dei skal ta initiativ til ei kartlegging av verksemder, ”yrkesgrupper” og komplementære arbeidsplassar i kommunane, både i næringslivet og i offentleg sektor. Resultata skal brukast aktivt av kommunane og næringslivet i profilering og omdømearbeid.*

#### 6. Attraktivitetsbarometer Nordhordland

Næringslivets Hovudorganisasjon (NHO) og Telemarksforsking kårar kvart år landets beste næringskommune og det mest attraktive område i Noreg. Kommunane i Nordhordland ligg langt framme på lønnsemd og vekst, men har eit utviklingspotensial på entreprenørskap, nyetableringar og attraktivitet.

*Tiltaka: Kommunane skal ta ei aktiv rolle for å auka attraktiviteten til Nordhordland og bidra til å utvikle eit eige "attraktivitetsbarometer" for Nordhordland. Dette bør vere eit samarbeidsprosjekt med dei andre kommunane i Nordhordland (Regionrådet), Telemarksforsking og næringslivet.*

#### **Strategi 4: Aktiv, positiv vertskap (satt opp tre innsatsområder)**

##### **1. Samhandling og samarbeid i Nordhordland**

Skal Lindås og Austrheim nå målsettingane i strategisk næringsplan er det særst viktig å ha eit tett samarbeid med dei andre kommunane, næringslivet og andre sentrale aktørar i Nordhordland. Mange av aktivitetane og tiltaka krev eit regionalt fokus og ei samordning mellom ulike aktørar. Det er viktig at alle aktørane som jobbar med nærings- og samfunnsutvikling i Nordhordland samlar seg om dei viktige sakene som verkeleg løfter regionen. For å kunne løfte dei viktigaste regionale sakene treng Nordhordland ein fellesarena kor ein samlar leiarar innanfor næring, politikk, organisasjon, forvaltning og utdanning. Døme på slike saker kan vere korleis regionen skal tiltrekka seg fleire bedrifter som tilbyr jobbar for folk med høg utdanning, eller korleis regionen skal satse på ei heilskapleg marknadsføring og profilering.

*Tiltaka: Kommunane skal ta initiativ til å etablere eit "Utviklingsforum Nordhordland", som skal vere ein strategisk/operativt møteplass for sentrale leiarar innan næring, utdanning og offentleg sektor. Formålet er å diskutere sentrale regionale saker som kan gje regionen eit felles løft (Trippel Helix) ta initiativ til å vidareføre samfunnsprosjektet i det regionale Mongstadprosjektet (CO2) (Tiltak 7 i strategisk næringsplan for Bergensregionen)*

##### **2. Kompetanseutvikling og entreprenørskap.**

Kommunane og regionen har to vidaregåande skular og grunnskular som har eit tett samarbeid med næringslivet. Spesielt har regionen lykkast med ordninga Teknisk allmennfag (TAF) og dette er eit samarbeid kommunane er opptatt av å styrka og vidareutvikla. Som ein del av vertskapsrolla til kommunane bør det satsast på å utvikle fleire grundarar, og då er det viktig å styrke skulane si satsing på entreprenørskap. Det må utviklast ei forståing av at det er



gode moglegheiter for å utvikla egne verksemdar i regionen, og at kommune og næringsliv støttar opp om nyskaping.

*Tiltaka: Kommunane skal styrke satsinga på entreprenørskap i skulen og vurdere meir aktiv bruk av elevbedrifter, samt vurdere ordningar som "Ungt entreprenørskap i skulen". Bidra sterkt til å styrke regionens samla satsing på innovasjon og entreprenørskap, og samarbeide tett med det offentlege verkemiddelapparatet (Innovasjon Noreg, SIVA). Dei skal delta aktivt i "Team Nordhordland" i regi av Regionrådet i Nordhordland og Kommuneprosjektet i den regionale partnarskapen i Hordaland (Innovasjon Noreg, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune). Dei skal i større grad visa kommunane som attraktive arbeidsplassar og synleggjera aktivt behovet for framtidig kompetanse.*

### 3. Intern kompetansebygging og utvikling av næringsvenlege kommunar

Lindås og Austrheim har som mål å bli opplevd som proaktive "ja-kommunar" for nye og eksisterande verksemdar, det krev intern kompetansebygging, bevisstgjerjing, aktiv dialog med næringslivet og tydeleggjing av kommunane si rolle. Kommunane er ein viktig aktør i det totale "utviklingsbiletet", og skal vere ein samarbeidspartnar, tilretteleggjar og pådrivar for framtidig utvikling. Næringslivet må også vera pådrivar i bygging av nærmiljøet, og vera budd på å delta i spleiselag for å nå felles mål.

*Tiltaka: Kommunane skal gjennomføre ei undersøking blant verksemdene i kommunane, for å undersøke korleis kommunane sitt tenestetilbod og servicenivå blir sett på av næringslivet og ta initiativ til å etablere referansegrupper frå næringslivet som kan bidra til auka næringsfokus i utviklingsarbeid og sakshandsaming. Dei skal styrke det politiske og administrative samarbeidet internt i kommunane med fokus og satsing på næring og bygge opp næringsretta kompetanse knytt til næringsutvikling generelt og til satsingsområda i kommunane spesielt. I tillegg skal kompetanse knytt til det å vere vertskommune for eit stort industriområde styrkast, spesielt innan teknisk drift.*

*Intervju*

#### Korleis arbeider kommunane?

Lindås og Austrheim er svært opptatt av næringsutvikling. Lindås og Austrheim har eit interkommunalt samarbeid innan næringsutvikling og ein felles næringsplan (presentert ovanfor). Denne næringsplanen er verktøyet deira med omtrent 50 tiltak, og er ganske

omfattande på samfunns- og næringsutviklingssida. Innovasjonsdelen er også tilstade i næringsplanen, men kunne vore enda kraftigare i forhold til både grunderskap og nye bedrifter samt innovasjon i eksisterande bedrifter, i følgje næringsjefen for kommunane. I næringsplanen til Lindås og Austrheim er auka fokus på næringar som landbruk, reiseliv, oppleving og andre ting nemnt, men den er ikkje næringsnøytral, sidan hovudfokuset er Mongstad og er den største drivaren i kommunane.

Næringsjefen for kommunane trekk fram det regionen har å by på, både natur og kystopplevingar. Her fins det mykje verdiskaping og eksport pga. råoljeterminaler og liknande, berre innan energi, olje og gass. Mongstad har ein regional dimensjon og ein struktur med raffineri, noko som gjer Mongstad ganske unik. På den andre sida manglar ein kompetanseinstitusjon, FOU, som ikkje er tilstade.

Kommunane har ikkje eigne tiltak for å forhindre lock in/stagnasjon i ei næring. Med berre næringsjefen som årsverk er det for krevjande, og treng i tillegg ein del av koplingane til FOU kompetanse for å kome på dei banane sjølve. Mykje av det som styre prinsippa i kommunane er at olja går godt og man har lange kontraktar. Næringsjefen legg til at det må vera eit behov der ute, for å gå i ein spesifikk retning. Fylkeskommunen sin plan er t.d. næringsnøytral.

Lindås har eit næringsfond som skal gå til entreprenørskap, Austrheim skal få det etter kvart. Entreprenørskap burde bli eit satsingsområde i skulane for at kommunane skal styrke den lokale utviklinga, og næringsjefen legg til at dette bør tidlig inn i skulane. Vivian Kårbø i Nordhordland Handverkindustrilag arbeider mykje med ungt entreprenørskap i skulane i Lindås og Austrheim.

Innsatsen innanfor utviklingsarbeidet er bra i kommunane, med utgangspunkt i den strategiske

næringsplanen til Lindås og Austrheim. Dei har eit årsverk som er næringsjefen, og jobbar veldig tett med politikarar. Mongstad har mykje politikk i seg og då er det viktig å ha ein offensiv og god næringspolitikk, legg næringsjefen til. Lindås og Austrheim er organisert i utviklingsarbeidet som eit prosjekt med ein start og ein slutt. Det er oppretta ei styringsgruppe med to ordførarar, to varaordførarar og to rådmenn. Der eines dei om fellesting som involverer både Lindås og Austrheim. Lindås har ikkje eit landbrukskontor, men Austrheim har eit saman med Radøy. Lindås har rekruttert ein ny landbrukssjef og håpar å få til meir næringsutvikling innan skog.

Kva slags rollar har kommunane?

Den viktigaste rolla til kommunane, er rolla som tenesteprodusent i form av skular, barnehagar, helse- og omsorg, og det å drive kvardagen. Omkring næringsutvikling er den viktigaste rolla tilrettelegging, næringsareal og bustadareal. Får man desse tinga til så kjem skular og alt det andre, men det startar med næringsareal, legg nærings sjefen til. Kommunen må bli kjent med dei behova som er der ute, for då kan kommunen gjere ein del påverkingsarbeid i bedriftene og prøve å påverke statsbudsjettet om nødvendig.

Næringsforeiningar, næringshagar og inkubatorar kan også påverke og arbeide for å påverke statsbudsjettet, og veldig ofte har næringsforeiningar ein viktig jobb i det perspektiv. Det finst også gode erfaringar frå lokalt. Aktørane er ikkje ein del av forvaltingsnivået, men dei har like stor rett til å påverke næringspolitikken som ein kommune. Ein kommune har berre kanskje lettare tilgang på politikarar g politiske medspelarar. Nærings sjefen trekk fram kor viktig det er å ha dialog, møter og samhandling.

Innsatsen kan alltid forberast, og når man jobbar med utvikling så kjem man aldri i mål. Det er alltid noko som kan gjerast annleis eller betre eller på ein anna måte. Slik er naturen.

Nærings sjefen sjølv er mest opptatt av å vera kontinuerlig på tilbodssida og få kontakt, men at man fort kan involvere seg i litt for mykje slik at det sprikar i alle retningar. Men det går ikkje på innsatsen, men det å få ting gjort. Man bør legitimere målet, for det er ikkje lett å manøvrere og finne si rolle i landskapet for det er mange aktørar, mange ulike intensiver og oppgåver. Men me prøver, legg nærings sjefen til, og Lindås har ein del eigedomsskattepengar som kan brukast på for eksempel ein nærings sjef.

Når det kjem til havbruk er det litt komplisert i forhold til det at det ikkje kan ligge på open sjø, og gjerne i fjordarmar med lite sirkulasjon. Dette er det lite av i Lindås og Austrheim. Men det er satt av noko område. Og for 4/6 månader sidan blei det uttalt at

kommunen skulle få meir igjen av skatt og gjere det lettare for kommunane og sei ja til å satse litt meir på havbruk. Nærings sjefen trekk fram at det vil bety mykje om dei kan få til ein verdiskaping av å ha store arealkrevjande områder i sjø, og det å ha moglegheiter til å setje opp slike ting.

Lindås og Austrheim har ikkje ei minimalistisk utviklarrolle, og man kan sjå på næringsplanen at den er til dei gradar offensiv, gjerne litt for mykje at den spriker i alle retningar. Nærings sjefen for kommunane legg til at kanskje man kunne spissa den og fokusert meir i staden for å ha veldig mange slike nærings ting og heller ha ting der ein verkeleg kan

byrja og gjera ein forskjell. Han seier vidare at det er ei offensiv satsing og eit potensial for å få fram eit kollektiv her i forhold til strategiar og tiltak.

### Korleis kan samarbeidet utviklast?

Det er ikkje noko samarbeid som er formalisert pr. tid seier næringssjefen, som også legg til at det er eit kjempe potensiale der med spesiell vekt på Gulen, Masfjorden, Mongstad, Lindås, Austrheim og sikkert meir. Potensialet dreier seg om godshamn, jernbane, veger, ferje eller profilering, og det er nemnt i næringsplanen at man skal arbeide aktivt for å få eit godt samhald på Mongstad interkommunalt. Problemet er at man har brukt mykje pengar, tid og kreftar på ressursar for å følgje den prosessen som er ein veldig krevjande sak som handle om Bergen omlandet, hamnevesen osv., og slik sett har det koka ned til at det er industrien som eig stort sett arealet på Mongstad. Man har godshamn og profilering og Mongstad, aktørar på Gulen-sida med som har opna it nytt næringsbygg, og dermed fått enda meir samarbeid. Det er aktørar som har inngått samarbeid på begge sider av fjorden, og det er positivt at det er industribedrifter som samarbeider sidan det er industri som eige definisjonsmakta der ute, areala, og dei som veit kva man kan få til av industriell utvikling. Slik skal kommunen tilrettelegge for at det skal gå bra.

Det er ein samanslåingsprosess på gong. NUI i Regionrådet har stått bak og er den legitime parten for alle kommunane. Det er en iver for at Radøy, Meland og Lindås skal få til ein samanslåing, seier næringssjefen. Kommunereformen er ein veldig stor reform som går øve fleire år, og her er det veldig mykje politikk frå statleg hald som vil påverke løysingane som kjem. Bl.a. ventar me på ei oppgåveliste for store kommunar som skal komma våren 2015. Næringssjefen beskriver den eventuelle samanslåinga som ein lang og krevjande prosess. Det skal no inn tøffe forhandlingar og det er ikkje sikkert ein blir einig. Det er også lokalval frå 2015, og ein kan få inn nye politiske konstellasjonar som er positiv til samanslåing. Kanskje er man i mål i 2016 -2017.

Næringssjefen for Lindås og Austrheim nemner at når dei jobbar tett med ordførarane om Mongstad, framstår ein meir samla i forhold til det her med behov og bodskap. Det oppfattast positivt, både frå politikarar og frå for eksempel Statoil. Dei har jobba tett med Johan Sverdrup og Statoil i forhold til baseforsyninga, og dei har gitt uttrykk for at det er veldig fornuftig å møte opp i samla tropp. Lindås og Austrheim framstår samla omkring plan og byggesaker og andre prosessar og heng seg ikkje opp i detaljer, noko som er flott for bedriftene.

Som nemnt ovanfor finnes det ikkje noko formalisert samarbeid, men næringsområdet som samarbeid har konsentrert seg om er Mongstad og industri.

## **6.2 Radøy**

### *Vedtak frå kommuneplanen angående næringsutvikling*

#### 1. Infrastruktur

For areal sett av til bygg og anlegg etter plan- og bygningslova § 11-7 nr. 1, skal infrastruktur for veg, vatn og avlaup sjåast i samheng med eksisterande og framtidig utbygging i området, slik at det vert etablert gode, heilskaplege løysingar. Der kommunen finn det naudsynt, skal det utarbeidast felles planar for slik infrastruktur. Områda der det allereie er etablert infrastruktur skal prioriterast utbygd. Den er til kvar tid gjeldande Rammeplan for byggegrense til veg og avkøyring, vedteken av Hordaland Fylkeskommune, vert å leggja til grunn ved handsaming av avkøyring til riks- og fylkesveg. For område avsett til sentrumsformål, kjøpesenter, forretning, tenesteyting og næring skal det dokumenterast tilfredsstillande forhold for varelevering og renovasjon. Det skal leggjast til rette for god intern gang- og sykkeltransport, med samband til busstopp o.l. jfr plan- og bygningslova § 11-9 nr. 3. I nye bygg skal det vurderast å leggje til rette for forsyning av vannbåren varme, Jfr Kommunedelplan for klima og energi. Bustadprosjekt større enn 10 bustadar og bygg større enn 500 kvm brutto, skal byggjast med alternative 13 energiløysingar. Etablering av nærvarmeanlegg skal alltid vurderast i større bygg/byggeområde. Parkeringsløysingar skal vurderast på strategiske stadar langs hovudveg.

#### 2. Område satt av for næring

Næringsbebyggelse: Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal.

Samferdsanlegg og teknisk infrastruktur, plan- og bygningslova §11-7 NR 2: Føremålet gjeld hovudinfrastuktur som vegar, sykkelveg, hamn, og trasear for teknisk infrastruktur. Tiltak som krev søknad og løyve etter, jfr plan- og bygningslova §§ 20 – 1 og 20 – 2, skal inngå i ein reguleringsplan før tiltak er tillate. Reguleringsplanen skal vise plassering, planeringshøgder og terrenghandsaming. Jfr plan- og bygningslova § 11 – 9 nr. 1.

Hamn: Føremålet gjeld område sett til næringshamn. Område i sjø som skal nyttast i samband med industrihamn på land. Det må takast omsyn til farleier, til flott og tilgjenge til hamner og kaier med lokalisering av tiltak i og i nærleiken av hamneområda. Området skal av omsyn til

tryggleik og tilgjenge vere oppe for allmenn ferdsel til ei kvar tid. Det er ikkje høve til å gjere tiltak som hindrar tilgjenge til kaiområda.

Landbruk: Det er satt av LNF-L sone som markerar der landbruksverdiane er sterkast i plankartet. Det er og satt av LNF-F sone som markerar der friluftsverdiane er sterkast, jfr plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c. Desse områda er markert som omsynssone i kartet og har egne føresegner. I LNF områda er det bare tillate å føre opp bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnæring, og for natur og friluftaktivitetar. Bygningar og anlegg kan førast opp med omfang, lokalisering og utforming som angjeve her, jfr plan- og bygningslova 11-11 nr 1. Det kan gjevast løyve til naudsynte tiltak for landbruket og gardstilknytt næringsverksemd. Naudsynte tiltak for landbruk vert definert som i rettleiar Landbruk Pluss ( T-1443 frå 2005.). På eigedom som er bygd med bustadhus kan det gjevast løyve til mindre tiltak som høyrer til bustaden/tunet. Nye bygg skal primært plasserast i etablerte tun. Unntak gjeld for samdriftsfjøs. Stadbunden primærnæring skal vere basert på garden sine ressursar.

### *Intervju*

#### Korleis arbeider kommunen?

I Radøy er det mest fokus omkring utviklingsarbeidet innan skule, barn og unge og tilrettelegging av næringsareal. Ordføraren i kommunen, som også jobbar med næringslivet, trekk fram at kommunen har drevet eit bevisst utviklingsarbeid gjennom planverket, med utvida næringsareal og bustadareal.

Det er feil å sjå seg blindt på kommunegrensene, fordi at Mongstad ligg på Mongstad. Mange av dei som jobbar der bur på Radøy, og alt dette heng i saman. Det ville ikkje budd 5000

menneske på Radøy forutan Mongstad, eller Knarvik eller nærleiken til Bergen. Sidan man ikkje kan vinne den industrietableringskampen, har Radøy vore bevisst på å drive utviklingsarbeidet innan kommunal drift som går på skule, slik at dei har då gjort ganske banebrytande arbeid i å utvikle styringssystem for skulen i Radøy. Ordføraren for kommunen legg til at det kan ofte vera undervurdert, det å drive utviklingsarbeid på det som er hovudtenesta til kommunen, nemleg barnehage, skular og helse- og omsorg. Radøy har ikkje eigen næringsplan, men den er under oppstart og blir i stor grad næringsnøytral, men det er to tyngdepunkt som skil seg ut. Og det er den største private næringsgruppa på Radøy (Radøygruppen, Mundal båt og Plastinvent), som utvilsamt blir prioritert framover, mens det

andre tyngdepunktet er å utvikle Manger senter med meir fokus på varehandel, som igjen heng saman med utbygging av bustadområder.

Når det kjem til regionens fortrinn, legg ordføraren særleg vekt på nærleik til Bergen og byens funksjonelle tilbod innan energi, olje- og gassnæringane, elektrisk energi, marine næringar, oppdrettsnæringar, maritime næringar, og olje/gass leverandørindustrien.

Radøy kommune har ikkje eigne tiltak for å hindre lock in/stagnasjon i næringar, og i likhet med næringssjefen for Lindås og Austrheim, nemner ordføraren at man treng ein del av koplingane til FOU kompetanse for å kome på dei banane. Ordføraren for Radøy trekk fram at i Nordhordlandsregionen, i forhold til oljeindustrien, så er den syklisk og vil gå meir opp enn ned.

Radøy har ikkje eige næringsfond, men er medlem av ungt entreprenørskap og brukar det i fjerde klasse og har ein elevbedrift i niande klasse, men det kunne vore brukt mykje meir, legg ordføraren til. Radøy er ein økonomisk svak kommune, og har ei veldig skattesvak befolkning og utan næringsfond. Kommunen har ikkje eigne stillingar innan næringsutvikling, og det er ordføraren sjølv som brukar ein del av stillinga si på kontakt med næringslivet. Elles har Radøy lagt til rette for at det skal vera enkelt å få handtert byggjesaker. Dei har hatt fleire byggjesaker som har gått gjennom på nokre dagar, utan politisk behandling og utan forseinking. Dette er ein bevisst strategi i Radøy for at næringslivet skal gå lett og fordi at næringslivet har ein tendens til å koke ned til ein byggjesøknad.

Radøy har ikkje noko formell organisering av utviklingsarbeidet, men ordføraren nemner at det er ein diskusjon om å gjera ein interkommunal næringssjefsstilling for heile regionen, fordi at det er så tett i saman med at kommunane har industriutvikling på Mongstad, og alle henvendelsar går over til Nordhordland Næringshage. Det at Radøy og Austrheim har felles landbrukskontor gjer litt meir slagkraft, slik at dei kan tenke litt meir utviklingsarbeid i det å gå ut å støtte bønder som vil bygge nytt og drive alt frå store fjøs til matproduksjon.

#### Kva slags rollar har kommunen?

Radøy kommune si viktigaste rolle, er rolla som tenesteprodusent i form av barnehagar, skular, helse- og omsorg, og det å drive kvardagen. Her er også utviklingsarbeidet viktig og om man ser på budsjettet til Radøy kommune, ser man at nesten 90 % ligg på dagleg drift. Kommunens viktigaste rolle i forhold til næringsutvikling er å tilby den etableringsservicen. Det er næringsbygget sjølv som skal drive næringsutvikling, men kommunane skal vera nærings-tilretteleggjar. Kommunen skal vera næringsvennleg tilretteleggjar, ta godt imot i

forhold til plan, sikra planstatus, næringsareal, og vera proaktiv på dette er veldig viktig legg ordføraren til. Man bør ha eit apparat som fungerer slik at lovverket blir anvendt raskt og greitt, men og at tenkinga på plan- og byggesaker er næringsvennleg i all alminnelegheit.

Radøys ordførar nemner at kommunen har for små ressursar, og at dei skulle hatt ein deltidfunksjon som dreiv med næring, type næringssjef som følgde opp næringslivet tettare på. Slik lir Radøy under det at kommunen ikkje har dediserte ressursar som er målretta. Han understreker at kommunen tek imot alle og er god på å serve dei som allereie er i kommunen, men at i Nordhordland som er ein felles bu- og arbeidsregion, så blir Radøy først og fremst eit bu-område. Den tyngste handelsnæringa blir i Knarvik, og det tyngste industriområdet er på Mongstad.

Når det kjem til kyst og havbruk ønsker Radøy å bruke kysten meir aktivt til bustad og rekreasjon, fordi at den opplagte pakken med å bu på Radøy og bu i Nordhordland, er nærleiken til sjø, og å kunne fiske, drive med havsport, padling, fritidsfiske, friluftsliv mot sjøen. Ordføraren legg til at det er meir viktig å ha bustadtomter nærme strandsona, enn hyttetomter i strandsona. Planen i Radøy er difor å jobbe meir med den funksjonelle strandsona, slik at man kan trekkje boligområda nærast mogleg med sjøutsikt. I tillegg har Radøy lukkast med å ha mange store småbåthamner, dei har lagt til rette for 3 ganske store småbåthamner som kan fungere enten som felleseige eller næring. Radøy er ein oppdrettsvennleg kommune, og det fyrste fiskeoppdrettet i Hordaland var i Radøy i 1964. Radøys ordførar legg til at når dei revurderte kommuneplanen for 3 år sidan tok dei ein skikkeleg gjennomgang av sjøområda deira og utvida oppdrettslokalitetane deira. Lokalitetane skal vera tenlege og at dei har ein offensiv strategi for det.

Når det kjem til utviklarrolle ligg Radøy kommune nærast den minimalistiske utviklarrolla, i forhold til det at dei ikkje har ressursar eller dediserte folk til det. Men dei har gjort ei prioritering og ingen er gode på alt. Radøy har prioritert å vera offensiv på kommunen som tenesteleverandør, og der har dei lukkast med nye skular, god skuleutviklingsplan, og e blitt kåra til årets barne- og ungdomskommune. Ordføraren legg til at dei har veldig høg etisk standard på drift av heimetenester og sjukeheim og nemner at man aldri skal undervurdera kommunen som tenesteleverandør og innovasjon på den.

#### Korleis kan samarbeidet utviklast?

Ordføraren i Radøy trekk fram at det ikkje er noko strukturert samarbeid, og at kvar kommune syslar med sitt, men at det er ein samanslåingsprosess på gong. Nordhordland har vore i front



i landssamanheng i forhold til frivillig utgreiing om kommunestruktur, fordi at arbeidet som blei gjort nasjonalt i 2004, utan resultat, la seg aldri. Derfor kjørte dei i gong igjen i 2010, og alle 9 kommunar blir utreda vidare. Ein har skaffa seg ein del kunnskap gjennom rapportar og utredningsarbeid, slik at når stortingsvedtaket som kom no i juni i 2014, er dei fremst i løypa på å tenka vidare. Regionrådet har no invitert alle kommunane til å gjera ein viljes avklaring om ein går for å forhandla om utredning, før jul i år. Han seier at det kjem til å skje noko i Nordhordland, og at hans tips er at i alle fall 4 kommunar kjem til å setje seg til forhandlingsbordet, og peiker då ut Lindås, Meland og Radøy, kanskje Austrheim og kanskje Masfjorden.

Næringsutviklinga i Radøy ikkje har blitt påverka noko særleg av samarbeid, det er den indre driven som sjølv har påverka mest, næringane sjølv. Ordføraren trekk fram Mogstad og industri som konsentrert næringsområde omkring samarbeid, men vektlegg utviklingsarbeidet innan kommunal tenesteyting, spesielt rundt helsesektoren, med Nordhordland legevakt. Det er blitt gjort mykje på helsesektoren, slik at innbyggjarane i Nordhordland har eit langt betre helsetilbod enn det er formidla, det blir tatt for gitt. Men det ligg mykje arbeid bak, fortel Radøys ordførar.

### **6.3 Meland**

#### *Vedtak frå kommuneplanen angående næringsutvikling*

Endra infrastruktur og folkevekst vil skape ny struktur i næringslivet. Den høge etterspørselen etter næringsareal finn ein nær Bergen. 80 – 90 % av arbeidsplassveksten vil kome i tettstad/byutviklingsområde. Aksen Frekhaug-Flatøy-Knarvik er eit slikt kjerneområde. Det vil bli behov for baa arealkrevjande og arealintensiv næring. I dag er det ca 60 % utpendling av kommunen. Vi treng arbeidsplassar knytt til buplass. Dette skapar identitet og stadkjensle, som igjen gjev ringverknader i lokalsamfunnet.

#### **1. Infrastruktur**

Målet er at Meland skal ha ein effektiv, trygg og miljøvenleg infrastruktur.

*Tiltaka: Arbeide aktivt for at Nyborgtunnelen med tilhøyrande veganlegg i Nordhordlandspakken må få ei snarleg realisering. Det skal etablerast ein ny og effektiv kollektivstasjon på Flatøy. Passasjertransport med snøggbåt mellom Nordhordland og Bergen skal vere eit permanent tilbod. Det skal utarbeidast ein plan over*

*gå/sykkelvegnett/fortau. Gå/sykkelvegane må prioriterast for skulevegar, fram til trafikknutepunkt og tettstadar.*

## 2. Næring i vekst

Målet er at Meland kommune skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland.

*Tiltaka: Meland kommune skal leggje til rette for tilsetteintensive næringar i Frekhaug/Mjåtveitområde og leggje til rette for arealkrevjande næringar langs hovud/samferdselsårer i kommunen. Publikum skal ha eit godt handels- og tenestetilbod innan rimeleg avstand. Eksisterande verksemder skal, der det er mogleg, sikrast utviklingsmoglegheiter. I planlegginga av nye næringsområde skal ein ta omsyn til topografi og nærleik til bustadområde. Kommunen må stimulere til oppretting av fleire og varierte arbeidsplassar for utsette grupper. Meland kommune skal stimulere til nye tiltak, produksjon og sal av lokal mat. Stimulere til nye tiltak i landbruket. Arbeide aktivt for å etablere nye næringar med basis i jordbruket sine ressursar.*

### *Intervju*

Meland kommune er veldig opptatt av næringsutvikling og innovasjon, og har ein målsetning om å vera blant dei mest attraktive kommunane i Hordaland i forhold til næringsutvikling, seier Melands ordførar som også er ansvarleg for næringslivet. Det er mest fokus på å legge til rette for nytt areal, og å ta imot bedrifter som ynskjer seg ut av byn. Og med bakgrunn av at det har vore ein kraftig vekst i private arbeidsplassar, er ein ung befolkning her med høg kompetanse og det er interessant for næringslivet å etablere seg her,

så har Meland fokus på det. Meland har ikkje eigen næringsplan, men kommuneplanen tar opp i seg veldig mykje av dette her med næringsutvikling. Dei hadde ein næringsplan som er gått ut på dato, og er no i gong med ei ny.

Ordføraren i Meland trekk fram nærleiken til Bergen som regionens fortrinn, pluss at det er eit stort fortrinn i miljøet på Mongstad i forhold til det at man har ein marknadsregion som eigentleg er ganske spennande for mange. Og det som då gjer enda eit fortrinn er at om eit par bur i regionen er det mogleg for jobb på Mongstad for den eine og Bergen for den andre. Og det merkes ganske kraftig i Meland fordi at kommunen ligg faktisk midt i mellom Bergen og

Mongstad, slik er kommunen blitt veldig attraktiv i forhold til at folk kan jobbe både i Bergen og på Mongstad.

Meland har ikkje eige næringsfond, og kommunens viktigaste arbeidsoppgåve innanfor fremming av entreprenørskap, er å få aktørane til å snakke saman for å utvikle miljøet i kommunen, slik har dei invitert næringslivet til ulike møter for å få til ein dialog dei imellom. Meland er også medlem i ungt entreprenørskap og har stort fokus på det. Ordføraren sjølv er då ute i skulane og snakkar med fjerde og femte klasse om ungt entreprenørskap, og det går på både generell utvikling av lokalsamfunnet og innan næring spesielt. Han trekk fram kor viktig dette her med elevbedrifter der elever lærar seg å etablere ein bedrift, noko som igjen er svært viktig i forhold til utvikling av kommunen, derfor brukar Meland mykje til på dette.

Den kommunale innsatsen innanfor utviklingsarbeidet er bra, særlig med fokus innan tilrettelegging for areal til nye verksemder og kommunikasjon (veg, kollektiv, transport), sidan dette er vesentlig viktig for bedrifter. Meland har som Radøy ikkje eigen stilling innan næringsutvikling og det er ordføraren sjølv som er aktiv innan området og besøker bedrifter. Han seier det er bevisst og bruker mykje tid på det, og at det er viktig å vere ein medspelar for næringslivet i kommunen. Formannskapet er tett på i forhold til næringsutvikling, og både dei og ordføraren sjølv er aktivt ute i næringslivet for å sjå på kva behov som er i forhold til vidare utvikling og korleis dei skal legge til rette for å få fleire til kommunen. Meland har eiga landbrukskontor og ser på landbruket som svært viktig, sjølv om Meland er i dag definert som ein industrikommune. I tillegg er noko av det viktigaste Meland kommune jobbar med no samfunnsutvikling, og korleis utvikle kommunen på sikt.

I Meland fins det lite midlar innan støtte, men det viktigaste kommunen gjer er å leggje til rette for areal og etablering av bedrifter og det å hjelpa aktørane opp, både mot det regionale og til statlege aktørar som er viktig i forbindelse med etablering. Ordføraren i Meland nemner også at dei ser på dei fortrinna kommunen har og slik marknadsføre kommunen opp mot næringslivet.

Innsatsen innanfor utviklingsarbeid i Meland er bra, men ordføraren nemner at man bør sjå utover kommunegrensene. Det er litt for fragmentert, og man burde greie å samle ressursane i eit miljø og marknadsføre regionen mykje sterkare. Så eit betre samhald i Nordhordland, kanskje eit større og tyngre miljø vil bli ein vinn-vinn situasjon for heile regionen og alle kommunane i heile Nordhordland.

Melands ordførar trekk fram at utfordringa til regionrådet er at det er så mange aktørar som gjerne jobbar i litt mindre stillingar, og foreslår at det som kunne vore eit mål er å samle ressursane og marknadsføre kommunen og regionen enda betre i forhold til næringsutvikling og ikkje minst dette apparatet som følger opp eksisterande verksemder på ein betre måte, og nemner at alt dette er med i den nye næringsplanen som utarbeidast.

Det er lite sats på kystareal og havbruk i Meland kommune.

Meland er også offensiv og her tenker man heilskapleg, seier ordføraren. Han seier dette snart vil bli synleggjort, spesielt i kommuneplanen og man ser at Meland veks fort i folketal, difor er det viktig å skape eit levande samfunn der folk kan baa jobbe og bu. Meland er eigentleg ein pendlarkommune, så målet er å få betre balanse her og skape utvikling i heile kommunen med store næringsareal/arealkrevjande næringar i den nordlege delen og arealintensive næringar i den sørlege delen.

#### Korleis kan samarbeidet utviklast?

Samarbeidet med andre kommunar er bra, men altså gjennom Regionrådet, og det kan bli betre, seier ordføraren. Han nemner dei har eit nærings- og samferdselsutval i regionen, som han sjølv leiar, og meiner at utfordringa er at kommunane er litt for fragmentert og ikkje står fram som ein region utad. Man er litt for opptatt av kommunegrensene og det kan vera ein utfordring når man skal finne gode løysingar. Han nemner at dei prøver å ha blikket på tvers av kommunegrensene, og ser at potensialet for å bli betre er stort.

Når det kjem til samanslåing trekk ordføraren fram ein prosess frå 2003, der man såg på samarbeidsformer som ikkje førte til noko anna enn at samarbeid var bra, og i ettertid ganske krevjande. Meland er inne på 40 interkommunale samarbeidsordningar, og utfordringa er at man overfører ein god del makt og myndighet frå eit folkevalt kommunestyre til eit interkommunalt forum som har eit demokratisk dilemma ved seg. Elles opplevast eit interkommunalt samarbeid ofte tungt å gjennomføra med vedtak i 8/9 kommunar og kommunegrensene. Derfor har man i 2010 starta å sjå på samanslåing av alle eller nokre kommunar i regionen, med ein ambisjon å gjera vedtak før jul der dei skal i funksjonsdrøfting. Han legg vidare til at dei tenkje to moglegheiter, samanslåing med andre kommunar i Nordhordland eller å sjå mot Bergen.

Nordhordland står fram meir samla no enn for nokre år sidan. Meland sin utfordring her er at dei må begrense folkeveksten. Bildet er veldig ulikt frå kvar kommune, men samla sett så har samarbeidet i Nordhordland ført til at man har klart å marknadsføre regionen på ein betre måte, meir offensiv.

Ordføraren i Meland nemner også Mongstad og industri som konsentrert næringsområde for samarbeid, men trekkje i tillegg fram reiselivsnøringa og at i Nordhordland er det eit svært potensial. I Meland blir det jobba konkret for å trekke fram denne næringa, og då i forhold til marknadsføring som ein del av Bergensområdet.

## **6.4 Gulen og Masfjorden**

### *Vedtak frå kommuneplanen angående næringsutvikling i Gulen*

Mål: Fleire lønsame og varierte arbeidsplassar. Kommunen skal vere eit felles bu- og arbeidsområde. Minske avstandsulemper.

Strategiar:

1. Satse på vidareutvikling av næring i Gulen.
2. Satse på kultur- og reiselivsbaserte næringar, og særleg behalde og vidareutvikle fritids- og turistfiskebasert næring og akvakultur.
3. Legge til rette for næringsutvikling langs E39.
4. Arbeide for betre sambindingsvegar i kommunen, og for trygt trafikkmønster i og mellom bygdesentra.
5. Styrke kollektivtilbodet i kommunen.
6. Legge til rette for trygge vegar for gåande og syklende til og frå skule, barnehage og arbeidsplass, for å stimulere til fysisk aktivitet.
7. Moderne teknologi skal vere tilgjengeleg i heile kommunen.
8. Samarbeide med nabokommunar.

For at Gulen skal legge til rette for at fiskeri- og akvakulturnæringa skal få utvikle seg framover må dei behalde noverande fiskerihamner i kommunen og behalde på områda i sjøen for akvakulturnæringa. Satse på positiv utvikling, slik at næringa kan rekruttere til fiskaryrket og kan utvikle landbaserte fiskerinæringar.

For at kommunen skal takle utfordringar i landbruket og sjå på moglegheiter knytt til jordvern og langsiktig disponering av produksjonsareala må dei legge til rette for at Gulen skal

oppretthalde og auke matproduksjonen på line med regionale og nasjonale mål. Sikre dei samanhengande og gode jordbruksområda. Bruke lovverket til å sikre at aktive bønder får høve til utvikling og investering. Vere ein pådrivar for auka tal beitedyr for å utnytte ressursane på beite og umark og bevare kulturlandskapet og sårbar kystlynghei. Etablere møtepunkt for dei som driv landbruk som sikrar god kommunikasjon bønder i mellom og mellom næring, faginstansar og forvaltning. Utarbeide ein temaplan for landbruket med brukarmedverknad frå bøndene sine organisasjonar.

### *Næringsplanar og vedtak i Masfjorden*

Masfjorden har 4 ulike fokusområder, med ulike vedtak under kvart fokusområde.

#### 1. Infrastruktur

Utgreiingar vert gjort av høgare forvaltningsnivå og avgjerdene tekne på høgare politisk nivå. Kommunen si rolle med å spele inn deira og næringslivet sine interesser har eit stort fokus internt i kommunen, både administrativt og politisk. Bru er eit viktig tiltak for folketalsauke, som igjen er viktig for tenesteproduksjon og varehandel. Det er satt av næringsområder og det er viktig å vere i forkant når nokon vil etablere seg. Mobildekninga er svært sårbar og kan vera avgjerande for næringslivet.

*Tiltaka: Realisering av Masfjordsambandet. 100 % dekning av mobilnett på Matre og i Sløvåg. Utbetring av FV-570. Etablere næringsbygg på Matre og i Sløvåg. Ferdigstille reguleringsplanar for næringsareal i alle delar av kommunen.*

#### 2. Omdømebygging og marknadsføring

Tiltaka: Utarbeide ei heilskapleg tenking i marknadsføringa og omdømebygging i samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar. Vidareutvikle Kraftspela i samspel mellom kommune, kulturliv og næringsaktørar. Marknadsføre seg inn mot BRB og kome med i deira kart og presentasjonar. Heve kompetansen innanfor omdømebygging og legge til rette for samarbeid mellom offentlege og private aktørar, mellom anna ved å la private representere kommunen på møter, kurs og samlingar. Skaffe informasjonsskilt langs vegane. Administrativ leiing må kunne gje rask og tilstrekkeleg assistanse for å etablere og vidareutvikle verksemd, næringsareal og lokalitetar.

#### 3. Ungdom, kompetanse og utdanning

Ungdom er ei av dei viktigaste målgruppene med take på å halde folketalet oppe. Ungdom flytter ut for å ta utdanning og mange av dei kjem ikkje tilbake. Me ynskjer å gje dei eit verktøy slik at dei lettare kan koma tilbake og muligvis skapa sine egne arbeidsplassar.

*Tiltaka: Bruke konseptet ungt entreprenørskap og gjere lærarane meir medvitne på kva behov for kompetanse som trengst hjå bedriftene i kommunen. Skape miljø for at folk kan bu i kommunen og ta høgare utdanning/vidaregåande opplæring/kurs. Halde kontakten med ungdom – årlege ungdomsmøte der næringslivet e med. Sjå på Kulturskulen som ein del av ei større satsing på kulturbasert næring. Styrke læringsnivået og breidda i den vidaregåande skulen i regionen. Vidareutvikle kombinerte teoretisk/praktisk studieløp som TAF. Lokalt næringsliv og kommune må tilby hospitering.*

#### 4. Entreprenørskap og innovasjon

Kommunen har ein veg å gå for å skape vekst og utvikling å få fram som ei bedrift.

Kraftfondet kan vere eit viktig verkemiddel for å få fram entreprenørane i kommunen.

Kommunen har god tenesteproduksjon innan helse- og omsorg, dei har eit godt kulturliv og Kraftspela er i ferd med å bli godt kjende, som er eit stort potensiale for vidareutvikling.

Reiselivsnæringa har stort potensiale for utvikling og samarbeid, og er per i dag viktig, men liten for kommunen.

*Tiltaka: Skape møteplassar til nettverksbygging og bruke Industriutvikling Vest og Nordhordland næringshage aktivt. Etablere fleire gründergrupper. Kurse politisk og administrativ leiing i korleis førstelinjetenesta jobbar med etablerarar og etablerarkurs. Samarbeide tett med landbruksavdelinga for å styrke landbruket i kommunen, mellom anna gjennom arbeid med landbruksplan. Vidareutvikle kraftfondet til ein pris for samfunnsentreprenørskap. Utnytte store investeringar i kommunen til vekst, mellom anna ved næringsbygg, naturpark med designmast og autorisasjonar til næringsdrivande. Kommunen må prioritere arbeidet opp mot NVE. Sjå nærare på Havsportveka som samarbeidspartnar for næring, kultur og reiseliv i Masfjorden. Arbeide aktivt for å få tilflytting og vidare drift på nedlagde gardsbruk. Vidareutvikle Stordalen som regionalt reiselivsområde.*

#### *Intervju*

I Gulen og Masfjorden fremmer kommunane innovasjon gjennom førstelinjetenesta og sponing av GMU for å drive etablering og rettleiing. I tillegg har dei prosjekt som skal vera utløysande for samarbeid og generere arbeidsplassar. Masfjorden har ein næringsplan,

men ikkje Gulen. SIVA har ein næringshage i kommunane, der fokusområda er industri, havbruk og service.

Kristiansen er representanten for Gulen og Masfjorden og er dagleg leiar for GMU og arbeider med næringslivet i kommunane.

Når det kjem til regionens fortrinn trekke Kristiansen fram nærleiken til Bergen i tillegg til at det ligg til rette for mykje industriarbeid, på både sider av Fensfjorden.

Verken Gulen eller Masfjorden har eigne tiltak for å hindre lock in/stagnasjon i næringslivet..

Gulen har eige næringsfond, og Masfjorden har eit kraftfond, og både desse blir mest brukt til nyetablering. I Masfjorden har dei ein Grundercamp i 9 klasse og dette er kommunen veldig positivt instilt på, og både GMU og næringsrådet deltar på det. Kristiansen legg til at det kan ofte vera ein utfordring fordi at rektorar blant anna meiner at prosjektet tar for lang tid, men kommunen kjem framleis til å arbeide med dette. Ein har ikkje noko sånt i Gulen, men der er næringslivet flinke til å invitere skular på opne dagar omkring emnet.

Innsatsen innan utviklingsarbeidet er bra i Gulen og Masfjorden, men Kristiansen nemner det alltid kan forbeistrast. GMU søkte om utvida midlar i 2012 for å kunne oppretta ei halv eller ei heil stilling, fordi at jo fleire dei er, jo meir får dei utretta. Dei fekk utvida midlar i frå Gulen, men ikkje i frå Masfjorden, og slik er det ei ujamn støtte frå dei to kommunane. Det var vurdert å søkje på nytt i 2014, men dette vart ikkje gjort. Det er ikkje eigne stillingar knytt til næringsutvikling (sett bort frå små prosjekt), utanom Kristiansen sjølv. Kommunane sender nyetableringar og andre næringslivsrelaterte oppgåver til ho, sidan ho er førstelinjetenesta for kommunane. I tillegg har man næringshagen og dedisert næringsliv som tar ansvar sjølv. I Gulen og Masfjorden ligg Kristiansen særskilt vekt på kor viktig det er for kommunane å forbetre kommunikasjon, altså betre veg.

#### Kva slags rollar har kommunane?

Kristiansen trekk fram den viktigaste rolla til kommunen innan næringsutvikling som er å ha ein god kommunikasjon i ein god planprosess, og ein god gjennomføring av dei tinga der. Ei effektiv og god saksbehandling er kanskje det som hjelper mest. Ho nemner også dette med tilrettelegging av næringsareal. Elles er kommunanes rolle i forhold til tenesteproducent innan helse- og omsorg den viktigaste.



Innsatsen rundt næringsutvikling kan forbeholdt, med auka midlar og det å forbetre kommunikasjonen, legg Kristiansen til. Ho tilføyer at litt meir engasjement i frå kommunane hadde vore bra og ikkje sendt alt ansvaret over til GMU, gjerne oppstart av noko prosjekt.

I både Gulen og Masfjorden er det sats kystareal og havbruk. Det finnes ein del merdar og oppdrettsnæringar inst i Fensfjorden og det blir søkt om fleire transaksjonar innanfor næringa. Dei har både Firda og Marine Harvest og Gulen har også slakteriet på Brekke og AkvaVet.

Gulen og Masfjorden har eit interkommunalt samarbeid, og dette samarbeidet er det Kristiansen som har ansvaret for. Ho gjer det som kommunane ber om gjennom GMU, som er eit næringsutviklingsselskap for kommunane.

Når det kjem til utviklarrolle er både Gulen og Masfjorden midt imellom begge utviklarrollane, den minimalistiske og den offensive utviklarrolla. Dei har eit eige utviklingsselskap som gjer god støtte til førstelinjetenesta, slik er kommunane ganske offensiv, men Kristiansen nemner i kontrast med dei andre nabokommunane der det gjerne er meir offensivt. Ho nemner vidare at det er meir av det i Sogn og Fjordane enn i Nordhordland, fordi at dei har hatt ein del omstillingskommunar, der dei har måtte vera offensiv på utviklarrolla.

### Korleis kan samarbeidet utviklast?

Kristiansen har ein todelt rolle i forhold til samarbeid, fordi at Gulen ligg i Sogn og Fjordane, mens Masfjorden ligg i Hordaland. I tillegg har ein Team Nordhordland der det samlast næringsutviklarar og landbruksfolk 4 gongar i året, og der prøver dei å etablere samarbeid, og orientere kvarandre om kva dei heldt på med for å få eit nettverk ein kan utnytte. Det kan vera vanskelig med samarbeid for dei konkurrere jo litt om dei same tinga. Ein ynskje å skape næring i eigen region og få fleire folk til sin kommune, men samtidig at det vil vera positivt for både Gulen og Masfjorden, at det kjem fleire folk til regionen. Kristiansen seier, "kor mykje skal me samarbeide før det blir ei utfordring?". Men det er litt forskjellige fokusområder i kvar kommune og det ikkje er nokre tette samarbeid.

Når det gjeldt samanslåing har Gulen har to moglegheiter, sjå mot nord til Hafs, eller sørover til Nordhordland. Kristiansen legg til at nokon meiner Gulen berre skal vera Gulen, mens andre meiner at Gulen og Masfjorden skal slå seg saman fordi at dei har eit geografisk samansett område, felles bu- og arbeidsregion og slike ting. Nokon ser litt større på ting og tar

med fleire kommunar med industriområder i Austrheim og Lindås. Gulen har egentleg allereie sagt nei til utredning med Hafs, så slik sett ser ein sørover, seier Kristiansen.

Ut ifrå dei samarbeida som er har ikkje det hatt nokon påverking, og i likhet med ordføraren i Radøy, trekk Kristiansen fram at dette er slikt som næringslivet ordnar sjølv. Forskjellige bedrifter på Mongstad etablerer egne selskap saman, og ser på kva moglegheiter ein kan ha i staden for å lukke seg og jobbe med sitt. Næringsområdet samarbeidet har konsentrert seg om er Mongstad og industri.

## 7.0. Analyse

Basert på problemstillinga som er næringsutvikling i Nordhordland, kva det kommunale næringsutviklingsarbeidet er og kva for rollar kommunane har, har eg presentert relevant kjenneteikn om regionen og kommunane og valt ut konkret teori knytt til næringsutvikling, korleis det arbeidast og kommunale rollar knytt til emnet. Vidare har eg tatt fokus i problemstilling og teori og utarbeida spørsmål som eg stilte under intervju (sjå kapittel om metode). I førre kapittel blei data som vart innhenta under intervju presentert, samt vedtak frå næringsplanar/kommuneplan. Eg vil i dette kapittel bruke teori og datamaterialet for å analyse/tolke informasjonen for å kunne svare på problemstillinga. Eg startar med næringsutviklingsarbeidet og korleis kommunane i regionen arbeider omkring det. Deretter kjem eg inn på dei ulike rollane kommunane kan ha/har i forhold til arbeidet dei gjer rundt næringsutvikling. Siste del av kapittelet dreiar seg om dei kommunale/interkommunale samarbeid som er no og korleis alternativa i framtida ser ut.

### 7.1. Korleis arbeider kommunane?

#### *Næringsutvikling og utnytting av ressursar*

Båe Lindås, Austrheim, Meland, Radøy, Gulen og Masfjorden er oppteken av næringsutvikling og det med å fremme innovasjon og utvikling. Sjølv om alle kommunane ligg geografisk nært kvarandre og har mange like fordelar og ressursar, er det også ein del ulikheiter og kontrastar mellom dei, også når det kjem til fokusområder innanfor næringsutvikling og innovasjon. Innovasjonspolitikken må tilpassast regionale næringsmiljø sine særtrekk og fortrinn, moglegheiter og utfordringar for å skape ein mest mogleg optimal regional utviklingsdynamikk (Normann mfl. 2013). Kommunane har ulike særtrekk, fortrinn, moglegheiter og utfordringar, og tar dei i bruk "det dei har". Lindås og Austrheim har Mongstad, som er drivaren for kommunane, og som gir kommunane muligvis den største fordel. Dei har og eit interkommunalt samarbeid omkring næringsutvikling som har vist seg å lykkast, særleg omkring fokuset på Mongstad. Innanfor dei andre næringane, som landbruk, reiseliv og andre ting, er det ikkje så stort fokus på, sjølv om det er nemnt i næringsplanen. Men med over 50 tiltak, skal man også ha ressursar, tid, økonomi, arbeidskraft osv., til å gjennomføre alt. I tillegg er det kanskje "lett" å ta fokuset over på Mongstad som er så stor i regionen. Og med alle dei aktørane og bedriftene som høyrer til Mongstad, så er det nok nødvendig med det fokuset det får. Nærings sjefen for Lindås og Austrheim legg til at sjølv

om innovasjon er nemnt i næringsplanen, burde den vore kraftigare i forhold til både grunderskap og nye bedrifter samt innovasjon i eksisterande bedrifter, og man ser jo i nyetableringsnivået i kommunane at overlevingsraten er på få år. Innovasjon er jo noko som bør etterstrevast og kan sjåast på som ein verdi i seg sjølv (Fagerberg 2009).

Mongstad er også svært viktig for dei andre kommunane i regionen. Og som man ser på utpendlingsstatistikken er det svært mange som pendlar ut frå både Radøy, Meland, Gulen og Masfjorden og inn til Lindås, der dei fleste arbeider på Mongstad, nokre i Knarvik, som er sentrum i regionen. Slik kan alle kommunane i regionen bruke Mongstad som sin fordel, og tiltrekke seg bustadfolk pga. nærleik. Radøy sitt arbeid omkring næringsutvikling går på tilrettelegging av næringsareal, elles er hovudfokuset utviklingsarbeid innan skule, barn og unge og eit bevisst utviklingsarbeid med næringsareal og bustadareal. Sjølv om Radøy ikkje kunne vinne den industrietableringskampen, har dei vore frampå med utviklingsarbeid og ut i frå det ordføraren i Radøy nemnte i intervjuet, har dei gjort det veldig bra. Dei har hatt ein klar strategi og gjort eit bevisst utviklingsarbeid innan kommunal drift for skule, barnehage, helse- og omsorg. Så sjølv om dei ikkje har ein næringsplan for kommunen (denne er under oppstart), er dei frampå med utvikling av hovudtenesta til kommunen, som er svært viktig for folk som vil busette seg og som allereie bur i kommunen. Radøygruppen som er den største private næringsgruppa i Radøy er også viktig for kommunen, og at det blir hovudfokus saman med Manger senter i næringsplanen vil mest sannsynleg vera positivt for kommunen med tanke på arbeidsplasser, framtidige samarbeid med ulike aktørar, og fleire bedrifter til kommunen.

Mongstad er også viktig for Meland, men for Meland kommune er Bergen minst like viktig, om ikkje viktigare. Nærleiken til Bergen kan vera ein stor grunn til at det er så auka folkevekst i Meland. Meland sitt arbeid omkring næringsutvikling og innovasjon er ambisiøst med målsetninga om å vera blant dei mest attraktive kommunane i Hordaland. Arbeidet dreier seg her i likhet med Radøy å legge til rette for nytt areal, og det å ta imot bedrifter som ønsker seg ut av byn. Meland er også i gang med ein ny næringsplan for kommunen, ettersom den gamle er gått ut på dato. Ut ifrå det Melands ordførar seier, verkar det som om Meland styrer fokuset over på der dei er sterke, som er vekst i private arbeidsplasser og at Meland har ein ung befolkning med høg kompetanse. Dette kan vere veldig attraktivt for næringslivet og kan såleis styrke Melands posisjon i forhold til næringsutviklingsarbeidet.

Kommunane Gulen og Masfjorden fremmer innovasjon gjennom førstelinjetenesta og sponning av GMU (Gulen og Masfjorden utvikling) for å drive etablering og rettleiing. Slik er GMU verkemidlet til kommunane omkring næringsutviklingsarbeid og innovasjon, og det er GMU som har ansvaret for næringsutviklingsarbeidet. Om nokon vende seg til kommunen angående etablering eller anna, så sender kommunen dei vidare til GMU. Fokusområda til kommunane er industri, havbruk og service.

Det er tydeleg at industri er den største fokusnæringa i regionen og det er nok mest retta mot Mongstad, forutan enkelte privatnæringar i dei andre kommunane, som f. eks. Radøygruppen i Radøy, Frank Mohn i Meland og Sløvvåg-området sør i Gulen med sine bedrifter der. Det var ein sterk reduksjon i industrisysselsettinga på 90-talet i heile landet og var mest sannsynleg forbigått av handel, hotell osv. i fleire av regionane (Teigen, 1999). Dette er mindre aktuelt i Nordhordland, særleg Lindås og Austrheim. Sjølv om det er fleire sysselsette i andre næringar i dei andre kommunane, er det framleis mange som pendlar ut frå kommunane og inn til Lindås, mest sannsynleg pga. industristaden Mongstad.

Regionen Nordhordland er ein region med mykje potensial og mange fordelar, og det er alle informantane einige om. Spørsmålet er om potensialet blir eller kan bli utnytta til fordel av regionen. Nordhordlands største fordelar er Mongstad raffineriet, og nærleiken til Bergen, alt knytt til tilrettelegging av areal og etablering, og tiltrekkje seg folk som vil busetje seg og etablere seg i kommunane. Men regionen har også mykje ubrukt potensial. Noko av det alle kommunane i regionen har til felles er naturressursar. Mykje av dette blir jo brukt, men det er enda meir. Det er ikkje alle som har så gode naturressursar som Nordhordland, og om man kan utnytte dette på best mogleg måte kan det verkeleg komme i regionens favør. Det er også mykje eldre interessant historie og kultur ved regionen som kunne vore trekt fram og brukt som eit fortrinn. Som man ser i figur 1: Typologi over regionale utviklingsressursar kan ein region ha materielle, immaterielle og relasjonelle ressursar ut ifrå lokalisering (Normann mfl. 2013). Trekkje man fram ressursgrunnlaget til Nordhordland i lys av denne modellen er det Mongstad, naturressursar (mykje landskap som skog, opent landskap, kyst, hav, stein osv.), infrastruktur (spesielt nærleik til Bergen og tilgang her) og befolkningsstruktur som skil seg ut. Regionens relasjonelle ressursar kan ofte vere ulike på den måte å organisere seg på, ha samhandling på, og ulikhet i regional leiing (Normann mfl. 2013). Dette kjem eg grundigare innpå nedanfor, under næringsutvikling, innsats og organisering av utviklingsarbeidet. Det blir også trekt fram i intervjuet at det manglar ein kunnskapsbase i regionen, som FOU, og om man kunne greidd å skape denne koplinga til FOU, så kunne man gjerne styrke regionen enda

meir. Ulike ressursar kan også endrast over tid, og ofte bli påverka av aktørar. Derfor er det viktig å vera bevisst og gjerne ha klare strategiar omkring utnytting av ressursar i forhold til næringsutviklingsarbeidet. Og det virke som om kommunane og regionen er klar over ressursane dei innehar, men ikkje har nok arbeidskraft eller økonomi til å utnytte potensialet til det fulle.

Når det kjem til næringslivet i Nordhordland, er det ingen av kommunane som har egne tiltak eller strategiar omkring dette her med lock in/stagnasjon og korleis ein skal hindre det eller komme ut av det (Isaksen mfl. 2013). Det er jo slik at man fort kan bli "låst fast" i ei viss utviklingsbane, og pga. eksterne endringar dannar det seg ein stagnasjon. Det kan hende at sidan tyngdepunktet i Nordhordlandsregionen er Mongstad og industrinæringa rundt olje og gass osv., så har det ikkje vore nødvendig, pga. av utviklingsbana er meir syklisk og olja går godt og det er lange kontraktar. Man kan sjå mange år fram i tid innanfor denne næringa og difor har man gjerne ikkje hatt behov for å tenke på dette problemområdet som gjerne er større andre steder. Da er det heller betre å bruke arbeidskrafta der det er behov, og med lite arbeidsressursar og lite økonomiske ressursar for nokre av kommunane, så krevje det for mykje å ta tak i.

#### *Næringsutvikling og entreprenørskap*

Entreprenørskap er viktig for næringsutviklinga i kommunane og har ein sentral rolle i regionsutviklinga og innovasjonsprosessen, som på eigenhand eller i samarbeid med andre set i gong noko nytt (Fagerberg, 2009). Både Lindås, Austrheim og Gulen har egne næringsfond som går til entreprenørskap, og Masfjorden har eit kraftfond. Radøy og Meland har ikkje det, men det fins eit næringsfond på regionsnivå, og det fins ein førstelinjekontakt og rettleiing av grundere. Dette er verkemiddel som fremmer entreprenørskap i kommunane og regionen, og som da viser kor viktig dei også synest at entreprenørskap er. Eit problem er at det ikkje blir vekstbedrifter. Og da kan man jo spørje seg, kvifor ikkje? Er det nok fokus på det? Kommunane kan på ei anna side gjere alt riktig, men likevel så vil det ikkje bli vekstbedrift. Og kva da? Kanskje man kunne ha ulike entreprenørskap- og innovasjonskurs som ville hindre at bedriftene døde ut. Men som nemnt ovanfor, man skal ha nok ressursar til å gjennomføre det og. Det finnes jo no eit etableringsprogram og grunderkurs, så kommunane har lagt til rette for entreprenørskap.

I figur 2: Frå potensiell entreprenør til utøvd entreprenørskap (Karlsen 2003), ser man korleis ein potensiell entreprenør kan utøve entreprenørskap. Og som man ser i figuren er dei

spesifikke entreprenørielle kvalitetane retta direkte mot næringsliv og økonomisk nyskaping, mens dei generelle eigenskapane er viktig for å både kunne utøve entreprenørskap og for å ha aktivt engasjement i samfunnet (Karlsen 2003). Skal kommunen styrke den lokale næringsutviklinga, må kommunen gjennom sitt utviklingsarbeid ovanfor skulane, bidra til å auke potensialet for at fleire elevar blir jobbskaparar. Då må entreprenørskap bli eit satsingsområde i skulane (Karlsen 2003). Kommunane er einig i entreprenørskap som satsingsområde i skulane er svært positivt for å styrke den lokale utviklinga. Innanfor dette så er kommunane medlem av ungt entreprenørskap som dei har i skulane frå fjerde klasse og elevbedrift i 9 klasse, og Masfjorden har Grundercamp i 9 klasse. Det kan vera mange potensielle entreprenørar som treng opplæring i utøving (Karlsen, 2003). Og derfor kan det vera svært viktig å gripe inn i ung alder, som også kan bidra til å halde dei igjen i kommunane når dei veks opp. Mange reiser vekk for å studere eller jobbe, men arbeider man med fremming av entreprenørskap, allereie på barneskolane og følger opp dette, og arbeider med det i forhold til næringsutviklinga i regionen, er det mulig at dei blir buande. Når man ser på dei ulike måtane man kan få entreprenørskap som eit satsingsområde i skulane har Nordhordlandsregionen fylgt Karlsens (2003) første element, stimulere og veileie ved etablering av elevbedrifter, og kanskje rørt det andre element som er stimulere til undervisningsopplegg om og kontakt og samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv. Det siste elementet blei ikkje nemnt, og kunne kanskje vore eit nytt tiltak å få inn i skulane. Altså å stimulere til internt utviklingsarbeid med vekt på å utvikle alternative og friare arbeidsformar i skulen, spesielt prosjekt og temaarbeid. No har man Grundercampen i Masfjorden, som er eit slags prosjekt, som kommunane er positiv til, mens rektorar synest det blir brukt for mykje tid på det, det varer i 3 dagar.

Men alle kommunane er frampå når det kjem til fremming av entreprenørskap, anten dei er fysisk ute å snakkar med skulane sjølv, eller får andre til å gjere det. Kanskje dette tiltaket vil resultere i nokre vekstbedrifter i framtida, eller auka folkevekst.

#### *Næringsutvikling, innsats og organisering omkring utviklingsarbeid*

Alle kommunane meiner dei gjer ein god innsats innanfor utviklingsarbeidet, med dei midlar dei har. Lindås og Austrheim har ein næringsplan med mange tiltak, og nærings sjefen for Lindås og Austrheim jobbar veldig tett med politikarar for Mongstad har mykje politikk i seg og er då viktig med ein offensiv og god næringspolitikk. Slik sett er det ikkje innsatsen det går på. Den er til stades, men med berre 1 årsverk kan det bli mykje av og til. Radøy er eit godt

eksempel på ein kommune med lite økonomisk støtte, det er ein svak økonomisk kommune med ei skattesvak befolkning og utan næringsfond. Difor har Radøy fokusert på andre ting, anna utviklingsarbeid, og der er innsatsen bra. Dei har lagt til rette for at det skal vera enkelt å få handtert byggjesaker, samstundes som dei legg til rette for areal og kommunens arbeid med barnehage og skular. Innsatsen er jo der, og med lite ressursar må dei fokusere på det moglege. Den kommunale innsatsen er også bra i Meland, Gulen og Masfjorden der man også tilrettelegger for areal til verksemder og kommunikasjon. Det koker ned til at den kommunale innsatsen til alle kommunane er til stede og er god, men pga. mangel på ulike ressursar kan det oppstå hinder i utviklingsarbeidet.

Kommunane er organisert forskjellig, Lindås og Austrheim som prosjekt, Radøy og Meland har ingen formell organisering, mens Gulen og Masfjorden er organisert gjennom GMU med Kristiansen som leiar næringsutviklingsarbeidet i kommunane. Det blei også nemnt i intervjuet at det var diskusjon om å gjera ein interkommunal næringsstjefstilling for heile regionen, og denne form for organisering kan vera veldig bra for regionen og regionens profilering og samhald. Det kan bidra til meir usynlege grenser imellom kommunane og mindre fragmentering, eit problemområde eg kjem tilbake til seinare i analysen.

Kommunane sin politikk for næringsutvikling og sysselsettingsvekst kan karakteriserast ved hjelp av omgrepet lokal næringsutvikling (Bukve 1995). I figur 3: Tiltaksarbeid som koplring og mobilisering, viser hovudelement i eit tiltaksarbeid. Det trengs eit apparat som kan stimulere til auka bruk av dei verkemidla som fins på statleg og fylkeskommunalt nivå. Figuren karakteriserer tiltaksarbeidet som eit verkemiddel for å aktivisere andre verkemiddel. Det skal kople mellom bedrifter/etablerarar og verkemiddelapparatet. Dette gjeldt da regionens og kommunanes verkemiddelapparat som næringsfond, førstelinjekontakt og rettleiing av grundere osv. Dei små bedriftene skal losast trygt gjennom "søknadsjungelen" (Bukve 1995). I mobiliseringsrolla er det tiltaksarbeidet som skal mobilisere etablerarar og produktidear for å mate verkemiddelapparatet med nye tiltak (Bukve 1995).

Utviklinga av lokal næringspolitikk som politikkområde kan man karakterisere som ein prosess med gradvis aukande institusjonalisering i 3 fasar (Bukve 1995), og tar man utgangspunkt i det, frå låg til høg institusjonaliseringsgrad er kommunane i fase 3: eit institusjonalisert politikkområde, den lokale næringspolitikken. Har dei ikkje egne næringsfond, så fins det eit felles eit. Dei har eit administrativt apparat og utarbeider strategiske planar. Oppgåvene inneheldt planlegging, administrasjon og entreprenørskap. Som



nemnt i teorien er det avgjerande at man kan vise til at næringspolitikken gjev konkrete resultat i form av nye arbeidsplassar (Bukve 1995), noko som alle kommunane fokuserer på.

## **7.2. Kva kan kommunanes rolle vera?**

### *Dei 4 kommunale rollane*

Kommunen har mange lovpålagde oppgåver å utføre, som f. eks oppgåver omkring offentleg tenesteyting som skular, barnehagar, helse- og omsorg osv. Oppgåvene kommunane har i forhold til næringsutvikling er ikkje lovpålagde, og kan derfor variere veldig ifrå kommune til kommune.

Kommunen er eit kompleks organ med utrulig mange oppgåver. Ut i frå Bukves teori om kommunale roller finnes det 4 av dei, kommunen som tenesteytande organisasjon, kommunen som forvaltningsorgan og utøvar av offentleg mynde, kommunens demokratiske organ – arenaer for politisk deltaking og styring og den siste rolla, kommunen som samfunnsutviklar. Alle informantane er einig i at kommunens rolle som ei tenesteytande organisasjon er den viktigaste rolla. Sørge for eit godt og funksjonelt system rundt barnehagar, skular og innan helse- og omsorg. Kommunens rolle i forhold til næringsutvikling finn sted under Bukves siste punkt, kommunen som samfunnsutviklar. Slik sett har kommunar fleire rollar innanfor ulike områder, og så klart skal man prioritere dei lovpålagte oppgåver og det som påverkar kvardagen til dei busette i kommunen. Der i frå er det opp til kvar enkelt kommune kva slags rolle ein tar ut ifrå kva slags ressursar og fordeler kommunen har i forhold til næringsutvikling. Alle informantane nemner at den viktigaste rolla til kommunen omkring næringsutvikling er tilrettelegging. Tilrettelegging for å trekkje til seg folk og bedrifter. Kommunane sjølv driver ikkje næringsutvikling, men legger til rette for at næringar skal drive seg sjølv. Her inngår samarbeid, dialogar med aktørar, innovasjon og fremming av entreprenørskap. Når det gjeld dei andre rollane til kommunane, som er lovpålagte, så er det staten som fastset spelereglane gjennom lover og regelverk (Bukve, 2012), mens omkring næringsutvikling har ikkje staten like stort handlingsrom, og er difor i stor grad kommunane sjølv som styrer. Kommunen som forvaltningsorgan har ein fordel ved å kunne møte dei behova som er i næringane ved å drive påverkingsarbeid. Ei anna rolle som er viktig for kommunane er å tilby etableringsservice, som igjen er rolle som tilretteleggar. Ei anna viktig rolle innanfor næringsutvikling er kommunikasjon, det at kommunen legg til rette for god

kommunikasjon, veger, kollektiv transport, betre vegar osv. Dette er viktige ting ved regionen sidan det er lang avstand mellom ulike hovudpunkt i kommunane.

Det er alltid noko å ta tak i når man arbeider med utvikling, og som næringssjefen for Lindås og Austrheim nemner i intervjuet er at når det kjem til utviklingsarbeid, så kjem man aldri i mål, noko kan alltid forbeholdt. Og det er nok ein viktig tanke å ha med seg. Man kan alltid gjere meir. Men igjen så kjem dei same problema som nemnt ovanfor, det kjem ikkje an på innsats, men ressursar til å gjennomføre det. Man bør legitimere målet for det er vanskelig å finne si rolle blant mange aktørar, intensiv og oppgåver. Og når man ser på Radøy så manglar dei ein deltidsfunksjon som driv med næring, ein næringssjef, slik som Lindås og Austrheim har. Men Lindås har ein del eigedomskattepengar på å bruka på næringssjef, mens Radøy ikkje har økonomiske ressursar til det og er først og fremst eit bu-område.

#### *Kommunens rolle innanfor kyst og havbruk*

Rundt om heile Nordhordlandsregionen er det kystareal og sjø og hav, og er da naturleg å sjå på kva slags roller kommunen har i forhold til dette. Det er lite fokus på havbruksnæringa i Lindås og Austrheim, sjølv om det er satt av nokre områder til det. Men kanskje fokuset blir større når staten tilrettelegger for det og kommunane får meir igjen av skatt for å satse litt meir på havbruk. Meland har heller ikkje noko særleg fokus på havbruksnæringa. Men både Radøy, Gulen og Masfjorden er svært oppdrettsvennlege

kommunar og er store på det, særleg Gulen.. Det er i ferd med å bli eit knapt gode på grunn av avgrensing på nyttige og ledige havbrukslokalitetar (Sandersen 2003), og omkring Nordhordland er det mykje fjordar og lite store opne areal til oppdrett.

Motiv for å planleggje i kystsona varierer sterkt mellom kvar kommune, i tillegg skal man ha moglegheit til det. Når det kjem til bruk av kystareal i Nordhordlandsregionen blir det mest brukt til aktiv bustad og rekreasjon, særleg på Radøy. Det kan vera attraktivt for mange å busetje seg med utsikt mot sjøen, eller berre nærleiken, for å drive med havsport, fiske og andre sjøaktivitetar. Det er jo mykje hytteområder i områda, men kommunane vil helst ha heilårsbustad. Det dukka og opp at Austrheim hadde store planer med noko av kystarealet der, og skal gjere det om til ein kystlandsby (<http://magnews.no/No-far-Austrheim-eigen-Kystlandsby>). Lykkast dei med dette kan jo det blir svært suksessfullt.

#### *Kommunens utviklarrolle*

Magnussen og Pettersen (2003), snakkar om at dei minste kommunane er ofte perifert lokaliserte og prega av stor avstand internt i kommunen og til næraste senter, og som ofte er lokalisert i geografiske område der busetjinga allereie er tynn og har ei negativ folketalsutvikling, og der tenestetilboda er få og spreidde. Og slik som man ser i presentasjonen av regionen kan kanskje Masfjorden høyre til under her. Det er ein liten kommune med eit stort geografisk område med store avstandar mellom husa, tynn busetjing og har ei negativ folketalsutvikling. Men kommunen fungerer som eit velferdsorgan og evner til å gjennomføre dei oppgåver ein skal. Og med GMU i spissen for arbeid omkring næringsutviklinga, er dei frampå. Ut ifrå definisjonen til Magnussen og Pettersen (2003), den minimalistiske rolla som knapt inneber noko utviklingsperspektiv og den offensive rolla som inneber at kommunen prøver å utvikle heilskapelege strategiar, ut ifrå dei utfordringane og moglegheiter dei sjølv opplever og definerer, ser det ut til at Gulen og Masfjorden ligger eit sted imellom desse rollane. Dei er ikkje minimalistisk, men har heller ikkje ressursar til å vere hundre prosent offensiv heller. Lindås og Austrheim er i følgje næringsplanen til dei grader offensiv. Dei har ei offensiv satsing og eit potensial til å få fram eit kollektiv i forhold til strategiar og tiltak. Radøy ligg på den andre sida og er nærast den minimalistiske rolla i forhold til næringsutvikling, men det er på grunn av mangel på ressursar. Elles har Radøy vore svært offensiv i kommunens rolle som tenesteleverandør, og lukkast med det. Meland har som Lindås og Austrheim ei offensiv rolle omkring næringsutvikling, sjølv om dei ikkje har ein næringsplan. Dei jobbar aktivt omkring emnet, og det vil snart bli synleggjort.

Utvikling av næringar og arbeidsplassar er ei av rollane kommunane har som samfunnsutviklar og har ansvaret for å disponere sine eigne areal (Teigen & Lien 2012). Dette er ei rolle som alle 6 kommunar tar stilling til, og tilrettelegging av næringsareal er trekt fram i båe intervju og næringsplanar/kommuneplanar hjå alle kommunane.

### **7.3. Korleis kan samarbeidet utviklast?**

#### *Interkommunalt samarbeid og/ eller samanslåing*

Utvikling av lokalsamfunnet og regionen er ein viktig del av oppgåvene til kommunane og fylkeskommunane, men er også eit felt der dei må samarbeide med andre aktørar for å lykkast (Bukve, 2012). Samarbeid som eksisterer no i dag i regionen går som oftast gjennom regionrådet, eller NUI som er det kommunale apparatet. I tillegg er det Team Nordhordland som fangar opp kommunane som jobbar med næringsutvikling. Slik er det jo tilrettelagt for meir samarbeid mellom kommunane. Mange av dei interkommunale

samarbeida gjeld tenesteproduksjon og fell i kategorien handlingsnettverk (Bukve, 2012), og berre nokre av dei interkommunale nettverka gjeld næringsutvikling og andre utviklingsoppgåver. No er det eit interkommunalt samarbeid mellom Lindås og Austrheim, som gjennom deira felles strategiske næringsplan og felles næringsjef arbeide saman for å styrke næringsutviklinga i kommunane. Det er også ein fordel at desse to kommunane står saman med tanke på Mongstad og fordi at Mongstad ligg over kommunegrensene og er på halve Lindås og halve Austrheim. Det at kommunane står samla kan vise styrke og truverdigheit utad. Gulen og Masfjorden har også eit interkommunalt samarbeid og har oppretta GMU der Kristiansen er dagleg leiar. Med tanke på lite midlar og ressursar er GMU ein styrke i og med at GMU er eit næringsutviklingsselskap som både kommunane har fordel av. Melands ordførar nemner at utfordringa til regionrådet er at det er så mange aktørar som gjerne jobbar i litt mindre stillingar, og foreslår at det som kunne vore eit mål er å samle ressursane og marknadsføre kommunen og regionen enda betre i forhold til næringsutvikling og ikkje minst dette apparatet som følger opp eksisterande verksemder på ein betre måte, og alt dette er med i den nye næringsplanen som utarbeidast. Kanskje kommunane vil knyte tettare samarbeid framover, spesielt om det vil være eit tiltak i den nye regionale næringsplanen som er i ferd med å utarbeidast. Nokre av kommunane vil kanskje ha meir fordel av å knyte samarbeid enn andre, men vil uansett ha ein fordel, fordi at auka folkemengd eller nye bedrifter til ein kommune kan verka positivt på den andre kommunen. På den andre sida kan det også oppstå samarbeidsproblem som lokaliseringskonflikt og konflikt om ressursfordeling. I forhold til Lindås og Austrheim sitt interkommunale samarbeid omkring Mongstad er dette vanskelig pga. lokaliseringa, Mongstad er i begge kommunane. Men skal dei inngå andre avtaler eller prosjekt kan det jo oppstå problem. Det same gjeldt også Meland og Radøy om dei eventuelt skal inngå andre interkommunale samarbeidsplanar framover. Når det kjem til Gulen og Masfjorden sitt interkommunale samarbeid, kan det jo oppstå same type konfliktar, men Kristiansen arbeider med næringsutvikling i forhold til kva slags midlar ho får frå kommunane. Får ho meir ifrå Gulen, er det Gulen som får meir att, og slik er det også omvendt. Slik kan interkommunale samarbeid ha både ulemper og fordelar, men eg tenke at får man satt i gong møter, ha god og open dialog og laga skikkelelege avtalar på forhand, kan man greie å unngå desse problemområda.

Det er lite formalisert samarbeid mellom kommunane i dag, men alle som representerer kommunane er einig i at det er mykje potensiale der. Det er i dag ein del samarbeid mellom private aktørar og bedrifter i kommunane, særleg omkring Mongstad. Industrien eig

Mongstad og samarbeider med aktørar på begge sider av fjorden, og etter at næringsbygget på Gulen opna, er det blitt enda meir samarbeid. Dette er slikt som næringa styrer sjølv. Kommunane si rolle i dette her er jo å tilrettelegge for at det skal gå bra.

Eg har nemnt tidlegare i analysen at det har vore snakk om å oppretta ei næringsstillesetting for heile regionen, og dette er nok det som er mest med på å skape meir samarbeid mellom kommunane. Kanskje man vil sjå seg mindre blindt på kommunegrensene og få ein mindre fragmentert region. Man kan så klart ikkje samarbeide på alle områder fordi at kommunane har ulike fordelar og prioritere dei. Men der ein kommune er svak kan ein anna kommune med ressursar hjelpe til, og omvendt. Slik kan regionen i heilheit styrkes og gagne kvar enkelt kommune. Det har som sagt ikkje vore noko formelt eller strukturert samarbeid. Men ut ifrå det samarbeidet som har vore, har det moglegvis påverka kommunane, men i kva slags grad? Lindås og Austrheim sitt samarbeid har gjort at dei står fram meir samla omkring plan- og byggjesaker og andre prosessar, og det heng seg ikkje opp i detaljar. Dette er svært bra for bedriftene. Mongstad står fram også meir samla i forhold til behov og budskap. Dette kan vera med på å skape truverdigheit hjå eventuelle aktørar. Radøy har ikkje hatt nokre tette samarbeid og føler ikkje at det har hatt nokon påverknad, og at det helst er den indre driven som sjølv har påverka mest. Samarbeidet ikkje har påverka Gulen og Masfjorden noko særleg heller, næringslivet ordnar det sjølv. Det er her næringsklyngene kjem inn, og eit godt og aktivt samarbeid klyngene imellom vil bidra til eit sterkare samhold. Som nemnt i datapresentasjonen har aktørane på begge sider av Fensfjorden, Sløvåg og på Mongstadsida, eit nettverk som binde dei saman på ulike måtar. Det er gjensidig avhengigheit mellom sjølvstendige bedrifter innanfor eit avgrensa område, i form av likhet i behov og gjensidig forsterking (Jakobsen 2008). I Figur 4 ser man Porters Diamant som belyser dette (Reve 2006). Eit rammeverk som består av 4 faktorar: konkurranse, etterspørsel, faktor og relaterte støttenæringar. Det er mange industriklynger i Nordhordland, særleg då rundt Mongstadbasen, Sløvågområde, og andre stader. Melands ordførar seier i intervjuet at samarbeidet gjer Nordhordland meir samla no enn for nokre år sidan og blir betre marknadsført. Som man ser så er det ulike meiningar i kvar kommune, og det har sikkert mykje med kva for type samarbeid som er inngått og i kor stor grad. No har det vore lite formelle samarbeid i regionen, forutan Lindås og Austrheim som

har felles strategisk næringsplan. Og så har man regionrådet som er på ein måte verkemidlet til kommunane når det kjem til samarbeid, og det er stort sett der dei samarbeida som er mellom kommunane har føregått.

Det er stor moglegheit for at om nokre år vil Nordhordland sjå annleis ut. Prosessen bak samanslåing er i gong og det er svært sannsynleg at fleire eller alle kommunane kjem til å gjennomgå ein samanslåing. Det er nemnt en iver for at Lindås, Radøy og Meland skal få til ein samanslåing, og moglegvis Austrheim og Masfjorden er med. Gulen som ligg i Sogn og Fjordane er det litt meir vanskeleg å forut sjå, men dei har allereie takka nei til ein samanslåing nordover, så det blir automatisk sørover mot Nordhordland da. Her er moglegheita industriområda Austrheim og Lindås, eller Masfjorden som dei ligger geografisk nært. For Meland er det også to alternativ, samanslåing nordover mot Nordhordland eller sørover mot Bergen. Men det er altså i gong, og fordelene med ei samanslåing vil vera at det er vanskelig å få til interkommunale samarbeid når det ofte er vanskeleg å gjennomføra vedtak frå fleire kommunar. Med samanslåing 'forsvinn' også kommunegrensene og regionen blir mykje mindre fragmentert. Hos kommunar med lite økonomiske ressursar vil det også vera ein fordel med samanslåing. Ein konsekvens vil vera at overføringar frå staten vil reduserast til mindre kommunar (<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Ny-rapport-anbefaler-sammenslaing-3032656.html>). Uansett om det blir ei samanslåing eller om dei fortset med interkommunale samarbeid, så veit man at samarbeid er viktig. Slik komplimenterer kommunane eller næringsklyngene kvarandre.

### *Næringsområder*

Dei samarbeida som har vore i Nordhordlandsregionen har konsentrert seg om Mongstad og industri. Dette er størst i regionen, og ser man på næringsstrukturen er det stort sett i Lindås denne næringa er størst, men den påverke alle kommunane med tanke på arbeidsplass, aktørar, bedrifter osv. Det har også vore eit samarbeid omkring helse- og omsorgsnæringa i regionen rundt Nordhordland legevakt. Dette utviklingsarbeidet har vore svært viktig og er med på å bidra til eit langt betre helsetilbod enn formidla. Dette kan og vera med på å halde innbyggjarar i regionen, for det er svært viktig for mange å kunne føle seg trygge. Andre næringsområder som kommunane sjølv konsentrere seg om kan sprike litt meir. I Gulen og Masfjorden er det mykje konsentrasjon i landbruksnæringa og servicenæringa. I Radøy er det mest fokus på jordbruk, skogbruk og fiske, mens i Meland, bortsett frå industrinæringa fokuserer dei på reiselivsnæringa. Reiselivsnæringa er faktisk eit stort

potensiale i Nordhordland, men igjen så er midlar og ressursar eit mangle når det kjem til gjennomføring av planar.

## 8.0. Konklusjon

Næringsutviklingsarbeidet i Nordhordland dreier seg først og fremst omkring Mongstad og sjølv om Mongstad ligg i Lindås og Austrheim påverkar det heile regionen. Mongstad er hovuddrivaren i Nordhordland med tanke på arbeidsplassar og det å tiltrekkje seg folk, og nærleiken til Bergen styrkar regionen i forhold til at folk buset seg der. Kommunane i Nordhordland arbeider med næringsutvikling ut i frå kva slags ressursar dei har. Ein økonomisk svak kommune har lite midlar å bruke på for eksempel ein nærings sjef. Både Lindås, Austrheim, Radøy, Meland, Gulen og Masfjorden har hovudfokus på tilrettelegging av næringsareal omkring næringsutviklingsarbeidet. Dette for å tiltrekke seg folk til kommunane og regionen.

Lindås og Austrheim arbeider saman som eit prosjekt omkring næringsutvikling med ein omfattande strategisk næringsplan med mange vedtak, med nærings sjefen i spissen. I Radøy, som har begrensa midlar på området, arbeider ordføraren i kommunen tett med næringslivet.

Slik arbeider også Meland, der ordføraren i kommunen har gjort det som ein del av si eiga stilling å ha kontakt med næringslivet. Gulen og Masfjorden arbeider med næringsutvikling gjennom GMU, eit felles selskap av kommunane med Kristiansen som dagleg leiar.

Elles er det Region Nordhordland (Nordhordland Utviklingsselskap IKS) som er eigd av dei 9 kommunane, som er knytt opp til det strategiske organet Regionrådet Nordhordland som skal bidra til vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt.

Alle kommunane er aktive i næringsutviklingsarbeidet for å fremme entreprenørskap. Nokre av kommunane har egne næringsfond elles fins det eit på regionalt nivå. Kommunane har førstelinjekontakt og rettleiar grundere med forretningsplanar. Kommunane fokuserer også på ungt entreprenørskap som tar stad tidleg i skulane, noko som bidrar til entreprenørskap og er ein del av næringsutviklingsarbeidet i kommunane.

Den viktigaste rolla som kommunane har er rolla som ein tenesteytande organisasjon. Dette gjeldt skular, barnehagar, helse- og omsorg osv., og er kvardagen til alle busette i kommunen. Kommunen er eit komplekst organ med mange oppgåver, og det kan vera vanskeleg å finne si rolle. Den viktigaste rolla kommunane har i forhold til næringsutvikling er rolla som tilretteleggar. Kommunen skal tilrettelegge for god kommunikasjon. Dette dreier seg om kollektiv transport, betre vegar osv. Dette er særleg viktig pga. stor avstand mellom knutepunkta. Kommunen skal også tilrettelegge for næringsareal samt bustadareal for å tiltrekke seg innflyttarar og arbeidarar til regionen. I tillegg skal kommunen kunne



tilrettelegge for dialog mellom næringsklynger og aktørar, for auka samarbeid og samhald i kommunane/regionen. Ut i frå utviklingsarbeidet som blir gjort i kvar kommune har ingen av dei ei minimalistisk utviklarrolle, men pga. lite økonomiske midlar er utviklingsrolla til Radøy nærast den minimalistiske når det kjem til næringsutvikling. Men etter eiga prioritering har dei fokusert på rolla som tenesteleverandør og der er dei offensive. Dei andre kommunane har ei offensiv utviklarrolle innan næringsutviklingsarbeidet.

Framtida er nokså usikker i Nordhordland, men det som er sikkert er at alle kommunane ser positivt på samarbeid og interkommunale samarbeid for at Nordhordlandsregionen vil vise seg meir samla. Alternativa kommunane har i åra framover er å fortsette med interkommunale samarbeid eller ei samanslåing av nokre eller alle kommunane. Uansett kva resultat blir vil eit samarbeid mellom kommunane og i heile regionen vera sentralt for regionens næringsutviklingsarbeid i framtida.

#### *Studiens begrensing og vidare forskning*

Denne studien har begrensingar i forhold til omfang og innhald. Næringsutvikling er eit omfattande emne. Eg har gått i dybden omkring næringsutviklingsarbeidet og kommunale rollar i dei 6 kommunane, men det ville vore interessant å inkludere dei andre kommunane i Nordhordland også.

Det er mykje fokus på næringsutviklingsarbeidet omkring Mongstad og industri. Og det er nemnt i både intervju og i moglegeheitsanalysen at eit breiare tilbod kan styrke Nordhordland som bu- og arbeidsregion. Det ville vore interessant å sjå på andre næringar i regionen og kva for moglegeheiter spesifikke næringar har, for eksempel reiselivnæringa. Denne studien har ikkje tatt utgangspunkt i ein spesifikk næring, og heller fokusert på næringsutvikling generelt. Slik sett kunne det vore interessant å sjå på korleis næringsutviklingsarbeidet er retta mot spesifikke næringar.

Det kunne og vore veldig interessant å utføre studien frå eit anna hald, og retta metoden mot næringslivet direkte for å få ei enda større forståing for korleis næringsutviklingsarbeidet føregår i regionen.

## 9.0. Litteraturliste

- Bukve, Oddbjørn. 2012. Lokal og regional styring: eit institusjonelt perspektiv. Samlaget Oslo.
- Bukve, Oddbjørn. 1995. Frå politisk entreprenørskap til kommunal næringspolitikk. Kommunalt tiltaksarbeid i vekst og fall? I boka *Langtidsliner i distriktspolitikk og tiltaksarbeid*. Vett og viten AS. Stabekk.
- Finstad, Nils & Aarsæther, Nils. 2003. Utviklingskommunen. Kommuneforlaget Oslo.
- Isaksen mfl. 2013. Lærdom: Om den norske innovasjonsmåten i boka *Innovasjon – organisasjon, region, politikk*. Cappelen Damm Akademisk Oslo.
- Jacobsen, Erik W. 2008. Næringsklynger – hvordan de beskrives og vurderes? Menon Business Economics i *Kompendiet Næringspolitikk og næringsutvikling INN 3003*. Vår 2014. Høgskulen i Lillehammer.
- Karlsen, Eivind. 2003. Lokal næringsutvikling og entreprenørskap i skolen i boka *Utviklingskommunen*. Kommuneforlaget Oslo.
- Karlsen A & Lindeløv Bjarne. 2003. Når kommunen blir for liten! – regional organisering av næringsutvikling i boka *Utviklingskommunen*. Kommuneforlaget Oslo.
- Magnussen, Tone & Pettersen, L.T. 2003. Utviklingskommunen – eit spørsmål om storleik? I boka *Utviklingskommunen*. Kommuneforlaget, Oslo.
- Mehmetoglu, Mehmet. 2004. Kvalitativ metode for merkantile fag. Fagbokforlaget Bergen
- Normann, Roger Henning mfl. 2013. Regional samhandling for innovasjon i boka *Innovasjon – organisasjon, region, politikk*. Cappelen Damm Akademisk Oslo.
- Reve, Torger. 2006. 15 år med klyngestudier, va har vi lært? I boka *Kunnskap, næringsutvikling og innovasjonspolitikk*. Fagbokforlaget Bergen.
- Reve, Torger & Sasson, Amir. 2012. Et kunnskapsbasert norge. Universitetsforlaget Oslo.
- Sandersen, Håkan T. 2003. Kommunen som utviklingsaktør i kystsona – havbruksnæringen som eksempel i boka *Utviklingskommunen*. Kommuneforlaget Oslo.

Teigen, Håvard & Lien, Gudbrand. 2012. Kommunanes satsing på reiseliv som utviklingsnæring i boka *Innovasjon og næringsutvikling i ein reiselivskontekst*. Fagbokforlaget Bergen.

Teigen, Håvard. 2007. Innovativ forvaltning. Avgrensingar og omgrepsbruk i boka *En innovativ forvaltning?* Fagbokforlaget Bergen.

Teigen, Håvard. 1999. Regional økonomi og politikk. Universitetsforlaget Oslo

Teigen, Håvard, 1995. Langtidsliner i norsk distriktpolitikk og tiltaksarbeid i boka *Langtidsliner i distriktpolitikk og tiltaksarbeid*. Vett og viten AS. Stabekk

Selstad, Tor. 2007. Innovasjoner i tid og rom i boka *En innovativ forvaltning?* Fagbokforlaget Bergen.

Silverman, David. 2011. Interpreting qualitative data. 4th edition. Sage Publications Ltd. London

#### **Internetsider:**

<http://www.austrheim.kommune.no/om-kommunen.298240.nn.html>

<http://www.austrheim.kommune.no/naeringslivet-paa-mongstad.304885.nn.html>

<http://www.gulen.kommune.no/om-kommunen.110238.nn.html>

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Kart-og-statistikk/Kommunegrafikk/>

<http://www.lindas.kommune.no/om-lindaas-kommune.298412.nn.html>

<http://www.lindas.kommune.no/naeringsliv.298552.nn.html>

<http://www.masfjorden.kommune.no/om-kommunen.323052.nn.html>

<http://www.meland.kommune.no/om-meland-kommune.298728.nn.html>

<http://www.meland.kommune.no/naeringskommunen-meland.308156.nn.html>

<http://www.radoy.kommune.no/naering.299500.nn.html>

<http://www.radoy.kommune.no/om-kommunen.299360.nn.html>

[www.ssb.no](http://www.ssb.no)

<http://www.nordhordland.net/wp-content/uploads/2013/07/Nye-samhandlingsformer-og-strukturendringar-i-Nordhordland.pdf>

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Ny-rapport-anbefaler-sammenslaing-3032656.html>

**Andre dokument:**

Strategisk Næringsplan for Lindås og Austrheim 2011 – 2020.

Strategisk Næringsplan for Masfjorden kommune 2012 – 2016.

Samfunnsdel av kommuneplan for Gulen kommune 2012 – 2024.

Kommuneplan for Meland kommune 2014 – 2025.

Kommuneplan for Radøy kommune 2011 – 2023.

Moglegheitsanalyse (SNF-rapport nr. 17/08). Mulighetsanalyse for Nordhordland. Et regionalt industrielt perspektiv av Rusten, Grete & Eldegard, Tom. 2008. SNF-prosjekt nr. 4523. Mongstad-pilot. Samfunns- og næringslivsforskning AS, Bergen, september 2008.

# Vedlegg:

## Vedlegg 1: Intervjuguide

### Korleis arbeider kommunane?

**1. Er kommunen opptatt av næringsutvikling og innovasjon og i så fall på kva slags område? (Diffusjon, spreing. Korleis fremmer kommunen innovasjon?)**

- **Har kommunen eigen næringsplan eller tilsvarande?**
- **Viss ja: er det visse næringar som er satsingsområde eller er planen næringsnøytral?**

Teigen, Håvard (2007). Innovativ forvaltning. Avgrensingar og omgrepsbruk i *En innovativ forvaltning?* Av Rolf Rønning og Håvard Teigen (red.). Fagbokforlaget. S.22-26.

**2. Vil du sei at regionen har nokre spesielle fortrinn i forhold til andre regionar?**

#### **Utdjup**

- **Råstoff/ Naturressursar?**
- **Avstand til store markeder (eks by)**
- **Kompetanseinstitusjonar?**
- **Klynger?**

Regioner utviklar seg ut ifrå kva slags ressursar dei har tilgjengelege.

Normann mfl. 2013. Regional samhandling for innovasjon i boka *Innovasjon – organisasjon, region, politikk*. Av Birgit Abelsen, Arne Isaksen og Stig-Erik Jakobsen (red.) s. 273 – 276. Cappelen Damm Akademisk

**3. Har kommunen egne tiltak for å forhindre ‘lock in’?**

**3.1.Om ulike næringar allereie har stagnert eller gått inni ein ‘lock in’, kva gjer kommunen for å komme seg ut av dette? Strategiske val**

Dette med utviklingsbaner i den regionale utviklinga.

Isaksen mfl., 2013. Lærdom: Om den norske innovasjonsmåten i boka *Innovasjon – organisasjon, region, politikk*. A Birgit Abelsen, Are Isaksen og Stig-Erik Jakobsen (red.) s. 343 – 345. Cappelen Damm Akademisk

#### **4. Kva gjer kommunen for å fremme entreprenørskap?**

Samarbeid med SIVA og Innovasjon Norge, eventuelt satsingsområde, anten i skulane eller på anna område. Henga saman med ulike teoriar:

Entreprenøren kan vere ein sentral rolle i regionsutviklinga og innovasjonsprosessen, som på eigenhand eller i samarbeid med andre set i gong noko nytt: Fagerberg, Jan. 2009. Innovasjonspolitiske virkemidler. En utredning for kunnskapsdugnaden. Oslo. S. 13-14.

Entreprenøren er den som ser moglegheitene for innovativ utvikling, og som set ideane ut i livet: Teigen, 2007. Innovativ forvaltning. Avgrensingar og omgrepsbruk i *En innovativ forvaltning?* Av Rolf Rønning og Håvard Teigen (red.). Fagbokforlaget. S. 28 – 29.

Det med satsing av entreprenørskap i skulane: Karlsen, Eivind 2003. Lokal næringsutvikling og entreprenørskap i skolen i boka *Utviklingskommunen*. S. 53 – 70. Kommuneforlaget 2003.

#### **5. Korleis oppfattar du innsats innanfor utviklingsarbeid? (Spreiing av informasjon, møter mellom ulike utviklingsaktørar).**

##### **5.1.Har kommunen næringsfond (kraftfond)?**

##### **5.2. Om ja: Kven er fondsstyre?**

##### **5.3. Kor mange årsverk blir brukt på næringsutvikling? Er det heile stillingar?**

**Eller prioriterer rådmann og ordførar dette med delar av si stilling?**

Regioner utviklar seg ut ifrå kva slags ressursar dei har tilgjengelege. Kan også slåast saman med spørsmål nr. 2.

Normann mfl. 2013. Regional samhandling for innovasjon i boka *Innovasjon – organisasjon, region, politikk*. Av Birgit Abelsen, Arne Isaksen og Stig-Erik Jakobsen (red.) s. 273 – 276. Cappelen Damm Akademisk

#### **6. Korleis organiserer kommunen seg i utviklingsarbeidet?**

##### **6.1.Har kommunen eigen næringsetat (m nærings sjef)?**

##### **6.2.Er landbruk og andre næringar organisert saman eller er det eige landbrukskontor (eventuelt saman med andre kommunar)?**

##### **6.3.I Stab hos rådmannen?**

##### **6.4.Eller anna?**

Det er 3 ulike fasar i aukande institusjonalisering for lokal næringsutvikling. Kor er kommunen i forhold til dette?

Oddbjørn Bukve, 1995. Frå politisk entreprenørskap til kommunal næringspolitikk i boka *Langtidsliner i distriktspolitikk og tiltaksarbeid*. Av Håvard Teigen, Ragnar Nordgreen og Olav Spilling (red.). Vett og Viten 1995. S. 85 – 94. (med særlig vekt på s 93).

**7. Kva vil du sei det bærer mest preg av i denne kommunen? Enkeltnæringar eller næringsnøytralitet?**

Frå blant anna Teigen, 1995. Om kommunane satsar på enkelte næringar eller om det er næringsnøytralitet. Langtidsliner i norsk distriktspolitikk og tiltaksarbeid i boka *Langtidsliner i distriktspolitikk og tiltaksarbeid*. 1995. Vett og viten

Kva kan kommunanes roller vera?

**8. Kva vil du sei er den viktigaste rolla til kommunen?**

Frå boka til Bukve 2012. Lokal og regional styring. Eit institusjonelt perspektiv. 4 ulike roller kommunen kan ha. Samlaget.

**9. Kva er kommunens viktigaste rolle i forhold til næringsutvikling?**

**9.1.Korleis aktiverer kommunen seg for å fremme næringsutvikling?**

- 9.1.1. Satsing på eigne ressursar?
- 9.1.2. Tiltrekke seg bedrifter frå andre?
- 9.1.3. Tilrettelegging (næringsareal etc)
- 9.1.4. Kopling (mellom bedrift og Innovasjon Norge for eksempel )
- 9.1.5. Har kommunen eigne selskap i form av A/S? (Som utviklingsselskap, kommunalt energiverk etc.?)

Teigen og Lien, 2012. Kommunanes satsing på reiseliv som utviklingsnæring i boka *Innovasjon og næringsutvikling i ein reiselivskontekst* av Rønning og Slåtten (red.). Fagbokforlaget.

**10. Korleis ser kommunen på sin eigen innsats omkring næringsutviklingsarbeidet?**

**Kan det forbetrast? Og korleis?**

Same teoriar som dei ovanfor

**11. Kva motiv har kommunen for å planleggje og utvikle i kystsona?**

**11.1. Kva slags utfordringar og moglegheiter ser kommunen innanfor havbruksnæringa og bruk av kystareal?**

Sandersen, Håkan T. 2003. Kommunen som utviklingsaktør i kystsona – havbruksnæringa som potensial og problem i boka *Utviklingskommunen*. S. 142 – 156. Kommuneforlaget.

**12. Synest du at entreprenørskap burde bli eit satsingsområde i skulane for at kommunen skal styrke den lokale utviklinga?**

Karlsen, Eivind 2003. Lokal næringsutvikling og entreprenørskap i skolen i boka *Utviklingskommunen*. Kommuneforlaget

**13. Er kommunen med i eit interkommunalt nærings samarbeid? Korleis organiserast dette?**

Dette er ein mogleg utviklingsretning for kommunen, der man effektiviserer gjennom interkommunalt samarbeid eller selskapsorganisering, s. 251

Bukve, Oddbjørn 2012. Lokal og regional styring. Eit institusjonelt perspektiv. Samlaget.

**14. Innan lokal utvikling finnes det ei minimalistisk utviklarrolle og ei offensiv utviklarrolle? Den minimalistiske har knapt noko utviklingsperspektiv og rettar seg mot å sikre gjennomføring av lovpålagte oppgåver, mens den offensive rolla inneber at kommunen prøver å utvikle heilskapelege strategiar, ut ifrå dei moglegheitene og utfordringane som kommunen sjølv oppleve og definerer. Kor ligger kommunen i forhold til desse rollane?**

Utviklarrolla blir utforma ulikt i kommunar, og det er ein variasjonsbredde i små kommunar som er meir offensivt orienterte i utviklingsarbeidet. S. 303.

Magnussen, Tone & Pettersen, Liv Toril Pettersen 2003. *Utviklingskommunen – eit spørsmål om storleik?* I boka *Utviklingskommunen*. Samlaget



Korleis kan samarbeidet utviklast?

**15. Korleis er samarbeidet omkring næringsutvikling med dei andre kommunane i regionen? Utfordringar og styrker.**

**16. Korleis blir samarbeidet organisert?**

**16.1. Er det satt opp ein formell organisering av samarbeidet?**

**16.2. Finnes det nokre planar om samanslåing med andre nabokommunar?**

**16.3. Om ja, hvilke?**

**17. Korleis har samarbeidet påverka næringsutviklinga i denne kommunen?**

Desse 4 spm. Er ifrå kapittel 9 i boka *Utviklingskommunen*. Asbjørn Karlsen og Bjarne Lindeløv, 2003. Når kommunen blir for liten – regional organisering og næringsutvikling.

I utgangspunkt om at det her dreier seg om små kommunar som gjerne har behov for samarbeid. Snakk om interkommunalt samarbeid og kommunegrenser som barriere? Meir teori om dette frå Bukve.

**18. Kva slags næringsområder konsentrerer samarbeidet seg om?**

Kor er det størst behov for utvikling gjennom samarbeid? Kompetanse utanfrå (Teori frå Bukve)


Primær, sekundær, eller tertiærnæring og vidare underkategoriar.

Teigen, Håvard 1999. Kap 5: Regional dymanikk: utjamning eller polarisering i boka *Regional økonomi og politikk*. S. 166 – 176. Universitetsforlaget Oslo


**Vedlegg 2: Tabellar og diagram til kapittelet om Regionen Nordhordland: Presentasjon av regionen.**

## 1. Folkemengde og nettoinnflytting

Tabell 1.1: Folkemengd og nettoinnflytting Lindås og Austrheim




Tabell 1.2: Folkemengd og nettoinnflytting i Meland



Kilde: Statistisk sentralbyrå


Tabell 1.3: Folkemengd og nettoinnflytting i Radøy

Folkemengde 1. januar og endringer i kalenderåret,  
etter statistikkvariabel og tid.  
Radøy.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


Tabell 1.4: Folkemengd og nettoinnflytting i Masfjorden og Gulen



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 1.5: Folkemengd og nettoinnflytting i Nordhordland


Folkemengde 1. januar og endringer i kalenderåret, etter statistikkvariabel og region og tid.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

## 2. Sysselsetting og Arbeidslaushet


Tabell 2.1: Sysselsette Lindås




Tabell 2.2: Arbeidslause Lindås




Tabell 2.3: Sysselsette Austrheim




Tabell 2.4: Arbeidslause Austrheim




Tabell 2.5: Sysselsette Meland




Tabell 2.6: Arbeidslause Meland




Tabell 2.7: Sysselsatte Radøy



Tabell 2.8: Arbeidslause Radøy




Tabell 2.9: Sysselsette Masfjorden




Tabell 2.10: Arbeidslause Masfjorden







Tabell 2.11: Sysselsatte Gulen




Tabell 2.12: Arbeidslause Gulen



Tabell 2.13: Sysselsatte Nordhordland



Tabell 2.14: Arbeidslause Nordhordland



### 3. Pendlingstraumar i Nordhordlandsregionen

Tabell 3.1: Pendlingstraumar inn til Lindås kommune

bostedskommune	arbeidsstedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Lindås	Lindås	2012	4105
Bergen	Lindås	2012	781
Meland	Lindås	2012	674
Radøy	Lindås	2012	460
Austrheim	Lindås	2012	390
Masfjorden	Lindås	2012	69
Osterøy	Lindås	2012	68
Gulen	Lindås	2012	34
Askøy	Lindås	2012	21
Fjell	Lindås	2012	14
Os (Hord.)	Lindås	2012	13
Vaksdal	Lindås	2012	11
Fedje	Lindås	2012	10

(henta i frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

Tabell 3.2: Pendlingstraumar ut av Lindås kommune

arbeidsstedskommune	tid	statistikkvariabel	Lindås ↓
Lindås	2012	Sysselsatte personer	4105
Bergen	2012	Sysselsatte personer	1832
Meland	2012	Sysselsatte personer	331
Austrheim	2012	Sysselsatte personer	252
Sokkelen sør for 62° N	2012	Sysselsatte personer	249
Radøy	2012	Sysselsatte personer	151
Oslo kommune	2012	Sysselsatte personer	138
Fjell	2012	Sysselsatte personer	71
Stavanger	2012	Sysselsatte personer	57
Sola	2012	Sysselsatte personer	47
Osterøy	2012	Sysselsatte personer	32
Masfjorden	2012	Sysselsatte personer	29
Askøy	2012	Sysselsatte personer	18
Sund	2012	Sysselsatte personer	17
Kvam	2012	Sysselsatte personer	13
Trondheim	2012	Sysselsatte personer	12
Bærum	2012	Sysselsatte personer	11
Time	2012	Sysselsatte personer	10
Gulen	2012	Sysselsatte personer	10

(henta i frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

Tabell 3.3: Pendlingstraumar inn til Austrheim kommune

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Austrheim	Austrheim	2012	648
Austrheim	Lindås	2012	252
Austrheim	Radøy	2012	105
Austrheim	Bergen	2012	66
Austrheim	Meland	2012	29
Austrheim	Gulen	2012	15
Austrheim	Masfjorden	2012	11

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

Tabell 3.4: Pendlingstraumar ut frå Austrheim kommune

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Austrheim	Austrheim	2012	648
Lindås	Austrheim	2012	390
Bergen	Austrheim	2012	190
Sokkelen sør for 62° N	Austrheim	2012	69
Radøy	Austrheim	2012	35
Stavanger	Austrheim	2012	34
Oslo kommune	Austrheim	2012	16
Sola	Austrheim	2012	15

(henta frå [www.sb.no](http://www.sb.no)).

Tabell 3.5: Pendlingstraumar inn til Meland kommune

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Meland	Meland	2012	1285
Meland	Bergen	2012	381
Meland	Lindås	2012	331
Meland	Radøy	2012	71
Meland	Masfjorden	2012	14
Meland	Osterøy	2012	14

Tabell 3.6: Pendlingstraumar ut av Meland kommune

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Bergen	Meland	2012	1386
Meland	Meland	2012	1285
Lindås	Meland	2012	674
Sokkelen sør for 62° N	Meland	2012	92
Oslo kommune	Meland	2012	71
Fjell	Meland	2012	38
Radøy	Meland	2012	36
Austrheim	Meland	2012	29
Osterøy	Meland	2012	16
Stavanger	Meland	2012	16
Askøy	Meland	2012	14
Sola	Meland	2012	12

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

Tabell 3.7: Pendlingstraumar inn til Radøy kommune

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Radøy	Radøy	2012	1219
Radøy	Lindås	2012	151
Radøy	Bergen	2012	95
Radøy	Meland	2012	36
Radøy	Austrheim	2012	35

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

Tabell 3.8: Pendlingstraumar ut frå Radøy

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Radøy	Radøy	2012	1219
Lindås	Radøy	2012	460
Bergen	Radøy	2012	444
Austrheim	Radøy	2012	105
Meland	Radøy	2012	71
Sokkelen sør for 62° N	Radøy	2012	62
Oslo kommune	Radøy	2012	48
Fjell	Radøy	2012	17
Sola	Radøy	2012	17
Kvam	Radøy	2012	16
Stavanger	Radøy	2012	12
Osterøy	Radøy	2012	10

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

**Tabell 3.9: Pendlingstraumar inn til Gulen kommune**

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Gulen	Gulen	2012	897
Gulen	Masfjorden	2012	145
Gulen	Bergen	2012	77
Gulen	Høyanger	2012	16
Gulen	Oslo kommune	2012	12
Gulen	Lindås	2012	10

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

**Tabell 3.10: Pendlingstraumar ut frå Gulen**

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Gulen	Gulen	2012	897
Bergen	Gulen	2012	79
Masfjorden	Gulen	2012	48
Lindås	Gulen	2012	34
Sokkelen sør for 62° N	Gulen	2012	27
Austrheim	Gulen	2012	15
Førde	Gulen	2012	15
Høyanger	Gulen	2012	15
Askvoll	Gulen	2012	14
Oslo kommune	Gulen	2012	12
Sogndal	Gulen	2012	10

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

**Tabell 3.11: Pendlingstraumar inn til Masfjorden kommune**

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Masfjorden	Masfjorden	2012	461
Masfjorden	Gulen	2012	48
Masfjorden	Lindås	2012	29
Masfjorden	Bergen	2012	17

(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).


**Tabell 3.12: Pendlingstraumar ut frå Masfjorden**

arbeidsstedskommune	bostedskommune	tid	Sysselsatte personer ↓
Masfjorden	Masfjorden	2012	461
Gulen	Masfjorden	2012	145
Bergen	Masfjorden	2012	72
Lindås	Masfjorden	2012	69
Sokkelen sør for 62° N	Masfjorden	2012	23
Oslo kommune	Masfjorden	2012	15
Meland	Masfjorden	2012	14
Austrheim	Masfjorden	2012	11
Askvoll	Masfjorden	2012	10


(henta frå [www.ssb.no](http://www.ssb.no)).

## 4. Utdanningsnivået i Nordhordland.


Tabell 4.1: Utdanningsnivå i Lindås og Austrheim



Tabell 4.2: Utdanningsnivå i Meland




Tabell 4.3: Utdanningsnivå på Radøy



Tabell 4.4: Utdanningsnivå i Masfjorden og Gulen



Personer 16 år og over,  
etter region og nivå og tid.  
Personer 16 år og over.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

## 5. Næringsstruktur

Tabell 5.1: Næringsstruktur i Lindås og Austrheim

### Næringsstruktur i Lindås og Austrheim

	Lindås	Austrheim	Landet	Lindås	Austrheim	Landet	Kvinneandel
SN01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	165	27	65452	2 %	2 %	3 %	22 %
SN05-09 Bergverksdrift og utvinning	65	0	61991	1 %	0 %	2 %	20 %
SN10-33 Industri	1461	177	229192	21 %	15 %	9 %	24 %
SN35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	214	0	28880	3 %	0 %	1 %	20 %
SN41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	421	210	201904	6 %	18 %	8 %	8 %
SN45-47 Varehandel, motorvognreparasjoner	847	93	363854	12 %	8 %	14 %	48 %
SN49-53 Transport og lagring	579	140	142406	8 %	12 %	6 %	21 %
SN55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	122	11	83337	2 %	1 %	3 %	59 %
SN58-63 Informasjon og kommunikasjon	51	0	89849	1 %	0 %	3 %	30 %
SN64-66 Finansiering og forsikring	38	7	48790	1 %	1 %	2 %	49 %
SN68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	249	19	159069	4 %	2 %	6 %	39 %
SN77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	191	30	133515	3 %	3 %	5 %	43 %
SN84 Offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring	265	48	158032	4 %	4 %	6 %	48 %
SN85 Undervisning	642	137	203142	9 %	11 %	8 %	66 %
SN86-88 Helse- og sosialtjenester	1302	237	510773	19 %	20 %	20 %	82 %
SN90-99 Personlig tjenesteyting	185	50	95009	3 %	4 %	4 %	58 %
SN00 Uoppgitt	27	7	13805	0 %	1 %	1 %	47 %
<b>Sum næringer</b>	<b>6824</b>	<b>1193</b>	<b>2589000</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>47 %</b>


Tabell 5.2: Næringsstruktur i Meland, Radøy, Masfjorden og Gulen

## Næringsstruktur (verksemd innen kvar næring) i Meland, Radøy, Gulen og Masfjorden


	Meland	Radøy	Gulen	Masfjorden
SN01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	65	159	141	79
SN05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	0	3	1
SN10-33 Industri	21	27	9	11
SN35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	1	2	15	3
SN41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	97	79	41	22
SN45-47 Varehandel, motorvognreparasjoner	46	39	22	19
SN49-53 Transport og lagring	20	29	28	14
SN55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	0	4	12	5
SN58-63 Informasjon og kommunikasjon	15	6	5	1
SN64-66 Finansiering og forsikring	2	1	2	0
SN68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	72	62	30	17
SN77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	10	19	11	7
SN84 Offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring	6	10	6	7
SN85 Undervisning	19	15	8	7
SN86-88 Helse- og sosialtjenester	49	42	31	18
SN90-99 Personlig tjenesteyting	17	13	7	5
SN00 Uoppgitt	3	2	1	0
<b>Sum næringer:</b>	<b>443</b>	<b>509</b>	<b>372</b>	<b>216</b>

## 6. Ny-etableringsnivå

Tabell 6.1: Ny-etablerte føretak i Lindås og Austrheim




Tabell 6.2: Ny-etablerte føretak i Meland



Kilde: Statistisk sentralbyrå


Tabell 6.3: Ny-etablerte føretak på Radøy



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tabell 6.3: Ny-etablerte føretak i Masfjorden og Gulen

Nyetablerte foretak,  
etter region og overlevelse og tid.  
Foretak, 1 år.



Kilde: Statistisk sentralbyrå